Venta renteutvikling har endra seg frå gjeldande økonomiplan for 2021 – 2024, og gjev isolert sett noko høgare renteutgifter enn lagt til grunn i økonomiplan for åra 2021 – 2024.

Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:

2022 – 1,00 pst

2023 – 1,72 pst

2024 – 1,89 pst

2025 – 1,89 pst

Avdrag på lån som kommunen har i dag er fastsett ut frå avtalt nedbetalingsplan, og avdrag på nye lån er berekna ut frå ei nedbetalingstid på 15 år.

Drift i budsjett og økonomiplan

Informasjon på det enkelte tenesteområdet

Den enkelte eining/avdeling har på sine sider gjeve informasjon om tenesteområda, og kva utvikling ein ser at desse bør ha i økonomiplan perioden. Vidare er det sagt noko om kva utfordringar og tiltak som gjeld for budsjettåret 2022.

Tenesteområdet sitt handlingsprogram for å realisere kommuneplana sin samfunnsdel er vist, og desse er, i den grad det har vore mogeleg, knytt opp mot FN sine berekraftmåls og har fastsette indikatorar. Det er og informert om kva strategi ein har for å nå det enkelte delmål (slik gjer vi det) under hovudmåla (slik vil vi ha det) i samfunnsdelen.

Detaljer i fastsett driftsramme går fram på det enkelte tenesteområde.

Kommunen si samla drift

I KS-sak 38/21 den 17.06.2021 – Rammesak – budsjett 2022 vart det fatta slik vedtak kring drift i budsjett 2022:

- Prognosar ut frå opplysningane i Kommuneproposisjonen for 2022 viser at Aukra kommune vil få ein beskjeden auke i sine frie disponibele inntekter, i forhold til det som er lagt inn i økonomiplan for 2022. Fordeling til drift blir derfor halde uendra, på kr. 313,9 mill., med unntak av statleg initierte oppgåve-endringar og tilhøyrande finansiering av denne.
- Tilpassa driftsnivå i forhold til vil demografisk utvikling og oppfølging av planer/politiske vedtak må løysast gjennom omfordeling mellom budsjettområda.
- Økonomiplana sitt investeringsbudsjett blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2021 blir innarbeidde og tekne omsyn til.

Som ein del av fordeling til drift med kr. 313,9 mill. ligg område 89 «sentralt ansvar» med ei utgiftsføring på kr. 2,8 mill. På dette ansvaret blir mellom anna pensjonspremie og lønsbuffer budsjettert. Ser ein vekk frå dette området var det på dei andre driftsområda (10.1 – 62) ei fordeling til drift på kr. 311,1 mill.

Endringane i kommune sine frie disponibele inntekter er gjort greie for under kapitelet «Frie disponibele inntekter for Aukra kommune»

Fordeling av frie midlar til driftsramme 10.1 til og med 89.

Ut frå vedtak i rammesak, utanom driftsområdet sentrale ansvar» skulle ein ha ei fordeling til drift på kr. 311,1 mill. I framlagt budsjett for 2022 foreslår Kommunedirektøren at det blir fordelt kr. 331,3 mill. Auka på 20,2 mill. skriv seg både frå budsjettendringar i 2021 og innmeldte tiltak i 2022 slik:

Tal oppgitt i heile tusen

Økonomiplan for 2022-2025

Tenesteområde	Tiltak	Øk.pla n 2022	Øk.pla n 2023	Øk.pla n 2024	Øk.pla n 2025	Endringstype
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavd	Sentralt lønsoppgjør 2020	13	13	13	13	Bud.end 2021
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavd	Sentralt lønsoppgjør 2021	36	36	36	36	Bud.end 2021
Økonomiavdeling	Sentralt lønsoppgjør 2020	13	13	13	13	Bud.end 2021
Økonomiavdeling	Sentralt lønsoppgjør 2021	37	37	37	37	Bud.end 2021
Organisasjon og personalavdeling	Sentralt lønsoppgjør 2020	6	6	6	6	Bud.end 2021
Organisasjon og personalavdeling	Sentralt lønsoppgjør 2021	1	1	1	1	Bud.end 2021
Pedagogisk rådgjevar	Sentralt lønsoppgjør 2020	2	2	2	2	Bud.end 2021
Gossen barne og ungdomsskole	Sentralt lønsoppgjør 2020	107	107	107	107	Bud.end 2021
Gossen barne og ungdomsskole	Sentralt lønsoppgjør 2021	257	257	257	257	Bud.end 2021
Julsundet skole	Sentralt lønsoppgjør 2020	86	86	86	86	Bud.end 2021
Julsundet skole	Sentralt lønsoppgjør 2021	204	204	204	204	Bud.end 2021
Barnebo barnehage	Auka grunnbemanning. Vilkår stilt ved vedtak dispensasjonar	262	0	0	0	Bud.end 2021
Barnebo barnehage	Sentralt lønsoppgjør 2020	62	62	62	62	Bud.end 2021
Barnebo barnehage	Sentralt lønsoppgjør 2021	250	250	250	250	Bud.end 2021
Barnebo barnehage	Styrka tilbod førskolebarn - auka tenestenivå	540	0	0	0	Bud.end 2021
Bergetippen barnehage	Sentralt lønsoppgjør 2020	40	40	40	40	Bud.end 2021

Økonomiplan for 2022-2025

Bergetippen barnehage	Sentralt lønsoppgjær 2021	162	162	162	162	Bud.end 2021
Bergetippen barnehage	Styrka tilbod førskolebarn - auka tenestenivå	484	484	484	484	Bud.end 2021
Innvandring og integrering	Sentralt lønsoppgjær 2020	27	27	27	27	Bud.end 2021
Innvandring og integrering	Sentralt lønsoppgjær 2021	107	107	107	107	Bud.end 2021
Kultur og fritid	Sentralt lønsoppgjær 2020	28	28	28	28	Bud.end 2021
Kultur og fritid	Sentralt lønsoppgjær 2021	121	121	121	121	Bud.end 2021
Institusjon og butenester	Sentralt lønsoppgjær 2020	164	164	164	164	Bud.end 2021
Institusjon og butenester	Sentralt lønsoppgjær 2021	964	964	964	964	Bud.end 2021
Tenester til heimebuande	Ny stilling "Kreftkoordinator"	789	789	789	789	Bud.end 2021
Tenester til heimebuande	Sentralt lønsoppgjær 2020	69	69	69	69	Bud.end 2021
Tenester til heimebuande	Sentralt lønsoppgjær 2021	316	316	316	316	Bud.end 2021
Helse	Auka kostnadar til interkommunal legevaktordning og Covid 19	500	500	500	500	Bud.end 2021
Helse	Sentralt lønsoppgjær 2020	39	39	39	39	Bud.end 2021
Helse	Sentralt lønsoppgjær 2021	157	157	157	157	Bud.end 2021
Nav	Sentralt lønsoppgjær 2020	4	4	4	4	Bud.end 2021
Nav	Sentralt lønsoppgjær 2021	28	28	28	28	Bud.end 2021
Tekniske tenester	Driftstilskudd NORBR IKS	676	676	676	676	Bud.end 2021

Økonomiplan for 2022-2025

Tekniske tenester	Ekstra beredskapsordning NORBR IKS	594	594	594	594	Bud.end 2021
Tekniske tenester	Sentralt lønsoppgjør 2020	58	58	58	58	Bud.end 2021
Tekniske tenester	Sentralt lønsoppgjør 2021	273	273	273	273	Bud.end 2021
Sentrale Ansvar	Sentralt lønsoppgjør 2020-21	-3 629	-3 629	-3 629	-3 629	Bud.end 2021
	Sum budsjettendringer inneværende år	3 845	3 043	3 043	3 043	
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavd	Auke i kontingen ROR IKT	0	400	300	300	Nytt tiltak
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavd	Avlevering og rydding av kommunen sitt arkiv	250	250	250	250	Nytt tiltak
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavd	Reduksjon i driftstilskot til ROR IKT	-1 016	0	0	0	Innsparingstiltak
Økonomiavdeling	Akkumulert auke i kontingen til ROR innkjøp	150	150	150	150	Nytt tiltak
Økonomiavdeling	Framsikt lisens	175	175	175	175	Nytt tiltak
Økonomiavdeling	Juridisk bistand eigedomskattekontoret	2 000	2 000	0	0	Nytt tiltak
Barnevern	Endring i finansiering av barnevernstiltak	1 710	1 710	1 710	1 710	Nytt tiltak
Pedagogisk rådgjevar	Reduksjon av kjøp frå kommunar	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200	Innsparingstiltak
Pedagogisk rådgjevar	Økte transportkostnader	250	250	250	250	Nytt tiltak
Gossen barne og ungdomsskole	Lærar i teiknspråk, 50% engasjement	391	196	0	0	Nytt tiltak
Julsundet skole	Lærarstillingar	2 300	1 200	0	0	Nytt tiltak

Økonomiplan for 2022-2025

Bergetippen barnehage	Styrka tilbod til førskolebarn	556	556	556	556	Nytt tiltak
Kultur og fritid	Badevertar 1,7% stilling - Aukra kulturhus og basseng	430	1 037	1 037	1 037	Nytt tiltak
Kultur og fritid	Opningsarrangement Aukra kulturhus og basseng	200	0	0	0	Nytt tiltak
Kultur og fritid	Teknikar 50% stilling - Aukra kulturhus og basseng	298	397	397	397	Nytt tiltak
Kultur og fritid	Årleg avsetjing til fondet "Tilskot til frivillige lag og organisasjonar"	300	300	300	300	Nytt tiltak
Institusjon og butenester	Auke vedtak tiltak funksjonshemma	1 261	1 261	1 261	1 261	Nytt tiltak
Institusjon og butenester	Implementering Helseplattformen	164	588	0	0	Nytt tiltak
Institusjon og butenester	Lisens Helseplattformen - auke i kostnadar	0	58	88	88	Nytt tiltak
Tenester til heimebuande	Implementeringskostnad Helseplattformen	82	294	0	0	Nytt tiltak
Tenester til heimebuande	Lisens Helseplattformen - auke i kostnadar	0	58	89	89	Nytt tiltak
Tenester til heimebuande	Ny stillingar sjukepleiar	1 598	1 598	1 598	1 598	Nytt tiltak
Tenester til heimebuande	Nyopprette stilling som miljøterapeut innen Psykisk helse og rus.	20	130	250	580	Nytt tiltak
Helse	Behandlingsutstyr fysio- og ergoterapi	270	20	20	20	Nytt tiltak
Helse	Implementeringskostnad Helseplattformen	164	588	0	0	Nytt tiltak
Helse	Lisensar Helseplattformen - auke i kostnadar	0	116	176	76	Nytt tiltak

Økonomiplan for 2022-2025

Helse	Ustyr legesenteret	265	0	0	0	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Aukrahallen - utgreiing	100	0	0	0	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Bortfall av husleige fra fylkestannlegen	140	140	140	140	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Kommunal andel til forvaltning av Aukraskogen	200	200	200	200	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Kryssløsing Hollingen	700	0	0	0	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Planlegging av kryssløsing Julsundet	0	-15 000	15 000	0	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Straumutgifter - reversering av innsparingstiltak	1 000	500	0	0	Nytt tiltak
Tekniske tenester	Tiltak fylkesveg Falkhytten	2 500	0	0	0	Nytt tiltak
Kjerringsundet	Finansiering av byggherrekostnader hos M & R fylkeskommune	10 000	0	0	0	Nytt tiltak
Sentrale Ansvar	Justering etter ny berekning av lønsbuffer	1 619	2 913	4 253	11 067	Nytt tiltak
Sum nye tiltak		26 877	885	27 000	19 144	
Totalt		30 722	3 928	30 043	22 187	

Beskriving nye tiltak og innsparingstiltak

Auke i kontingen ROR IKT

Årleg vedteke auke i kontingen ROR IKT, jf. vedtak i styret i ROR IKT sak 26/21.

Avlevering og rydding av kommunen sitt arkiv

Rydding og avlevering av arkiv til IKA Møre og Romsdal IKSÅ ha eit arkiv som er korrekt er ei lovpålagt oppgåve og er regulert i arkivlova. I 2015 køyrte vi eit liknande tiltak der kommunen inngjekk ei avtale med IKA Møre og Romdal IKS om rydding, avlevering og oppbevaring av saksarkivet fram til eit gitt årstal. No har kommunen fått eit tilbod om at IKA (interkommunalt arkiv) kan ta på seg arbeidet med å rydde resterande arkiv som er oppbevart i kjellaren på kommunehuset og hos PLO, Helse, NAV og Gossen barne- og ungdomsskole. Dette skjer over ei perioden på 4 år. Serviceavdelinga har ikkje kapasitet til å ta seg av ryddinga sjølv då det er snakk om mange meter med arkiv. I tillegg har vi eit pålegg frå eit brannsyn om å klargjere kjellaren for oppbevaring av arkiv. Det betyr at arkivet i kjellaren

Økonomiplan for 2022-2025

ikkje står i eit godkjent rom som oppfyller krava for arkivering etter arkivlova. Tilsynet krev derfor at kjellaren vert tilpassa etter krava i arkivlova. Dersom arkivet kan flyttast ut av kommunehuset og til IKA, er det ikkje lenger behov å ev. byggje om kjellaren til godkjent arkiv. Aukra kommune har ikkje motteke eit bindande tilbod og beløpet i førebels tilbod er eit estimat.

Reduksjon i driftstilskot til ROR IKT

Førebels reduksjon i driftstilskot til ROR IKT. Driftstilskotet vil likevel auke frå 2023 og vidare i økonomiplanperioden. Vedtak om kontingen blei gjort i styremøte i ROR IKT den 13. oktober 2021, i sak PS-26/21.

Akkumulert auke i kontingen til ROR innkjøp

Avdelinga fekk ei styrking i si ramme med kr. 759.000,- ved etablering av ROR-innkjøp samarbeidet. Kontingenen inn i dette samarbeidet har årleg auka og er no på eit nivå som ikkje kan dekkast innanfor ramme. Auka i kontingen frå opp-start og fram til 2022 er kr. 150.000,-.

Framsikt lisens

Området 10.1 har tidligare fått styrka si ramme for trykking av årsrapport med kr. 175.000,-. Utarbeiding av årsrapport blir no gjort i Framsikt. Lisens for Framsikt har so langt vore finansiert gjennom bruk av omstillingssfond. Ramme til å dekkje desse utgiftene bør kome på plass slik at dette ikkje på fast basis blir dekt av fondsbruken.

Juridisk bistand eigedomskattekontoret

Handsaming av klagesak krev ekstern juridisk bistand.

Endring i finansiering av barnevernstiltak

Innlemming av tidlegare øyremerka stillingar i rammetilskotet. Tiltaksmidlar inn i rammetilskot, basert på omfang av barneverns-tiltak rekneskapsåret 2020. Tiltak (eks. bruk av institusjonsplassar) må no betalast fullt ut av kommunen. Om behovet aukar vil dette kunne føre til behov for rammeauke.

Reduksjon av kjøp frå kommunar

Reduksjon av kjøp frå kommunar

Frå hausten 2021 er det kjøp av færre skoleplassar i andre kommunar.

Økte transportkostnader

Gossen barne- og ungdomsskole har frå hausten 2021 fleire heimkøyringar til ulike tidspunkt etter skoletid. Ekstra heimkøring, ut over kva fylkeskommunen ordinært dekkjer, kallast «midtskyss». Dette skuldast organisering av skoledagen.

Lærar i teiknspråk, 50% engasjement

Det er behov for 50% stilling til teiknspråkopplæring etter § 2.6 i Opplæringslova . PPT støttar seg på ekstern kompetanse frå Statped og tilrår tiltaket. Teiknspråkopplæringa skal ikkje erstatte norsk, men vere ei støtte og eit ekstra bein å stå på for elevane. Det skal då dekke opplæring i og på teiknspråk

Lærarstillingar

Tilpassa opplæring og spesialundervisning er lovpålagte oppgåver. I eininga ser vi at vi har for lite lærarar til elevane. Det gjer at spesped går ut når det er fråvær. Kommunerevisjonen påpekte og dette. Sum for behov er 2,3 millionar.

Styrka tilbod til førskolebarn

Saksgang knytta til denne situasjonen er i prosess. Dokumentasjon og sakkyndig uttale kjem til Aukra kommune innan kort tid. Tiltaket startar i januar 2022 og vil med all sannsynlighet vare i fleire år i

barnehagen og seinare i skolen.

Badevertar 1,7% stilling - Aukra kulturhus og basseng

Det vert referert til driftsplan for Aukra kulturhus og basseng der det utifrå ønska opningstid, samt at det skal vere to tilsette på vakt vil vere behov for ei auke med 1,7 stillingar. I dag har vi ein tilsett i 37% stilling. Årsverknad kr. 1.037.000,-. For 2022; tilsetjing 1. august = 5/12 av årsløn.

Opningsarrangement Aukra kulturhus og basseng

Oppningsarrangement for kulturhuset kan ikkje finansierast over investeringsprosjektet. Derfor blir dette fremma som eige tiltak. Arrangementskomiteen er oppretta i oktober for å kunne planlegge i god tid og gjere eventuelle avtalar med eksterne (artistar, innleige, osv.). Eit arrangement som alle innbyggjarane blir invitert til å delta på vil måtte ha ei ramme på kr. 200.000,-.

Teknikar 50% stilling - Aukra kulturhus og basseng

Dei scenetekniske installasjonane i det nye kulturhuset vil vere av eit heilt anna omfang enn det vi har vore vane med. Dette er avansert utstyr som krev spesialkompetanse. Det vil krevje at oppgåver som betjening og tilrettelegging, tilsyn og vedlikehald vil vere knytt til ei stilling. Denne ressursen har ikkje eininga i dag. Ressursen er berekna ut i frå ei 50% stilling.

Årleg avsetjing til fondet "Tilskot til frivillige lag og organisasjoner"

Tilskotsordninga har to årlege søknadsfristar.

Auke vedtak tiltak funksjonshemma

Dette er auke i tildelte tenester for tiltak funksjonshemma, fatta som vedtak av og med Aukra kommune - lovpålagte tenester.

Implementering Helseplattformen

Helseplattforma vert sett i drift våren 2023. Kostnad til førebuing (opplæring, implementering) er planlagt frå 2022. Driftsramme for Institusjon og butenester tek 40% av implementeringskostnaden.

Lisens Helseplattformen - auke i kostnadar

Auke i lisenskostnadar ved å ta i bruk Helseplattforma er stipulert til kr. 355 000 i heilårsverknad. Kostnaden er fordelt mellom driftsramme Institusjon og butenester, Tenester til heimebuande og Helse med hhv 25, 25 og 50%.

Implementeringskostnad Helseplattformen

Helseplattforma vert sett i drift våren 2023. Kostnad til førebuing (opplæring, implementering) er planlagt frå 2022. Driftsramme for Tenester til heimebuande tek 20% av implementeringskostnaden.

Lisens Helseplattformen - auke i kostnadar

Auke i lisenskostnadar ved å ta i bruk Helseplattforma er stipulert til kr. 355 000 i heilårsverknad. Kostnaden er fordelt mellom driftsramme Institusjon og butenester, Tenester til heimebuande og Helse med hhv 25, 25 og 50%.

Ny stillingar sjukepleiar

1 x 100 % stilling som sjukepleiar i turnus der 20 % av stillinga skal brukast til drift av helsestasjon for eldre med opning ein dag pr. veke. Behov for auke i ressurs som heimehjelp med 50 % stilling då det er auke i heimebuande som treng praktisk bistand. Auka behov hos brukar med Brukarstyrt personleg assistent ordning.

Nyoppretta stilling som miljøterapeut innen Psykisk helse og rus

Økonomiplan for 2022-2025

Tiltaket er delfinansiert over statsbudsjettet kapittel 765 post 62 med inntil kr 660 000 for 2021. Det må søkjast kvart år om ny finansiering. Stillinga er delfinansiert med nedtrapping over 4 år. Tilskotet er meint å skulle dekkje utgifter til 1 (eitt) årsverk og blir gjeve for 1 (eitt) kalenderår. Tilskotet skal bidra til varig kapasitetsvekst i tenestene og er ikkje retta mot tidsavgrensa prosjekt.

Årleg kostnad for stillinga er berekna til kr 580 000 + kompetanseutviklingmidlar (kr 10 000).

Tilskot til kommunalt rusarbeid kan tildelast over fire år og tildelt beløp vert redusert med kr 110 000 kvart år for 100% stilling.

Behandlingsutstyr fysio- og ergoterapi

Utstyret i treningsalen på helseenteret er gammalt og slitt. Vi har dei siste åra hatt reparasjonar på noko av det eldste utstyret. No er tida inne for å skifte dette ut. For å kunne gi eit kvalitetsmessig godt tilbod til våre innbyggjarar, må dette gjerast no. I tillegg ønskjer vi å kome i gang med eigentrening for våre pasientar, og då må utstyret verer av betre kvalitet enn det det er i dag med tanke på sikkerheita til våre pasientar. Treningsalen på helseenteret er godt brukt, og i tillegg genererer dette leigeinntekter for kommunen ved at to fysiotapeutar med avtaleheimel med kommunen leier lokalet. Treningsalen vår er mykje i bruk og er eit godt tilbod til våre pasientar. Utstyret må vere kvalitativt godt og trygt, det betyr betydelige investeringar. Dette er det ikkje rom for på driftsbudsjettet. I tillegg til utstyr som skal byttast ut, må vi også oppgradere til tidsriktig utstyr som kjem alle pasientane i Aukra kommune til gode. Dersom det er ønskelig kan vi ta ei befaring i lokala. Estimert til kr. 220 000 eks mva. Ergoterapi har ikkje handlingsrom i dagens budsjett. Vi ynskjer difor å legge inn kr 20 000 til diverse utstyr, slik at det er mogleg for ergoterapeut å gjere enkle nyskaffingar til bruk i behandling av pasientar.

Implementeringskostnad Helseplattformen

Helseplattforma vert sett i drift våren 2023. Kostnad til førebuing (opplæring, implementering) er planlagt frå 2022. Driftsramme for Helse tek 40% av implementeringskostnaden.

Lisensar Helseplattformen - auke i kostnadar

Auke i lisenkostnadane ved å ta i bruk Helseplattforma er stipulert til kr. 355 000 i heilårsverknad. Kostnaden er fordelt mellom driftsramme for Institusjon og butenester, Tenester til heimebuande og Helse med hhv 25, 25 og 50%.

Utstyr legesenteret

Ein del av det medisinske utstyret er lite egna i høve dagens krav til sikker pasientbehandling og må skiftast ut. Nytt utstyr vil bidra til å sikre ei betre og meir riktig behandling av pasientane. I tillegg vert det ein ALIS lege ved Aukra legekontor i 2022, det fordrar meir utstyr enn vi har tilgjengelig i dag, og må på plass innan vedkomande startar arbeidet. Herregarderoben på legesenteret treng ein mindre oppjustering, mellom anna nye og låsbare garderobeskap. Det er ønskelig for eininga å kunne tilby enkle konsultasjonar til beboarane på fastlands Aukra, med base på Mevoldtunet. I høve tilbodet trengs det enkelt utstyr for å kunne tilby enkle tenester.

Aukrahallen - utgreiing

Gossen Idrettslag har søkt kommunen om eit tilskot på 49 millionar til prosjektet «Aukrahallen 2023». Det vert foreslått å sette av midlar til vurdering av søknaden og konsekvensar av denne.

Bortfall av husleige fra fylkestannlegen

Fylkestannlegen har sagt opp leigeavtalen med kommunen far 1.1.22

Kommunal andel til forvaltning av Aukraskogen

Aukra kommune har ei vedtatt forvaltningsplan for Aukraskogen. For å starte opp arbeid i tråd med

denne plana, foreslår det eit løyve til oppstart. Det finst tilskotsmidlar som kan delfinansierer dette arbeidet. Tiltaket ligg inne i klima og miljøplana.

Kryssløysing Hollingen

Aukra kommune har saman med vegeigar Møre og Romsdal fylke arbeidd med ulike løysingar for å sikre myke trafikantar i dette krysset. Dei er no iferd med å planlegge ei løysing med eit overgangsfelt og litt omlegging av gang og sykkelsti inn mot krysset. Vi er no i ferd med å vurdere detaljar kring ei forbikøyringslomme på nordsida, ned mot krysset. Løysinga er ikkje detalj-kalkulert slik at foreslått løyve er noko usikkert.

Planlegging av kryssløysing Julsundet

Det var gjort eit arbeid med utgreiing av kryssløysing på fylkesvegen ved Fanghol skole under arbeidet med kommuneplanen sin arealdel i 2015. Formålet var å legge til rette for på-/avkjørsler for eksisterande og planlagde bustadfelt i området, og å sikre trafikken til/frå skole og barnehage. Det vart i 2015 skissert to alternative løysingar og laga grove estimat over kostnader ved dei ulike løysingane. Estimata var på 40-50 millionar (2015) og det vart lagt inn fleire føresetnader for kostnader som ville kunne kome i tillegg.

Dette tiltaket har ligge inne med planleggingsmidlar i tidlegare budsjett og det har i omtale av tiltaket vore ein føresetnad om deling av kostnader mellom private utbyggingsaktørar, vegeigar og kommunen. Tiltaket har vore fremja for vegeigar gjentatte gonger, men midlar til løysing ligg ikkje inne i vegeigar sine planar. Deira heilt klare råd er at regulering av krysset bør skje i regi av private utbyggjarar av bustadelta, sidan det er desse framtidige private bustadelta som utløyser krav om regulering av krysset. På bakgrunn av dette er planleggingsmidlane på 1,5 mill i forrige økonomiplan tatt ut, men Aukra kommune vil sikre finansiering av sin del av prosjektet som er estimert til kr. 15 mill., gitt vegeigar og private aktørar si realisering av prosjektet.

Straumutgifter - reversering av innsparingstiltak

Strauminnsparingsa på 1 mill i straumutgifter i 2021 viser seg ikkje å vere reell. Innsparinga vart i økonomiplana 2021-2024 vidareført i 2022 med ein million og i 2023 med 0,5 mill. Innsparinga vert her foreslått reversert. Vi tek i bruk nye bygg oppvarma med jordvarme, og avviklar eldre energikrevjande bygg bode i 2022 og i 2023. Det er vanskeleg å lage prognose på korleis dette vil slå ut i og med at vi ikkje har erfaringstal frå drift av kulturhuset/bassenget.

Tiltak fylkesveg Falkhytten

Gjeld flytting av driftsprosjekt frå 2021 til 2022.

Finansiering av byggherrekostnader hos Møre og Romsdal fylkeskommune

I politisk sak i Formannskapet den 08.11.21 vart det informert om at Aukra kommune no har fått avtale om finansiering av byggherrekostnaden for Kjerringsundet til signering.

Gjennom avtalen forpliktar Aukra kommune å dekke fylkeskommunen sin utgifter til prosjektorganisasjon og det arbeidet dei set i verk. For 2022 er det berekna til kr. 10 mill. Per i dag har ein ikkje grunnlag for å fastsette byggherrekostnader etter 2022.

Justering etter ny berekning av løns-buffer

Deflatoren i statsbudsjettet har teke omsyn til ein lønsvekst på 3,2 prosent frå 2021 til 2022. Dette er lagt til grunn i berekning av lønsbuffer i 2022, medan det i åra etter er teke omsyn til 2,1 prosent. Dette er innarbeid i fastsett løns-buffer som likevel får ein reduksjon i 2022-2023 og berre ei lita auke i 2024 sidan økonomiplan 2021-2024 hadde med seg verknaden av berekna lønsoppgjer for 2020.

Aukra Næringsforum - berekraftig økonomi og ressurs

Aukra kommune mottok i oktober 2020 brev frå Aukra næringsforum der det vart sett fokus på ei større og breiare satsing for utvikling av arbeidsplassar og næringsliv i Aukra. Kommunedirektøren har ikkje funne rom for å utgreie spørsmål om finansiering som blir reist i denne saka, slik at dette kunne takast inn i kommunen sitt framlagt budsjett- og økonomiplan med handlingsdel for 2022-2025.

Kommunedirektøren vil derfor løfte ei eiga politisk sak om dette tidleg i 2022.

Kjerringsundet

Arbeidet med "Kjerringsundet" går no inn i ei planfase som vil vere avgjerande for å kunne ha optimal framdrift. Målet er å vere klar til byggjestart parallelt med E39 Ålesund-Molde (Møreaksen) i 2023. Det er da mykje som ska på plass i løpet av 2021-2022.

Det er no etablert ein eigen byggherre-organisasjon i Fylkeskommunen for Kjerringsundet. Mange av dei oppgåvene som hittil har vore løyst gjennom Kjerringsundet AS vil då naturleg falle inn under denne byggherre-organisasjonen sitt vidare arbeid.

Hausten 2021 har det blitt arbeidd med å oppdatere kostnadsanslaget for Kjerringsundet. Basert på det oppdaterte anslaget må kontantstraumanalysen oppdaterast.

Fylkestinget vil i løpet av desember 2021 behandle det såkalla B2- vedtaket, som er eit prinsippvedtak om realisering av Kjerringsundet. I løpet av våren 2022 skal grunnlaget for bompengeproposisjonen handsamast i kommunestyret og fylkestinget.

Det endelige og avgjerande vedtaket om realisering av Kjerringsundet er planlagt innan sommaren 2023. Til grunn for dette vedtaket må Aukra kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune inngå ein bindande avtale om finansiering. Denne må signerast innan sommaren 2022.

Ein avtale som inneber ei garantiordning vil krevje godkjenning frå Statsforvaltar og Kommunaldepartementet.

Finansiering

I rapport for kvalitetssikring (KS2) gjekk følgjande fram: «Fylkeskommunen vil stå som eier av veiforbindelsen mellom Gossen og Otrøya, og målet er at prosjektet ikke skal virke inn på den fylkeskommunale økonomien. Det relevante spørsmålet er om prosjektet vil være selvfinansierende.»

I same rapport er det opplyst at Kjerringsundet ikkje er på Møre og Romsdal fylkeskommune sin liste over prioriterte vegprosjekt, vegprosjektet kan likevel realiserast utanom rekkefølge for prioritering dersom prosjektet ikkje:

- Påverkar rekkefølge og framdrift for prioriterte prosjekt
- Verkar negativt inn på den fylkeskommunale økonomien – det vil seie at det er «sjølvfinansierande» for fylkeskommunen sin del

Eit vesentleg og naudsynt bidrag for å gjere prosjektet sjølvfinansiert er tilskot frå Aukra kommune. Då investeringa er eigd av Møre og Romsdal fylkeskommunen, og soleis ikkje er kommunen si eiga

Økonomiplan for 2022-2025


investering, må Aukra kommune si finansiering skje gjennom tilskot. Grunnlag for tilskot er overføring av tidlegare avsette inntekter, då Aukra kommune ikkje kan ta opp lån for å finansiere desse.

Kommunestyret har vedteke ei årleg avsetting til fond for fastlandsløysing (Kjerringsundet) med kr. 100 mill. Dersom prosjektet ikkje er starta opp ved utgangen av 2025 (og fondet elles ikkje er nytta til anna finansiering enn det som går fram av denne økonomiplana) vil fondet vere på kr. 1,065 mrd. ved utgangen av 2025.

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Aukra kommune skal i 2022 ferdigstille prosjekt kulturhus og basseng. Det er planlagt overtaking av kulturhus og basseng i februar 2022 og tekniske anlegg i juni 2022. Offisiell opning er sett til september 2022.

Når dette prosjektet blir ferdigstilt vil ei tid med realisering av fleire store investeringar bli avslutta, og kommunen vil framover få eit vesentleg lågare investeringsnivå.



Investeringsforslag i periode for 2022 - 2025 byggjer på planvedtak for åra 2021 - 2024, med justeringar for kjente endringar, prisvekst, nye politiske signal og nye innmeldte tiltak frå tenesteområda. Endringane går fram i beskrivinga til det enkelte investeringsprosjektet.

Frå tidligare budsjettprosessar har kommunedirektøren erfart at investeringsbehov etter første år i økonomiplan ikkje er realistisk. Innmeldte investeringsbehov frå teneste-områda var svært låg og Kommunedirektøren har derfor, for å sikre eit realistisk grunnlag for den økonomiske utviklinga, lagt inn ein buffer for sannsynlege investeringsbehov i åra 2023 til 2025. Denne er teke omsyn til slik:

2023 - kr. 7.308.000,-
2024 - kr. 5.427.000,-
2025 - kr. 23.502.000,-

Tabell over investeringsprosjekt

Investeringstabellane nedanfor viser tidlegare vedtekne investeringsprosjekt frå økonomiplan 2021-2024, samt nye investeringsprosjekt eller endringar på tidlegare vedtekne investeringsprosjekt. Dei nye investeringsprosjekta og endringane av tidlegare vedtekne investeringsprosjekt kjem fram i separate

Økonomiplan for 2022-2025

linjer og er merka med "NY".

Investeringsprosjektet "Helseplattform" var i Budsjett og økonomiplan 2021-2024 lagt under Tekniske tenester ved ein feil. Det har nå blitt teke ut frå dette området og flytta til eining Helse. Det vil difor stå to linjer under Tekniske tenester som nullar ut kvarandre og korrekt linje er plassert under Helse. Sjå investeringsbeskriving for meir informasjon.

I Budsjett og økonomiplan 2021-2024 var alle investeringsprosjekt knytt til hovudplan for vatn samla under "Generell investering vatn". Det er no etablert eit investeringsprosjekt som gjeld ikkje planlagde, men nødvendige investeringar for vatn utanom hovudplana. Sidan denne investeringa er gjeve namnet "Generell investering vatn", er investeringane knytt til hovudplana no gjeve nytt namn "Tiltak i hovudplan vatn". I Budsjett og Økonomiplan 2022-25 vil det difor ligge to linjer som gjeld "Tiltak i hovedplan vatn". Den eine linja gjeld allereie vedtatt investeringsprosjekt og den andre gjeld endringar. Kva desse inneholder kan du lese meir om i eiga beskriving.

Under prosjekt "Tiltak hovudplan avløp" er det samla fleire avløpsprosjekt. Dette er i tråd med sak om hovudplan avløp som skal takast opp i kommunestyret i desember 2021. Dersom dette ikkje blir vedteke, vil det blir gjort endringar i budsjett 2022.

Andre investeringer

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Investeringsprosjekter					
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga					
Oppgradering av aksesspunkt i kommunen	500	0	0	0	500
ROR-IKT investeringar	1 228	1 228	1 228	1 228	4 912
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	500	600	1 650	0	2 750
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen - NY	0	0	-650	1 000	350
Sum Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	2 228	1 828	2 228	2 228	8 512
Kultur					
Kommunal eigenandel for spelemediar	600	600	600	600	2 400
Sum Kultur	600	600	600	600	2 400
Institusjon og butenester					
Streaming fra Kirka til AOS - NY	200	0	0	0	200
Sum Institusjon og butenester	200	0	0	0	200
Tenester til heimebuande					
Bilar heimetenester	500	250	250	0	1 000
Bilar heimetenester - NY	250	400	50	300	1 000
Utstyrspakke til arbeid med førebyggande (PHR) - NY	250	0	0	0	250
Sum Tenester til heimebuande	1 000	650	300	300	2 250

Økonomiplan for 2022-2025

Beløp i 1000 Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Helse					
Helseplattformen - NY	0	8 160	0	0	8 160
Inneklima Helsesenter - NY	125	0	0	0	125
LUCAS - Brystkompresjonsmaskin - NY	200	0	0	0	200
Portabelt ultralyd apparat -NY	400	0	0	0	400
Sum Helse	725	8 160	0	0	8 885
Tekniske tenester					
ATV med henger - NY	200	0	0	0	200
Avlastningsbustad permanent	0	0	500	0	500
Bygging av vendehammer i Aukraskogen - NY	300	0	0	0	300
Felles toppsystem alle kommunale bygg	55	1 625	0	0	1 680
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	0	165	16 700	0	16 865
Gangveg ved Riksfjord	400	0	0	0	400
Helseplattformen	7 000	0	0	0	7 000
Helseplattformen - NY	-7 000	0	0	0	-7 000
Innbytte av arbeidsbilar	530	540	525	520	2 115
Kameraovervåking Barnebo barnehage - NY	160	0	0	0	160
Kapell Julsundet	300	0	0	0	300
Kulturhus og basseng	42 360	0	0	0	42 360
Lading av tenestebilar - kommunal eigenandel - NY	200	0	0	0	200
Lager/garasje ved Aukra omsorgssenter	500	0	0	0	500
Lager/garasje ved Aukra omsorgssenter - NY	-400	700	0	0	300
Nautneset vest, oppfølging av reguleringsplana	0	0	220	0	220
Nyasfaltering	350	0	0	0	350
Nyasfaltering - NY	10	0	0	0	10
Ombygging av Bergland - prosjektering - NY	400	0	0	0	400
Ombygging av ekspedisjon og kjeller i kommunehuset	530	0	0	0	530
Ombygging av ekspedisjon og kjeller i kommunehuset - NY	-530	530	0	0	0
Ombygging helsecenteret - NY	300	0	0	0	300
Oppfølging av Reguleringsplan	0	0	300	0	300
Rindarøya					
Oppgradering av garderober brannstasjon	5 000	0	0	0	5 000
Oppgradering av kommunale bustader	633	650	0	0	1 283
Oppgradering av uteområdet ved Bergetippen barnehage - NY	500	0	0	0	500
Oppgradering kameraovervåking ved GBU - NY	100	0	0	0	100
Oppgraderinger ved Julsundet skole	527	0	0	0	527
Oppgraderinger ved Julsundet skole - NY	473	0	0	0	473
Pumptrack - NY	2 500	0	0	0	2 500

Økonomiplan for 2022-2025

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Investeringsprosjekter					
Regulering av tomt ASAS til bustader	150	4 000	0	0	4 150
Regulering av tomt ASAS til bustader - NY	0	-4 000	0	0	-4 000
Riving/etterbruk Aukraheimen	0	4 330	0	0	4 330
Riving/etterbruk Aukraheimen - NY	0	-4 330	0	0	-4 330
Riving/etterbruk Riksfiord	0	4 330	0	0	4 330
Riving/etterbruk Riksfiord - NY	0	-4 330	0	0	-4 330
Robotklippere - NY	100	0	0	0	100
Takoverspring Julsundet skole - NY	750	0	0	0	750
Teppe i inngang/garderober	290	0	0	0	290
Bergetippen barnehage					
Teppe i inngang/garderober	-290	0	0	0	-290
Bergetippen barnehage -NY					
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	1 500	0	0	0	1 500
Tilpassingar til fylkesveg Falkhytten	4 040	0	0	0	4 040
Tilstandsrapport kommunale bygg - NY	0	300	0	0	300
Tiltak mot spredning av granulat fra Riksfiord stadion - NY	250	200	0	0	450
To forsterke bustader	4 000	0	0	0	4 000
Trekkrør for fiber Småge-Smågetoppen	0	0	420	0	420
Utbygging Falkhytten sentrum	10 478	0	0	0	10 478
Utbygging Falkhytten sentrum -NY	5 400	0	0	0	5 400
Utgreiling og bygging av kunstisbane	0	0	7 000	0	7 000
Veg og industriareal på fastlandet	4 000	0	0	0	4 000
Veglys ved Aukra kyrkje - NY	200	0	0	0	200
Sum Tekniske tenester	86 266	4 710	25 665	520	117 161

Sentrale ansvar

'Buffer' investeringsutgifter - NY	0	7 308	5 427	23 502	36 237
Sum Sentrale ansvar	0	7 308	5 427	23 502	36 237
Sum	91 019	23 256	34 220	27 150	175 645

Selvkost

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Investeringsprosjekter					
Tekniske tenester					
Avløp Holmesundet	0	0	335	0	335
Avløp Holmesundet -NY	0	0	-335	0	-335
Etterbruke Rothaugen deponi	5 465	0	0	0	5 465
Etterbruke Rothaugen deponi - NY	2 200	0	0	0	2 200
Generelle investeringar avløp	740	760	780	800	3 080
Generelle investeringar vatn	580	600	610	625	2 415
Hovudvassleidning siste del Flatvoll - Hukkelberg	3 000	0	0	0	3 000
Hovudvassleidning siste del Flatvoll - Hukkelberg - NY	-2 500	0	0	0	-2 500
Tiltak i hovedplan avløp	260	2 800	0	0	3 060
Tiltak i hovedplan avløp - NY	3 000	4 190	3 190	3 300	13 680
Tiltak i hovedplan vatn	7 783	325	10 575	0	18 683
Tiltak i hovedplan vatn - NY	3 200	1 425	225	0	4 850
Sum Tekniske tenester	23 728	10 100	15 380	4 725	53 933

Økonomiplan for 2022-2025

Beløp i 1000 Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Sum	23 728	10 100	15 380	4 725	53 933

Andre investeringer

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Oppgradering av aksesspunkt i kommunen

Prosjektet med å oppgradere trådlausdekninga i kommunale bygg vil bli avslutta i 2022. Ein av bakgrunnane til vi må oppgradere både aksesspunkt og trådlausdekninga, er at Telenor legg ned kopparlinene og går over til mobile løysingar. Då må kommunen ha god nok dekning i bygga til å handtere denne endringa.

Prosjektet hadde totalt ei kostnadsramme på kr 2 000 000,- for perioden 2020 - 2022. Av det siste rest står kr 500 000,- i 2022

ROR-IKT investeringar

Aukra kommune sin del av ROR-IKT sine investeringar

Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen

Aukra kommune etablerte i 2020 ein rulleringsplan for elevPC på lik line som kommunen har for tilsettPCar. Vi har lagt opp til følgjande rulleringsplan: Elevane i 1.-4. trinn får utlevert eit nett Brett som dei har fram til 4. klasse. Elevane som startar i 8. klasse får utdelt ein PC som dei skal ha ut ungdomsskolen. PC-ane i mellomtrinnet vert bytta ut ved behov. PC-ane frå ungdomsskolen som har lengre levetid enn tre år, vil bli gjenbrukt i mellomtrinnet.

Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen - NY

Når prosjektet starta i 2020, var målsetnaden å ha nett brett frå 1. til 7. klasse. Dette vart endra etter at midlane vart tildelt og skolane ønskja PC frå og med 5. klasse. Av den grunn er det behov for å endre på opprinneleg rulleringsbudsjett. Prosjektet har framleis ei ramme på kr. 4 mill. over fire år, men fordelinga blir endra til kr. 1 mill. årleg.

Kultur

Kommunal eigenandel for spelemedialar

Økonomiplan for 2022-2025

Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader: Ved søknad om spelemedialar kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Det er pr. i dag vanskeleg å seie noko om kva prosjekt som blir knytt opp i mot eigenandelen i 2021-2024. Kommunen har handlingsplan i kulturplan. Tiltak må vere prioritert der for å kunne søke om midlar frå spelemedelordninga. Det kan kome innspel i rullering og innan fristen til lag og organisasjonar i november.

Tidlegare år har det blitt budsjettet 300.000,- i utgift for kommunen. I realiteten er det 600.000,- i utgifter, der 300.000,- av disse blir dekt gjennom spelemedialar etter motteke refusjon. Det er ingen forandringar på dette i år, men budsjettforslaget viser meir korrekt føring der brutto utgift og finansiering frå spelemedialar tydeleggjerast.

Institusjon og butenester

Streaming fra Kirka til AOS - NY

Aukra omsorgssenter har funksjonar i dagens informasjons-løysing til å kunne motta "stream" utanfrå. Kirka har i en lengre periode etterlyst dette. Difor ynskjer med å opprette kommunikasjon frå kyrka til Aukra omsorgssenter, slik kan kyrka sende direkte når det er arrangement i denne. Dette er til glede både når det gjeld konfirmasjon, konsertar, gudsteneste og andre arrangement som bebuarane ikkje har mulegheit til å få med seg på anna måte.

Atea er sett på saka for å kartlegge kostnadar. Foreløpig estimat kr. 200 000,-.

Tenester til heimebuande

Bilar heimetene

Planlagt skifte av eldre bilar i heimetene. Vi planlegg kjøp av el-biler i framtida.

Bilar heimetene - NY

Eininga ser behov for utskifting av bilar til hjelpemiddel lager i 2022. Dagens bil er 11 år gammal. Det er slitt, vi registrerer auka vedlikehaldsbehov. Den er heller ikkje optimalt utforma eller utrusta. Bilen har ikkje trekk på fire hjul, som gjev oss utfordringar på vintertid. Den har ikkje løfte rampe, som gjev oss utfordringar med å få inn tyngre hjelpemiddel. Den er for låg under taket til at ein kan stå oppreist og handtere hjelpemiddel. Samla kan dette gi slitasje på personell som betener bilen, og det er nok mangel på fleire områder med omsyn til HMS. Ein ny bil må innfri ein del krav som både HMS og kvalitet.

Utstyrspakke til arbeid med førebyggande (PHR) - NY

Teneste psykisk helse og rus er no styrka med ei 100 % stilling som miljøterapeut med delvis finansiering med prosjektmidlar frå Statsforvalteren over ein periode på 4 år. Stillinga inneber at ein kan tenke førebygging og tettare oppfølging med tanke på miljøarbeid og aktivitet. Til det treng vi diverse utstyr som kan nyttast. Målgruppa kan i mindre grad nytte ordninga med felles utstyr for utlån, då ein ser at utstyret må vere tilgjengeleg nå dei er motivert. Desse ordningane inneber at ein må planlegge og

bestille utstyr fram i tid. Tenesta er avhengig av at utstyret er tilgjengeleg når personen er motivert og har ein bra dag. Vi ønsker fritidsutstyr, el-syklar og spel til aktivitet.

Helse

Helseplattformen - NY

Innføring av Helseplattformen gjennom ny felles pasientjournal for kommunar, fastlegar og sjukehus i Midt-Noreg.

Beløpet er noko høgare enn i tidlegare økonomiplanar grunna meir presise berekningar. I summen er no ei usikkerheitsavsetting på kr 460.000.

Investeringskostnadene er budsjettert i 2023.

Inneklima Helsesenter - NY

Helsesenteret har behov for å differensiere varme i forskjellige rom. Dette kan gjerast ved å installere varmepumper. I tillegg er det behov for utvendig sol skjerming på venterommet og resepsjon.

LUCAS - Brystkompresjonsmaskin - NY

Dette er et mobilt apparat som gjør at mannskap kan utføre hjerte og lungeredning under transport. Det er ikke mulig uten dette apparatet, og det kan redde liv.

Portabelt ultralyd apparat -NY

Portabelt ultralyd apparat vil bidra til at lege kan utføre behandling og diagnostisering der pasienten er. Det er særleg viktig for dei eldste pasientane og dei med størst fysiske utfordringar, t.d. sengeliggande på sjukeheim eller sengeliggande i heimen. Det er mindre belastning og ivaretak verdigheten til pasientane ved å slepe å flytte dei.

Kommunen har spesialutdanna lege til å betjene apparatet, og vil kunne utfører kompleks behandling på pasientar som ellers vil måtte sendast til sjukehus.

Tekniske tenester

ATV med henger - NY

Det er eit auka behov og forventning om rydding og vedlikehald av turstiar. Grunna bygging av fleire nye stiar rundt om i kommunen, og samtidig fråfall av frivillige som tidlegare har halde dugnad på stiane, så ser vi eit behov for å investere i utstyr som kan effektiviserer dette arbeidet. Vi har ved nokre høve brukt tyngre maskineri for å få tatt ein større del av vedlikehaldet, men dette er ikkje anbefalt da det går utover stiane med for tung last og grovt maskineri.

Dette er og eit tiltak for å rekke over alt av vedlikehald. Det må køyrast sand og gravast grøfter for å halde vatnet borte frå stiane og dette er tidkrevjande arbeid med manuelt utstyr. Det vil difor forenkle arbeidet og auke kapasiteten vår på dette området om vi investerer i eit slikt køyretøy.

Avlastningsbustad permanent

Avlastningsbustaden ved Aukra dagsenter vart bygd som ei midlertidig løysing. i 2019 flytta avlastningstenesta til eit eldre bygg, tidlegare vertikaldelt bustad, ved Bergtun bufellesskap. Aukra kommune vil vurdere om det er behov for ein permanent ny avlastningsbustad bygd ved bufellesskapet. Planleggingsmidlar vert foreslått lagt til 2024.

Bygging av vendehammer i Aukraskogen - NY

Aukra kommune har vedtatt ”Oversiksplan, forvaltning og drift av Aukraskogen på Gossen” (sak 11/20). Mykje av Aukraskogen er i følgje planen såpass gammal at han vil vere på tur ned, anten av seg sjølv eller at han blir hogd. Planen seier vidare at ein i løpet av dei neste 30 åra må hogge nesten all den store skogen som står der no, for å forvalte skogen på ein forsvarleg måte. Det er ganske stor kubikkmasse som må hoggast.

Det er ein del som må vere på plass før arbeidet med å forvalte Aukraskogen kan startast opp. Mesteparten av tømmeret som vil bli tatt ut frå Aukraskogen dei neste åra må fraktast til kai. Sidan ein må køyre etter måten små lass ut av Aukraskogen, er det eit behov for ein lunnepllass der ein kan få henta tømmeret med lastebil. Ved å lage ein vendehammer eller rundkjøring der Skogvegen gjer ein 180 graders sving, kan ein legge tømmeret på oversida av vegen. Vegen må også oppskrivast i veglista til å vere godkjent for tømmerbil

Felles toppsystem alle kommunale bygg

Alle nye kommunale bygg er tilrettelagt for eit sentralt driftsanlegg (toppsystem). Dette gjer at dei tekniske anlegga kan overvakast og til dels driftast via nettet. Dette medfører at personell ikkje behøver å reise til bygga for å justere det tekniske anlegget. Entreprenørane har kome med ulike løysingar for topssystem som styrer dette. Gjennom eit samarbeid med Molde Eigedom KF er dei tekniske anlegga tilrettelagt basert på deira krav.

Eit forprosjekt vil gje svaret på kva me ynskjer av løysing for eit felles topssystem og kva det vil koste å tilpasse bygga våre. Det vert nødvendig å gjere nokre tilpassingar i 2022, før ein startar prosjektet i 2023.

Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen

Prosjektet gjeld gang- og sykkelveg med veglys på ca. 1100 meter. Tiltaket er prioritert i Trafikktryggingsplana 2019-2023. Terrenget er svært utfordrande. Om ein legg gang- og sykkelvegen på sørsida av vegen, viste ei svært usikker kalkyle ein kostnad på om nær 17 millionar kroner i 2024. Då kommunen var i kontakt med Statens Vegvesen om gangvegen under arbeidet med kommuneplanen for nokre år sidan, var SVV skeptisk til å legg gangvegen på sørsida. Planlegging og regulering er foreslått i 2022, og ei eventuell detaljprosjektering i 2023. Ein vil då få ei vurdering på om dette er let seg gjennomføre, og i tilfelle ja, ei sikrare kalkyle.

Gangveg ved Riksford

Planlegging og bygging av gangveg ved Riksford skole frå krysset til idrettsanlegget. Gangvegen er regulert og ligg prioritert i Trafikktryggingsplanen. Prosjektet er ferdig planlagt og skal byggast i 2022. Det er søkt om trafikktryggingsmidlar på dette prosjektet.

Helseplattformen

Innføring av Helseplattformen gjennom ny felles pasientjournal for kommunar, fastlegar og sjukehus.

Helseplattformen - NY

Innføring av Helseplattformen gjennom ny felles pasientjournal for kommunar, fastlegar og sjukehus i Midt-Noreg.

Beløpet er noko høgare enn i tidlegare økonomiplanar grunna meir presise berekningar. I summen er no ei usikkerheitsavsetting på kr 460.000.

Investeringskostnadene er budsjettet i 2023.

Innbytte av arbeidsbilar

Bilane til Tekniske tenester har ein høg gjennomsnittsalder, og kostnadene til drift og vedlikehald har dei siste åra vore høge. Den eldste bilen er frå 2006. Vi har eit mål om at bilane skal ha ein god standard og vere av ei utforming som gjer det trygt og effektivt for våre tilsette å vere i beredskap til ei kvar tid. Fleire av bilane vil bli mellom 20 og 25 år i løpet av dei neste 10 åra, slik at det er viktig at ein startar utskifting og kan fordele dette over fleire år. Elektriske bilar vert vurdert.

Kameraovervåking Barnebo barnehage - NY

Her er det ikkje kameraovervåking i dag og dette er viktig å få på plass da det har vore ein del uønska hendelsar tidlegare på området rundt Furutun. Ved dei andre bygga som vi har montert kamera ser vi at dette har ei preventiv verknad.

Kapell Julsundet

I kommunestyret sitt vedteke Økonomiplan 2021-2024 vart det satt av 300.000 kr planleggingsmidler i 2022 til kapell i Julsundet.

Kulturhus og basseng

Overtaking av bygget er planlagt i april 2022 og tekniske anlegg i juli 2022.

Lading av tenestebilar - kommunal eigenandel - NY

Meld. St. 13 (2020-2021) – Klimaplan for 2021-2030 (Klimameldinga) legg fram krav om låg- eller nullutslepp i offentleg kjøp i reguleringar og offentlege innkjøp av personbilar og lette varebilar frå 2022. Det vil seie at alle nyinnkjøp av kommunale tenestebilar (personbilar og lette varebilar) i Aukra kommune frå og med 2022 skal vere klimavennlege.

Aukra kommune eig i dag 29 kommunale tenestebilar. Av desse går 24 bilar på diesel/bensin og 5 er elbilar. I Aukra kommune er det per no 10 el-billardarar, kor åtte er opne for alle. Bytte til elbil krev at det vert sett opp tilsvarende med ladalarar.

Aukra kommune vil søke om Klimasats-midlar for å sette opp ladestasjonar for kommunale tenestebilar. Kravet er at for kvar ladestasjon ein får tilskot til, krevst tilsvarende bytte til elbil. PLO har planer for å

Økonomiplan for 2022-2025

bytte ut tre tenestebilar dei neste to åra. Tekniske tenester har planer om å bytte ein bil årleg i økonomiplanperioda. Desse skal vere elektriske.

Ladepunkt til tenestebilar kan gjennom Klimasats støttast med inntil 50 prosent av kostnadane. Minste søkesum er 100 000 kr. For å motta klimasatsmidlar er difor minste kommunale innsats 100 000 kroner.

Lager/garasje ved Aukra omsorgssenter

Parkering/garasje i nærleiken av bygget for dei elektriske små-bilane til bebuarane. Bilane står i dag inne i gangen. Desse bør kunne parkerast utanfor huset, men i nærleiken av ein inngang / heis.

Lager/garasje ved Aukra omsorgssenter - NY

Opprinneleg var det planlagt eit kaldt lagerbygg for elektriske syklar og rullestolar. Det har i budsjettprosessen for 2022 kome ønske om at dette lageret også skal innhalde ein isolert del for lagring av ulikt utstyr for kjøkkenet på Omsorgssenteret. Det vert difor sett av midlar til eit enkelt skisseprosjekt + kalkyle i 2022, og bygging i 2023. Det er foreslått eit løyve på 700.000 til bygging i 2023 som ein usikker sum. Sikrare kalkyle vil framkome i 2022.

Nautneset vest, oppfølging av reguleringsplana

Vegen er ein føresetnad for at Aukra overnatting skal kunne kome i gang med si flytting av Aukra overnatting mot vest. Planen føreset bygging av ny kommuneveg i nordaustleg retning frå krysset ved Gamlevegen i retning mot Auka overnatting. Tilkomsten til Nautneset industriområde blir betra og vegen kjem lenger unna busetnaden i området. Tiltaket vil auke attraktiviteten for etablering på Nautneset industriområde. Ein føreslår ei vurdering av tiltaket og utarbeiding av ei grov-kalkyle i 2024.

Nyasfaltering

Avretting og asfaltering av kommunalt areal ved Juvika småbåthamn, ca 1600 m².

Nyasfaltering - NY

Prisregulering av tiltaket.

Ombygging av Bergland - prosjektering - NY

I den nye Helse- og omsorgsplana 2021-2030 har ein meldt inn behov for alternativt butilbod, som til dømes bufellesskap for eldre. Dette då forvaltning opplever at det oftare og oftare er ei utfordring med fysisk spreke personar med demens som treng tilbod. Dei vert ei utfordring å følgje opp i eigne heimar, og dei krev store ressursar for at det skal vere forsvarleg. Dei er òg krevjande å ha på institusjon, då dei er fysisk for sprek til å ha opphold der. Denne målgruppa vert òg ofte verande over lengre tid, og tek opp plassar til personar som har store behov for institusjonsplass. På heildøgn omsorg er no alle leilighetene meir eller mindre opptekne.

Vi ser føre oss at Bergland kunne byggast om til denne målgruppa. Der kan bebuarane få heimesjukepleie etter enkeltvedtak supplert med digitale tilsyn, GPS og anna velferdsteknologi i eiga tilrettelagt leilighet. Vidare kunne det vore ein assistent der delar av dagen til å bistå med oppgåver ut frå individuelle behov.

Økonomiplan for 2022-2025

Det er vanskeleg å gje eit anslag på kva ei slik ombygging vil koste, difor vert det lagt inn planleggingsmidlar i 2022

Ombygging av ekspedisjon og kjeller i kommunehuset

Ombygging av lagerrom i kjeller til dusj/garderobe og vaskerom blei gjort ferdig i 2021

Ombygging av ekspedisjonsområdet i 2022 med eventuell endring av ventilasjon og straum i ekspedisjonsområdet.

Ekspedisjonsområdet har vore uendra sidan kommunehuset opna for over 20 år sidan. Området byrjar å bli slitt, samt at det er ein del krav til universell utforming som ikkje er på plass i dag. Det er ønskjeleg å bygge om ekspedisjonsområdet slik at det vert tilpassa universell utforming, utfordringar rundt smittevern, samt trusselsituasjoner.

Ombygging av ekspedisjon og kjeller i kommunehuset - NY

Bygging av garderober i kjellaren er gjennomført. Gjennomføring av tiltak i ekspedisjonen vert flytta til 2023, slik at ny kommunedirektør i 2022 kan gjere ei ny vurdering av behovet.

Ombygging helsecenteret - NY

Fylkestannlegen har sagt opp leigeavtalen for tannlegekontora frå 2022. Legekontoret treng fleire kontor bl.a. for at det skal tilsettast ein fjerde lege. Det er også tankar om å flytte smitterommet til desse lokala. I tillegg treng dei eit kontor til merkantilt personell.

For å få til dette krevst det ei ombygging av lokala, der ein må flytte dører og flytte/bygge ny veggar. Ein ser også behov for å få til ei løysing med dør direkte ut.

Prosjektet er kostnadsrekna til kr. 300 000,-

Oppfølging av Reguleringsplan Rindarøya

Prosjektet gjeld utbygging av offentleg vegareal i reguleringsplanen for Rindarøya. Planen er godkjend av kommunestyret i sak 3/16 den 02.02.16. Planen gjeld vegbygging, utviding til to køyrefelt på moloen, utretting av sving på moloen, ny vegtilkomst for Vikenco.

Bygging av hovudveg er ei oppgåve som fylkeskommunen har ansvar for, og ei utbygging her er ikkje prioritert av vegeigar så langt ein kjenner til. Prosjektet er og avhengig av samarbeid med private interesser. Dersom utbygging av offentleg vegareal, eller delar av offentleg vegareal, skal skje i økonomiplanperioden, må dette førebuast gjennom prosjektering og utarbeiding av gode kalkylar.

Planleggingsmidlar bør budsjetterast for å vurdere om prosjektet er mogleg å gjennomføre.

Prosjektet er ein del av vedteke økonomiplan 2021-2024. Ingen endring i denne økonomiplan.

Oppgradering av garderober brannstasjon

Tiltak for å skille rein og skitten sone for brannmannskap. Nordmøre og Romsdal Brann IKS leiger lokale av kommunen og dei er representert under planlegging av prosjektet. Arbeidstilsynet sine krav er delt løysing for damer og herrer for tiltaket. Dette medfører ei vesentleg arealauke for prosjektet i forhold til det som var meldt inn i budsjett 2021. Delar av eksisterande energisentral kan nyttast og dette arealet er på om lag 50m² BTA som ein da slepp å bygge nytt, men må byggast om. Likevel blir dette no eit mykje større prosjekt med eit tilbygg på om lag 93m². Første utkast var på ca. 70m² utan ombygging i

energisentralen. Førebels kalkyle 12 millionar. Det vart difor bestemt at ein skal gjere ei ny vurdering av prosjektet saman med NORBR og brukarar for å sjå om ein kan redusere kostnader.

Oppgradering av kommunale bustader

Tekniske tenester ved Eigedomsavdelinga har utarbeidd ei tilstand- og vedlikehaldsplan for dei kommunale bustadane. Dette for at kommunen skal kunne arbeide meir planmessig med rehabilitering av bustadane. Ut frå denne plana er det foreslått følgjande tiltak for å renovere bustader i økonomiplan-perioden:

2022: Rehabilitering tak og garasjer Bakkemyr og Falkhytten og Aukrasanden

2023: Renovering av bustad ved Aukraheimen

Oppgradering av uteområdet ved Bergetippen barnehage - NY

18 barn under 3 år deler i dag eit areal på ca 300 m² i Bergetippen og er alt for trøngt etter norma i rettleiinga. Om ein utvidar arealet som foreslått her så vert det dobbel så stor plass og bortre seg på for dei yngste. Vi har god plass på området tiltenkt dei eldste barna slik at det er heilt greitt å ta av dette arealet til dei yngste. Dette medfører investering i nytt gjerde og riving av gammalt. Flyttinga krev anleggsverktøy.

Dei eksisterande gjerda kring barnehagen må oppgraderast. Det er for lågt, er nedtrakka og i dårlig stand. Ein del av gjerdet er eit gammalt tre-gjerde i dårlig stand som skal erstattast med nettinggjerde. Det er også behov for å bygge eit tett tre-gjerde mot ein nabo som har hagen rett inntil eit gammalt netting-gjeder.

Tilsette på Bergetippen har hatt idedugnad om uteområdet for å drøfte på kva som må til for å betre kvaliteten på tenesta. Her såg ein på kva tilsette kan gjøre, kva kan vi invitere foreldre til å delta på dugnad i og kva treng vi anna fagkompetanse til å utføre. Bergetippen legg stor vekt på friluftsliv og uteleik. Vi har fleire turområde i Julsundet som vært hyppig nytta. Gjennom idedugnaden vart det fremme eit einstemmig ønske om å få satt opp ein gapahuk med grill og benker på utearealet til barnehagen. Kostnad for ei utstyrspakke vil vere ca. 85.000 - 100.000.

Det er behov for betre lysforholda på uteområdet til barnehagen. Dei første barn, foreldre og tilsette kjem kl. 0700. Til 3 av avdelingane må barn og foreldre krysse uteleikeplassen for å komme til inngangen ved sin avdeling. Det er 3 lysmaster på uteområdet, men dei gir ikkje tilfredsstillande med lys. Det er behov for at dei vert bytta ut med noko som kastar betre lys.

Oppgradering kameraovervåking ved GBU - NY

Det er mange områder på skolen som ikkje er dekt av kamera i dag. Det er bl.a. ikkje kamera som dekkje baksida av bygget mot nord, og det er lite dekning i området mot vest framfor sykkelskuret og fotballbanen også området rundt sykkelskuret og SFO mot aust har lite kameradekning i dag.

Oppgraderingar ved Julsundet skole

Ombygging av arbeidsrom for lærarar i ungdomsskolen. Skolen ønsker arbeidsrommet inndelt i fleire små kontor.

Oppgraderingar ved Julsundet skole - NY

Det er tatt ein ny gjennomgang av prosjektet. Det vert behov for justeringar av ventilasjon og elektriske anlegg i tillegg til ombygging. Ny rettare kalkyle som også inkluderer noko prosjektering er utarbeidd.

Pumptrack - NY

Kommunestyre har bedt om ei sak om bygging av pumptrack/skatebane ved skolane i kommunen. Kommunedirektøren foreslår bygging av ein slik bane i 2022, fortrinnsvis i Julsundet eller alternativt på Gossen. Prosjektet krev ei omregulering.

Regulering av tomt ASAS til bustader - NY

Det vert gjennomført ei idéfase for å sjå på ulike alternativ for korleis tomta kan utnyttast. Deretter skal det utarbeidast ei reguleringsplan for området. Ein vil på bakgrunn av dette konkludere med eventuelle tiltak på tomta. Midlane som i førre økonomiplan vart løyvd til ASAS i 2023, er tatt ut av budsjettet.

Riving/etterbruk Aukraheimen - NY

Det skal gjennomførast tilstandsanalysar og eventuelt utarbeide salsprospekt om det vert aktuelt. Midlane som i førre økonomiplan vart løyvd til Riving/sal/etterbruk av Aukraheimen i 2023, er tatt ut av budsjettet.

Riving/etterbruk Riksfjord - NY

Det skal gjennomførast tilstandsanalysar og eventuelt utarbeide salsprospekt om det vert aktuelt. Midlane som i førre økonomiplan vart løyvd til Riving/sal/etterbruk av Riksfjord skole i 2023, er tatt ut av budsjettet.

Robotklippere - NY

Det vart investert i robotklippere i 2020. Desse har vore i drift i to sesongar no og har vore ein suksess. Det har brukta få timer og låge kostnader for å halde desse i drift. Dette har frigjort meir arbeidskapasitet på området park og plen på ein god måte. Forventingar om vedlikehald av våre nye grøntområdet gjer at eininga må arbeide meir effektivt med same mannskap. Garantitida på vedlikehald og stell av grøntareal rundt omsorgssenteret gikk ut i 2020. Det er estimert eit behov på omlag 120 timer vedlikehald i året på området. Ved å investere i robotklippere her kan eininga bruke tida til vedlikehald av andre områder.

Takoverspring Julsundet skole - NY

Fleire av inngangane til skolen manglar takoverspring og dette gjer at det ikkje er nokon plass å få ly når det er dårlig ver. Foreldre og elevrådet har ytra ønske om at dette er viktig og det er spesielt elevane på ungdomsskolen som bør prioriterast. Det er behov for å lage eit utspring på 1,5 meter utanfor inngangane og ein bør utbetre dette på 3 inngangar. Totalt kostnad vil vere omlag kr. 600 000,- eks mv.

Teppe i inngang/garderober Bergetippen barnehage

Det er pr i dag 75 m² med reinhaldssonar i inngangspartia ved Bergetippen barnehage, men det er ønske om å utvide reinhaldsona med om lag 50 m².

Teppe i inngang/garderober Bergetippen barnehage -NY

Ikkje lenger behov, så tiltaket vert tatt ut.

Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset

Ombygging av ventilasjonsaggregatet i kommunehuset for å tilpasse det til anna temperatur frå energisentralen, infrastruktur frå inntak og inn i huset og kjøp og montering av nye radiatorar med individuell styring i kvart kontor.

Tilpassingar til fylkesveg Falkhytten

Det ligg inne i føresegne til reguleringsplanen for Falkhytten sentrum at vegen skal byggast med trafikkreduserande tiltak før kulturhuset får bruksløyve. I januar 2020 hadde kommunen møte med vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune om planene, då desse må godkjennast av vegeigar og utbyggingsavtale må på plass før gjennomføring. I møte ble det avgjort å sjå nærare på om vegen burde senkast for å oppnå betre siktforholda i krysset ut frå Bunnpris/Byggern, og vurdere kostnaden med senking. Første kalkyle frå Asplan Viak viste ein ekstrakostnad på om lag 1,5 mill. ved senking. Forklarin ga dette var at heile vegen måtte byggast på nytt ved senking. Då det ikkje er eit krav om senking verken frå vegeigar eller i reguleringsplan, såg kommunen på ei løysing utan senking. Det viste seg at denne løysinga hadde fleire utfordringar.

Avstanden mellom fylkesvegen og Byggern sine lokalar vart knapp. Dette førte til eit for smalt kombinasjonsformålet (varelevering/gangveg) langs Byggern. Det førte og til at gangfelt over fylkesvegen blei komplisert med rampe og mur/rekkverk (grunna høgden på fylkesveg). Vi såg og at fleire parkeringsplassar måtte fjernast grunna krav til stigning mot fylkesvegen, og at store bilar (lastebil) ikkje kunne nytte vegen til utkjøring. Kommunen hadde eit nytt møte med fylkeskommunen etter at Asplan Viak hadde forsøkt å løyse utfordringane. I møte kom det nye merknadar til planforslaget. Tilhøve for mjuke trafikantar på austsida av fylkesvegen vart framheva som ikkje gunstig. I møte blei det konkludert med å sjå på ei alternativ der ein flytta veglinja i horisontalplanet mot vest (kulturhuset). Dette gjorde at kryssløysinga blei betre med meir plass mot Byggern/Bunnpris. Etter dei siste justeringane av planane og nye kalkyler ser vi at differansen mellom senking og ikkje-senkning er på ca. 300.000 kroner.

Kalkulert prosjektkostnad med senking er på kr 8 500 000,-, der tilpassingar av avkjørsler, veglys og gangveg utgjer omlag 50 % av kostnadane. Om lag halve summen gjeld fylkesvegen der Møre og Romsdal fylkeskommune er vegeigar. Prosjektet har no vore ute på anbod, og oppstart er planlagt kring årsskiftet.

Tilstandsrapport kommunale bygg - NY

Det skal gjennomførast tilstandsanalysar og utarbeide salsprospekt der det eventuelt er aktuelt, for bygga Riks fjords skole, Aukraheimen og tidlegare Aukra Fiskarfagskole.

Tiltak mot spredning av granulat fra Riksfjord stadion - NY

Regjeringen vedtok i 2021 eit nytt kapittel i forurensingsforskrifta, kapittel 23A, som omhandlar bruk av laust plasthaldig fyllmateriale (granulat) i kunstgrasbanar. I hovudsak handlar forskriften om tiltak for å hindre at granulat havnar i naturen. Forskriften, som trådte i kraft 1. juli 2021: §23A-4 t.o.m §23A-9, forklarer kva krav som stilles til anlegga.

Sluser med rister, børster, skilt for brukarar, korrekt køyretøy/utstyr

Granulatrister/filter i kummar

Informasjonsplikt

Kunnskap og dokumentasjonsplikt

Handtering av oppsamla granulat på eller utanfor banen, inkl samle opp granulat som ligga utanfor banen

Krav om fysiske barrierar rundt banen

Substitusjonsplikt

Aukra kommune er eigar av kunstgrasbanen på Riksfjord og vil arbeide med forsvarleg handtering av granulat i 2022 og 2023.

2022: Oppsamling av granulat kring banen, sette opp skilt, installere granulatrister og filter i kummer.

2023: Lage snødeponi, fysisk barriere kring banen og spyleplass for utstyr.

To forsterka bustader

Mangel på tilpassa lågterskel-bustadar til svake grupper er også i Aukra ei utfordring. Mellom anna kan det handle om behov for akutt overnatting, behov for midlertidig bustad og eit tilbod for personar utan bustad som har store helseutfordringar relatert til psykisk helse eller rus. Prosjektet vart først fremja i 2020, men har vore utsatt grunna manglende kapasitet i eininga. Ein bustad er under planlegging for ombygging og ein ny bustad skal byggast ny i 2022.

Trekkrør for fiber Småge-Smågetoppen

Prosjektet forutsett utbygging av gang og sykkelveg på strekninga.

Utbygging Falkhytten sentrum

Prosjektet gjeld utbygging av arealet kring tomta til det nye kulturhuset. Detaljprosjektering og utlysing av anbod er no gjennomført, og prosjektet skal etter plana starte opp i årsskiftet 2021/2022.

Utbygging Falkhytten sentrum -NY

Justering av løyvet etter anbod på del 2 av prosjektet.

Utgreiing og bygging av kunstisbane

Viser til vedtak i k-sak 25/20 om at Aukra kommunestyre ønsker bygging av isbane som eit viktig bærekraft- og trivselsprosjekt i kommunen. Det vart vedtatt at det skulle settast av midlar til dette prosjektet i samband med budsjettet for 2021 og økonomiplan 2021-2024. Aukra kommune har ei kalkyle fra 2015 som viser ein kostnad på 5 til 6 millionar eks. mva. Den gong antok ein at kommunen

kunne mottatt omlag to millionar i tippemidlar. Det er lagt inn 7 millionar kroner til mulig bygging i 2024. Dette er eit svært usikkert tal.

Kommunen har i 2021 bestilt ein rapport med nye vurderingar og kalkyler basert på ein fullt utbygd energisentral med 60 brønnar.

Veg og industriareal på fastlandet

Kostnadane med utviding av industriområdet på Hollingen, vis a vis noverande område, viser seg truleg å bli større enn om tidlegare planlagd industriareal i Åsdalen vert tatt i bruk. Ein viktig fordel med Åsdalen er at det her er utvidingsområde. Arealet i Åsdalen vart regulert til idrettsføremål i 2014. Området kan framleis nyttast til industri, men det må til ei omregulering. Opparbeidingskostnader er avhengig av omfang, og det er foreslått ei trinnvis utbygging av området. I 2021 har det vore gjennomført hydrologiske undersøkingar og grunnundersøkingar av området.

Veglys ved Aukra kyrkje - NY

Det har kommet ein førespurnad frå kyrkja om å få etablert meir lys ved parkeringa på austsida av kkyrkja. Dette er ein parkeringsplass som ofte blir bruk av de eldre for å komme seg så nær inngangen som mogleg. Det er dårlig sikt og kan vere glatt på vinteren. Det vart også etterspurt etablering av HC parkering i samme område. Denne vil kyrkja bygge sjølv. Parkeringsarealet ligg på kommunal grunn, så her er det kommunen sitt ansvar at HC-parkeringa har tilstrekkelig belysning.

Selvkost

Tekniske tenester

Avløp Holmesundet

Dette er eit området der det framleis er private anlegg i eit tettbygd område. Minimum 20 private enkeltutslepp til sjø. Prosjektkostnad er svært usikker.

Avløp Holmesundet -NY

Tiltaket er tatt ut av budsjettet i tråd med prioriteringane i hovedplan avløp.

Etterbruke Rothaugen deponi

Fylkesmannen i M&R avdekket ved tilsyn ved Rothaugen avfallsdeponi fleire avvik i forhold til krav om avslutning og etterdrift av deponi. Tilsynet vart utført 23.09.14. Følgjande 3 avvik blei avdekt.

1. Manglar plan for avslutning og etterdrift.
2. Internkontroll for rutinar i etterdrift (prøvetaking, tilsyn).
3. Prøvetakingsplan for sigevatn.

Kommunen har sidan 2016 jobba med ei avslutning og etterdriftsplan saman med konsulentselskapet Cowi. Dette har resultert i følgjande naudsynte tiltak:

1. Godkjent avslutning
2. Godkjent etterdrift.
3. Prøvetakingsplan
4. Etterdriftsfond (Fond som skal sikre etterdrift i 30 år etter avslutning)

Etterbruke Rothaugen deponi - NY

I 2021 er detaljprosjektering av deponiet ferdig, og ny kalkyle viser behov for eit auka løyve med kr. 2 millionar. Prosjektet har ikkje vore ute på anbod, slik at det kan bli behov for ei ytterlegare justering av løyvet.

Generelle investeringar avløp

Frå 2022 går vi over til å budsjettere ei ramme for investeringar innan avløp, i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021.

Dei store investeringane gjeld overtaking av private avløpsanlegg, og oppgradere utslepp.

Løyvet til Generelle investeringar avløp gjeld nødvendige uforutsette investeringar og oppgraderingar gjennom året.

Hovudvassleidning siste del Flatvoll - Hukkelberg - NY

Vassleidninga vart bygd i 2020/2021. Det som står igjen gjenoppbygging/tilpassing og toppdekke/asfaltering av strekninga langs med kulturhuset og til krysset ved Spar.

Tiltak i hovedplan avløp

Her ligger tiltak Avløp Eikrem som blei vedtatt i økonomiplan 2021-2024

Overtaking av privat kloakkanlegg samt tilknytning av privatutslepp frå enkelthus på Eikrem. Det er usikkerhet kring omfanget og tilstand på anlegget. Kartlegging og prosjektering er starta i 2021, og vil gje informasjon om dette og gi omfanget av investeringa med nøyaktig kalkyle.

Tiltak i hovedplan avløp - NY

Her ligger nye avløps prosjekter som er en del av hovedplan avløp. Ei vernerunde viser fleire avvik med omsyn til HMS i fleire av pumpestasjonane i avløpsnettet. Det vert foreslått eit årleg løyve til oppgradering av to pumpestasjonar årleg. Avløpsanlegga våre er delvis i dårlig tilstand, og det har vore investert lite i nye anlegga dei siste åra. Ei viktig oppgåve framover vil vere å kartlegge lokalisering og tilstand til eksisterande avløpsanlegg, både reinseanlegg og utslepp. Kommunen må vurdere eventuelle tiltak etter at tilstand for eksisterande reinseanlegg er kartlagt. Kartlegging, registrering og utbetring er eit prioritert tiltak i Hovudplan for avløp 2022-2027. Samstundes med digitalisering av vassnettet, vil vi også bytte eksisterende kommunikasjonsløsning på kloakkummer, i silanlegget og på trykkøkningsstasjoner. Tiltak ligg inne i hovudplan for avløp.

Tiltak i hovedplan vatn

Økonomiplan for 2022-2025

Det vert lagt inn ei investeringsramme for investeringar innan vatn, i tråd med tiltaka i Hovudplan Vatn. Dei største tiltaka er vassleidning frå Fanghol til Eidskrem og hovudvassleidning Løvik til Oterhalsen.

Vassleidning Julsundet skole - Eidskrem

- Eksisterande kapasitet på vassleveranse bremsar vidare utvikling i området, mellom anna pga krav til brannvatn. Det er behov for utskifting av eksisterande vassleidning frå Fanghol til Eidskrem, ca. 2,5 km. I dag ligg det ein 150 mm asbestleidning på denne strekninga. Bygging vart starta i 2021, og vert ferdigstilt i 2022.

Tiltak i hovedplan vatn - NY

Det vert lagt inn ei investeringsramme for investeringar innan vatn, i tråd med tiltaka i Hovudplan Vatn. Tall gjeld prisjustering på vassleidning Julsundet skole - Eidskrem og hovudvassleidning Løvik til Oterhalsen, i tillegg til økt ramme på automatisering av Tverrlia.

Automatisering Tverrlia:

- Det vart i 2021 arbeidd med detaljprosjektering og konkurransegrunnlag for driftskontrollsystemet. Prosjektet vart etter dette kalkulert til omlag 4,4 millionar kroner. Tiltaket ligg inne i hovudplan vatn.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Investeringer i varige driftsmidler	114 747	33 356	49 600	31 875
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	0	0
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	114 747	33 356	49 600	31 875
Kompensasjon for merverdiavgift	-15 066	-3 553	-5 135	-5 266
Tilskudd fra andre	-17 240	-240	-240	-240
Salg av varige driftsmidler	-2 630	-2 650	-2 640	-2 610
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-74 880	-24 112	-41 585	-23 759
Videreutlån	10 000	10 000	10 000	10 000
Bruk av lån til videreutlån	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Avdrag på lån til videreutlån	2 611	2 965	3 340	3 766
Mottatte avdrag på videreutlån	-2 611	-2 965	-3 340	-3 766
Overføring fra drift	-4 931	-2 801	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-114 747	-33 356	-49 600	-31 875
Sum finansieringsbehov	114 747	33 356	49 600	31 875
Sum finansiering	-114 747	-33 356	-49 600	-31 875
Udekt finansiering	0	0	0	0

Økonomisk utvikling i planperioden

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev kvart år ut rapporten "Utvikling i kommuneøkonomien".

I rapporten for Møre og Romsdal som omhandlar den økonomiske utviklinga for siste avglate årsrekneskap i 2020 peiker Statsforvaltaren på mellom anna:

- Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Det er kommunestyret som prioriterer på vegne av kommunen sine innbyggjarar. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett er sentrale styringsdokument som gir føringar for korleis kommunedirektøren gjennomfører sitt oppdrag.
- Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:
 - Myndigheitsutøvar
 - Samfunnsutviklar
 - Lokaldemokratisk aktør
 - Tenesteleverandør
- Samfunnsoppdraget bør gjennomførast etter gode planar, og den økonomiske ramma bør fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrav som gjeld

Statsforvaltaren har hovudfokus på økonomiske nøkkeltal som netto driftsresultat, disposisjons-fond og gjeldsgrad. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og teknisk berekningsutval (TBU) har gjeve råd om at dette bør utgjere 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.

Aukra kommune sin økonomi er svært god, grunna høge frie disponibele inntekter. Dei fire siste åra har kommunen hatt eit netto driftsresultat slik:

2017 - 21,4 prosent

2018 - 22,8 prosent


2019 - 27,2 prosent

2020 - 22,9 prosent

I kommunen sitt budsjett for 2021 er netto driftsresultat, etter innarbeiding av tilskot til Kjerringsundet AS med 64 mill. og budsjettendringar i året, berekna til 10,6 prosent.

I åra med god økonomi og høge netto driftsresultat har kommunen og hatt ei vesentleg auke i sine brutto driftsutgifter og utgifter til renter og avdrag. Denne utviklinga fortsett i framlagte økonomiplan:

Økonomiplan for 2022-2025



Auka skriv seg både frå pris- og lønsvekst, nye og endra oppgåver, men også i stor grad auka driftsutgifter fordi kommunen har hatt stort økonomisk handlingsrom.

I driftsåret 2021 er det frå administrasjonen meldt om avvik og trøng for å auka driftsrammer i forhold til opphaveleg vedteke budsjettet. Deler av dette skuldast utgifter som ikkje blir vidareført i 2021, medan andre delar gjev varig auke i driftsutgifter med kr. 7,5 mill.

For den kommunale økonomistyringa er målet berekraftig økonomisk utvikling som ikkje står i vegen for at framtidige generasjonar klarar å ivareta sine interesser.

Kommunestyret i Aukra har vedteke desse økonomiske handlingsreglane for å trygge slik utvikling:


- Sikre finansiering av fastlandsloysing gjennom årleg avsetting til fond med kr. 100 mill.
- Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter.
- Det skal gjerast ei årleg avsetting på kr. 7 mill. til fond for framtidig vedlikehald av kommunale bygg
- Nedbetalingstid for kommunen si langsiktige gjeld er 15 år
- Budsjetterte årleg auke i frie midlar fordelt til drift, kan ikkje være større enn budsjettet auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Handlingsreglane var lagt til grunn ved utarbeiding av Rammesak – budsjett 2022 handsama i Kommunestyret i sak 32/21 den 17.06.2021.

Budsjett 2022 og økonomiplan med handlingsdel 2022 - 2025 svarer ut handlingsreglane i punkt 1 – 4, medan det er i konflikt med handlingsregel nummer 5.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Økonomiplan for 2022-2025



Aukra kommune har ikkje ein vedteken handlingsregel eller finansielt måltal knytt til nivå på netto driftsresultat.

I midlertid er det fleire politiske vedtak om avsetting til fond som indirekte definerer krav til netto driftsresultat. Dette er

- Avsetting til fond for fastlandsloysing kr. 100 mill
- Avsetting til fond for framtidig vedlikehald kr. 7 mill.
- Avsetting til fond til fond for rekruttering, utvikling og omstilling (Kommunedirektøren) kr. 2,5 mill.
- Avsetting til fond for tilrettelegging av næringslivssatsing i Aukra fram mot 2025, 50% av inntekter frå havbruksfondet i 2022 kr. 3,8 mill.

I tillegg er det i kommunane eit generelt råd om at netto driftsresultat minimum bør utgjere 1,75 prosent av kommunen sum driftsinntekter.


Presentert nivå (handlingsregel) er ein sum av desse forholda.

Aukra kommune vil i dei kommande fire åra ha eit svekka netto driftsresultat.


I tillegg er det viktig til å vær merksam på at avkasting på midlane på fond til fastlandsloysing er med å påverkar nivået på netto driftsresultat. Storleik på desse inntektene er usikre i økonomiplanperioda. Dei kan bli høgare, men dei kan også bli lågare. Vidare vil desse inntektene bli fasa ut når realiseringa av fastlandsloysing startar og kommunen skal overføre midlane til Møre og Romsdal fylkeskommune. Den store utfordringa blir då framleis å ha økonomisk handlingsrom til å kunne avsette kr. 100 mill. som er nødvendig for å innfri kommande avtale om sjølvfinansiering av Kjerringsundet.

Netto driftsresultat dersom ein trekkjer avkasting frå finanzielle omløpsmidlar ut er slik:

Økonomiplan for 2022-2025



Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Aukra	72,7 %	88,4 %	107,1 %	121,5 %	133,3 %	145,8 %	163,0 %	178,4 %	196,1 %

Disposisjonsfond er avsette midlar som seinare kan nyttast dersom kommune får uventa ikkje budsjetterte utgifter. Statsforvaltaren rår til at kommunane har eit disposisjonsfond på mellom 5 og 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Økonomiplan for 2022-2025

Kommunen sitt driftsfond er summen av alle vedtekne etablerte fond, andre frie midlar som er avsett og kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Det generelle disposisjonsfondet har ikke fått føringa for bruk og er då det fondet som må sjåast på som ”reserven” for Aukra kommune. Til dette fondet er det ein vedteken handlingsregel om at dette skal utgjere minimum 8% prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter. I framlagt økonomiplan er nivået på fondet mellom 8,12 til 9,47 prosent av sum driftsinntekter.

For å sette i verk vedtekne fondsavsetninger og ha ein ”buffer” for risiko (sjølv om den er låg) knytt til kommunen si forvalting av langsigkt ledig likviditet og føresette utgifter bør nivået ikke kome lågare ned. Det er grunn til å påpeike at avsetting til disposisjonsfond blir mogeleg gjennom inntektsauke frå gevinst på finansielle omløpsmidlar og redusert eigenkapital finansiering av investeringane. Gevinst på finansielle omløpsmidlar er ei svært usikker føresetnad.

Årsaka til svært høge måltal på kommunen sitt disposisjons-fond er at fond for fastlandsloysing og dei andre politisk vedtekne fonda med føringa for bruk er inkludert. Oversikt Fondsutvikling viser det enkelte fondet og utviklinga over tid.

Fondsutvikling

I heile 1000 kroner	2021	2022	2023	2024	2025
25600040 Generelt Disposisjonsfond					
Behaldning	79 629	65 709	58 480	59 351	52 818
Bruk av fondet i driftsregnskapet				0	
Avsetninger til fondet			871		8 710
Overført til andre fond for å dekke opp vedteken fondsavsetting	2 120	7 229		6 533	
Plassert i aksjer - usikkert om dette kan takast ut igjen i likvide midlar.	11 800				
Beholdning 31.12	65 709	58 480	59 351	52 818	61 529
Disposisjonsfond - fastlandsloysing					
Behaldning	639 901	675 901	765 901	865 901	965 901
Bruk av fondet i driftsrekneskapet - tilskot til Kjerringsundet	64 000	10 000			
Avsetninger til fondet	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000

Økonomiplan for 2022-2025

Beholdning 31.12	675 901	765 901	865 901	965 901	1 065 901
Fond for framtidig vedlikehald av kommunale eigedomar					
Behaldning	14 000	15 723	28 000	35 000	42 000
Bruk av fondet i driftsregnskapet					
Bruk av fondet i investeringsregnskapet					
Avsetninger til fondet	1 723	12 277	7 000	7 000	7 000
Beholdning 31.12	15 723	28 000	35 000	42 000	49 000
Fond for tilrettelegging av næringssatsing i Aukra fram mot 2025					
Behaldning	4 779	14 903	18 705	22 506	26 308
Overført frå det generelle disposisjonsfondet	8 000				
Bruk av fondet i driftsrekneskapet					
Avsetninger til fondet	2 124	3 802	3 802	3 802	3 802
Beholdning 31.12	14 903	18 705	22 506	26 308	30 109
Stimuleringst for næringssatsing					
Behaldning	2 489	2 489	2 489	2 489	2 489
Overført frå det generelle disposisjonsfondet					
Bruk av fondet i driftsrekneskapet					
Avsetninger til fondet					
Beholdning 31.12	2 489				
Fond for rekruttering, utvikling og omstilling (Kommunedirektøren)					

Økonomiplan for 2022-2025


Behaldning	3 683	6 183	8 683	11 183	13 683
Overført frå det generelle disposisjonsfondet					
Bruk av fondet i driftsrekneskapet					
Avsetninger til fondet	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
Beholdning 31.12	6 183	8 683	11 183	13 683	16 183
Avkasting aksjesal					
Behaldning	6 946	6 946	6 946	6 946	6 946
Bruk av fondet i driftsrekneskapet					
Avsetninger til fondet					
Beholdning 31.12	6 946	6 946	6 946	6 946	6 946
Andre fond (tilskot ut m.m.)					
Behaldning	319	319	319	319	319
Bruk av fondet i driftsrekneskapet					
Avsetninger til fondet					
Beholdning 31.12	319	319	319	319	319

Netto gjeld i % av brutto driftsinntekter

Lånegjeld

I gjeldande økonomiplan 2021-2024 var det lagt inn føresetnad om låneopptak i 2022 med kr. 20 mill.

I økonomiplan for 2022-2025 blir dette lånepptaket auka med kr. 55 mill. vidare vil ein i perioda trenge ytterlegare nytt lånepptak i 2023 med kr. 20 mill., i 2024 kr. 40 mill. og i 2025 med 24 mill., samla 139 mill. Auke i lånepptak gjev ei større auke i kommunen sine finansutgifter, og reduserer kommunen sitt økonomiske handlingsrom.



Statsforvaltaren har i sitt forventingsbrev for 2021 rådd til at kommunane har eit eigenkapitalkrav ved investeringar. For åra framover greier ikkje Aukra kommune, i tillegg til oppfylling av vedtekne fond, å finansiere nokon av sine investeringar med eigenkapital. Heller ikkje for åra etter kan ein sjå at dette vil vær mogeleg utan at driftsnivået vert lågare eller at vedtekne avsettingar til fond blir endra.


I rapporten om utvikling i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal uttaler Statsforvaltaren følgjande
 ”Kommunanes gjeld har auka gradvis dei seinare åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. Statsforvaltaren tilrår at gjeldsgraden over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet. Dei siste åra har den kommunale gjeldsgraden (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt) auka på landsbasis frå 82,3 % i 2015 til 96,1 % i 2020. Det siste året var auken på 4,9 %. Vår vurdering er at landsgjennomsnittet i 2020 er eit for høgt gjeldsnivå slik det har utvikla seg dei seinare åra.”

Vidare: ”Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga. Kvar kommune skal vurdere kva finansiell risiko som kommunen kan tote. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og driftsnivå.”


Aukra kommune har ikkje ein eigen økonomiks handlingsregel for gjeldsutvikling, utover at avdragstid skal vær 15 år. I oversikta ovanfor er nivået målt mot generelt anbefalt nivå etter riksrevisjonen sitt råd i rapporten ”Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning- Dokument 3:5 (2014–2015)”. Dette er lågare enn tilrådd nivå frå Statsforvaltaren.

Aukra kommune vil i 2021 få ein gjeldsgrad på 92,65 prosent, deretter vil den gradvis bli redusert til 75,58 prosent i 2025. Reduksjonen frå 2021 til 2025 på tross av nye låneopptak kvart år skuldast både høgare brutto driftsinntekter og hurtig nedbetaling med avdragstid på 15 år.


Økonomiplan for 2022-2025



Netto lånegjeld per innbyggjar



Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Aukra kommune har ikkje vedtekte finanzielle måltal for netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter.

Grunna auka låneopptak i 2021 og vidare i økonomiplanperiode vil dette målalet stige vesentleg i perioda. Det er også viktig å vere merksam på at dette er utgifter etter at ein har teke omsyn til netto gevinst på finansielle omløpsmidlar. Når desse etterkvart blir fasa ut vil måltala blir større.

Kommunen sine tenesteområder

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Ramme 10.1 består av kommunedirektør, kommunalsjef, politisk leiing og serviceavdeling.

Serviceavdelinga er ein av stabs- og støttefunksjonane i kommunen med til saman 3,9 årsverk. Avdelinga yt tenester til politiske organ og kommunedirektøren, og har ein rådgjevande funksjon ut mot einingane. Avdelinga yt òg tenester til innbyggjarane. Avdelinga har mellom anna desse oppgåvene:

- Overordna dokumentasjons- og arkivansvar for organisasjonen.
- Felles postmottak.
- Ekspedisjon og sentralbord.
- Politisk sekretariat.
- Valgjennomføring.
- Informasjonsoppgåver.
- Informasjonssikkerheit- og personvern.
- Systemeigar og administrator for følgjande system:
 - Kvalitetssystemet Compilo
 - Mobilt bedriftsnnett
 - Sak- og arkivsystemet Public360
 - Stempplingssystemet MinWinTid
 - Tilsettportalen
 - Heimesida
 - Kommunen sine offentlege kanalar i sosiale media
 - Innføringsansvarleg for Teams.
- Ansvar for startlån, bustønad, parkeringsløyve og drosjekort.
- Funksjonar innanfor IKT-samarbeidet som bestillarrolle, deltaking i faggrupper og arbeidsgrupper.
- Digitalisering.

Utfordringar og tiltak for 2022

Den digitale innbyggjaren - digitalt utanforskap

Digitalt utanforskap er eit omgrep som blir meir og meir løfta fram i dagen. På landsbasis er det ca. 3% (130 000) av innbyggjarane som ikkje brukar internett, PC, smarttelefon eller nettbrett. Dette er tal som KS har presentert.

Den digitale utviklinga går raskt og digital kompetanse er viktigare enn nokon gong. Fleire og fleire av dei offentlege tenestene blir digitale. Alt frå det å kjøpe billett på bussen, betale ei rekning, lese nyheter, søke om tenester, bruk av velferdteknologi, bestille legetime med meir. Å ikkje kunne bruke ein

Økonomiplan for 2022-2025

smarttelefon, kan vere med på å fremje digitalt utanforskap. Digitalisering av tenestene kan også føre til at fleire ikkje har kapasitet til å følgje med og blir ståande utanfor samfunnet.

Tenesteeigarane har ansvar for at tenestene blir forstått av alle. Når man skal digitalisere tenestene, må man også sørge for å sikre at kommunen har eit tilbod om hjelp til å ta i bruk desse tenestene. Å auke den digitale kompetansen i befolkninga krev tid, ressursar og økonomi. Fokuset framover blir derfor korleis kommunen skal sikre at alle heng med og kan delta i samfunnet på lik line med andre.

Personvern og informasjonssikkerheit

I 2021 etablerte kommunen eit prosjekt for å heve kompetansen til tilsette på området personvern og informasjonssikkerheit. Vidare fokus for 2022 blir å fortsetje arbeidet med å føre behandlingsprotokollar, gjennomføre ROS (risikoanalysar) og DPIA (personkonsekvensvurderingar), samt sikre at einingsleiar har fokus på opplæring av alle tilsette gjennom opplæringsprogrammet i KS Læring.

Det er utfordrande å ha nok tid og ressursar til å oppfylle alle krav som ligg i GDPR-forordninga. Å gjennomføre risikoanalyse for alle arbeidsprosessar og for fagsystem er tidkrevjande. Det same gjeld for gjennomføring av personvernkonsekvensvurderingane (DPIA) som ein er pålagt å gjennomføre. Det vil ta lang tid før kommunen har gjennomført alle oppgåvene i tråd med forordninga, og kan seie at ein er over i driftsfasen.

Kommunen har også ein del arkiv i kjellaren på kommunehuset og noko ute i einingane som må ryddast og leverast til kommunen sitt interkommunale arkiv. Dette er ei tidkrevjande og nødvendig oppgåve som serviceavdelinga ikkje har kapasitet til å løyse på eigen hand. Det er derfor innhenta tilbod frå IKA Møre og Romsdal IKS som tek på seg slike oppdrag på vegne av kommunane.

Organisering i Altinn og organisasjonsstruktur

Det er behov å få endra Aukra kommune sin organisering i Altinn. I dag ligg ikkje einingane under paraplyen til hovudnummeret, men ved sida av. Dette får konsekvensar for t.d. tildeling av roller, som er utfordrande å få til korrekt i dag. Kommunen må sjå på konsekvensar av å endre strukturen i Altinn, om det vil få innverknad på våre system.

Kommunen bør vurdere å innhente konsulenthjelpe som kan ta tak i desse oppgåvene på rett måte.

Digital transformasjon

Kommunen si digitaliseringsgruppe deltek i perioden 2021 til 2022 i eit prosjekt saman med DIGI Møre og Romsdal for å auke kompetansen og forståinga rundt digital transformasjon. Dette for å gje digitaliseringsgruppa eit felles kompetansekløft og ein felles plattform, forståing og verktøy som gruppa kan bruke. Kompetanseløftet skal styrke arbeidet med å lede organisasjonen mot transformasjon, identifisere mulegheiter og utfordringar. Å auke kompetansen på og jobbe med digital transformasjon (tenestetransformasjon), er eit tema som organisasjonen må jobbe vidare med, både på leiarnivå og i einingane.

ATTRAKTIV KOMMUNE**Hovudmål (Slik vil vi ha det)****Delmål (Slik gjer vi det)****Indikator****Indikatorbeskriving**Siste
måling
2020**Mål 2022****Mål 2023****Mål 2024****Mål 2025**

1.3 Vidareutvikle infrastruktur	Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband	Årleg avsetjing - til fond for fastlandsloysing i tråd med politisk vedtak	100 000 000	100 000 000	100 000 000	100 000 000	100 000 000
---------------------------------	--	--	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------

AUKRA I REGIONEN

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne	Sikre gode og likeverdige tenester	Gjennomføre førehandstemming - på Orta			100,0 %	100 %	100,0 %	
5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk		-					
	Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser	Delta på alle faggruppemøte og gjennomføre aktivitetar som blir generert gjennom faggruppene		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
	Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteväl	Opplæring av politikarane i den nye politikarportalen		1				
		Papirskjema som er tilgjengeleg på - heimesida skal også bli fulldigitale		100,0 %				
	Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder	Arkivarane i kommunen skal - ferdigstille revisjon av kommunen si arkivplan og plana skal opp til politisk behandling i 2022		100,0 %				
		Ferdigstille Alle protokollane skal behandlingsprotokollane i vere gjennomgått og personvernappen ferdigstilt.		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Gjennomføre - personvernkonsekvensvurderingar.		5	10	10	10	
		Gjennomføre ROS-analyser på ROS-analyse på arbeidsprosessar arbeidsprosess inkl. informasjonssikkerheit. Målet er at alle einingane og avdelingane gjennomfører to slike analysar kvar i 2022.		26				
		Gjennomføre ROS-analyser på - fagsystem saman med ROR IKT og dei andre kommunane		28	28	28	28	28
		Gjere innhaldet i lagringsstrategien kjent for tilsette rundt informasjon om		1				

Økonomiplan for 2022-2025

AUKRA I REGIONEN

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

lagringsstrategien på tilsettportalen				
Kvar eining skal melde minst 5 - avvik på brot på personvernforordninga per år	70			
Opplæring av tilsette i personvern Målet er at alle tilsette og informasjonssikkerhet skal ha gjennomført opplæringa i KS læring innan 2022. Nytilsette skal ta opplæringa som ein del av nytilsettprogrammet.	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

FORNYING, FORENLING OG FORBETRING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjør vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål	Mål	Mål	Mål
					2022	2023	2024	2025
5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester	Kartlegging av behov for - digital kompetanse blant innbyggjarane		100,0 %				
	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering	Kartlegge korleis Det er ikkje kartlagt kommunen skal jobbe med korleis vi skal heve den kompetanseheving rundt digitale kompetansen i digital transformasjon organisasjonen		100,0 %				
	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk	Compilo: Endre Bygge ny dokumentstrukturen slik at dokumentstruktur det vert enklare for tilsette basert på tema og ikkje å bruke kvalitetssystemet etter kvar den tilsette effektivt jobbar. Compilo: Gjennomføre 2 - superbrukarsamlingar per år	Compilo: Endre Bygge ny dokumentstrukturen slik at dokumentstruktur det vert enklare for tilsette basert på tema og ikkje å bruke kvalitetssystemet etter kvar den tilsette effektivt jobbar. Compilo: Gjennomføre 2 - superbrukarsamlingar per år	100,0 %	2	2	2	2
		Compilo: Informere - superbrukarar og einingsleiarar om ulike opplæringswebinar	Compilo: Informere - superbrukarar og einingsleiarar om ulike opplæringswebinar	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Compilo: Kommunen skal Kvar eining skal melde auke talet på meldte avvik i minst 10 avvik per år = Compilo totalt 140 avvik i 2022. Vi ventar ei auke på samta meldte avvik på minimum 50 avvik per år. Dette gjeld alle avvik inkl. avvik på brot på personvern og informasjonssikkerheit.	Compilo: Kommunen skal Kvar eining skal melde auke talet på meldte avvik i minst 10 avvik per år = Compilo totalt 140 avvik i 2022. Vi ventar ei auke på samta meldte avvik på minimum 50 avvik per år. Dette gjeld alle avvik inkl. avvik på brot på personvern og informasjonssikkerheit.	150	200	250	300	
	Dokumentasjonsforvaltning: - Einingar med arkivpersonell skal delta i Aukra kommune si arkivgruppe og det skal arrangerast minst 8 møter gjennom året.	Dokumentasjonsforvaltning: - Einingar med arkivpersonell skal delta i Aukra kommune si arkivgruppe og det skal arrangerast minst 8 møter gjennom året.	Dokumentasjonsforvaltning: - Einingar med arkivpersonell skal delta i Aukra kommune si arkivgruppe og det skal arrangerast minst 8 møter gjennom året.	8	8	8	8	

Økonomiplan for 2022-2025

FORNYING, FORENLING OG FORBETRING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål	Mål	Mål	Mål
					2022	2023	2024	2025
	OneDrive: Avdelinga skal - gjennomføre eit kurs om muleheitane i systemet				1			
	Teams: Gjennomføre - oppfølgingssamtalar med einingane om deira bruk av Teams				14			
	Teams: Gjere informasjon - om viktige endringar i Teamsfunksjonaliteten tilgjengeleg via Tilsettportalen				8	8	8	8
	Teams: Gjere Markedsføre ROR IKT suksesspådrivarar og sine webinar via tilsette oppmerksame på Tilsettportalen ev. nettkurs om Teams				100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
	Tilsettportalen: Alle - einingane skal minst ein representant i arbeidsgruppen til tilsettportalen				14	14	14	14

Strategi for å nå delmål

Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette

Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser.

- Serviceavdelinga skal framleis delta i faggruppene saman med dei andre kommunane i ROR IKT-samarbeidet.
- Tilsette på avdelinga skal framleis delta i ulike personvernnettverk som KiNS (kommunal foreining for informasjonssikkerhet), KS sitt SNIP-nettverk (Strategisk nettverk for informasjonssikkerhet, digital beredskap og personvern i kommunal sektor og Fagnettverk personvern og informasjonssikkerhet i Møre og Romsdal).
- Kommunen skal auke sin digitale kompetanse ved å delta i prosjektet Kompetanseløftet Digi Møre og Romsdal, saman med dei andre ROR IKT-kommunane og fylket. I tillegg skal prosjektgruppa auke kompetansen rundt digital transformasjon blant dei tilsette.

Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval.

- Kommunen skal framleis ha fokus utvikle digitale skjema som eit alternativ til papirskjema. Dei digitale søknadsskjemaane skal vere tilgjengeleg på heimesida sin søknadsmodul og på MinSide.

Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder.

- Framleis ha fokus på:
 - Opplæring av tilsette.
 - Ferdigstille behandlingsprotokollane og revisjon av desse.
 - Gjennomføring av personvernkonsekvensvurderingar.
 - Gjennomføre ROS-analyser, både på fagsystem og arbeidsprosessar.
 - Melde avvik på brot på personvernfororninga.
 - Gjennomføring av eigenkontroll og leiinga sin gjennomgang.
 - Kommunen si arkivplan skal reviderast og den skal opp til politisk behandling i 2022.
 - Gjere lagringsstrategien kjent.
- Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne

Sikre gode og likeverdige tenester

- Når det er kommunestyreval og stortingsval, skal kommunen gjennomføre førehandsrøysting på Orta.
- Orta skal vere representert på kommunen si heimeside og i sosiale media.

Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar

Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester.

- Kommunen skal starte eit kartleggingsarbeid for korleis møte utfordringa rundt digitalt utanforskap.

Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering.

- Arbeide vidare med kompetanseløft om digital transformasjon i heile organisasjonen.

Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk.

- Ved lansering av nye digitale løysingar, skal kommunen tilby opplæring i form av e-læringskurs via Tilsettportalen og/eller fysisk opplæring.
- Opplæring av politikarane i den nye politikarportalen.

Tilsettportalen

I 2021 lanserte kommunen siste trappetrinn i interninformasjonen; Tilsettportalen. Portalen er ein felles informasjons- og kommunikasjonskanal for alle tilsette i kommunen. Fokuset vidare vert å drifte og sikre bruk av portalen saman med arbeidsgruppa.

- Alle einingane skal delta i arbeidsgruppa med ein representant.
- Arbeidsgruppa skal motivere tilsette til å legge inn avdelingsnyheiter og organisasjonsnyheiter.
- Arbeidsgruppa skal ha fokus på å vidareutvikle tilsettportalen til ein kvar tid slik at den blir ein levande og engasjerande portal.

Teams og OneDrive

- Framleis ha fokus på opplæring i bruk av nye funksjonar og mulegheiter i Teams gjennom tilsettportalen.
- Sikre at alle tilsette brukar avdelingsteamet og at tilsette har kompetanse til å bruke Teams.
- Gjennomføre opplæring i bruk av OneDrive.

Kvalitetssystemet Compilo

- I 2021 gjennomførte kommunen fleire opplæringsrundar for ulike tilsettgrupper i bruk av Compilo. Fokuset framover blir å motivere tilsette til å bruke kvalitetssystemet meir aktivt til å melde avvik og å ta i bruk dokumentmalen ved å legge inn fleire prosedyrar.
- Gjennomføre årlege superbrukarmøte med einingane.
- Auke talet på meldte avvik.
- Rydde i dokumentstrukturen i Compilo.
- Gjennomføre fleire ROS-analyser.

Sak- og arkivsystemet Public360


- Fokuset framover blir å motivere tilsette til å bruke systemet meir aktivt og gjennomføre opplæring ved behov.
- Arrangere jamlege møter med arkivpersonell i kommunen.

Økonomiplan for 2022-2025

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	22 230	22 230	22 230	22 230
Sum Vedtak forrige periode	-380	-50	-280	0
Sum Budsjettendring i år	48	48	48	48
Konsekvensjusteringer	-332	-2	-232	48
Konsekvensjustert ramme	21 898	22 228	21 998	22 278
Politisk vedtak				
Nettbrett til politikarane	0	250	0	0
Sum Politisk vedtak	0	250	0	0
Innsparingstiltak				
Reduksjon i driftstilskot til ROR IKT	-1 016	0	0	0
Sum Innsparingstiltak	-1 016	0	0	0
Nye tiltak				
Auke i kontingent ROR IKT	0	400	300	300
Avlevering og rydding av kommunen sitt arkiv	250	250	250	250
Sum Nye tiltak	250	650	550	550
Nye tiltak og realendringer	-766	900	550	550
Ramme 2022-2025	21 132	23 128	22 548	22 828

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Økonomiavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Avdelinga har fagleg ansvar for økonomi, løn, innkrevjing, innkjøp og finansforvaltning. Innanfor desse områda skal avdelinga yte god fagleg bistand til einingane og utarbeide forsvarlege grunnlag for administrativ og politisk leiing sine vedtak.

Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for det administrative arbeidet knytt til taksering av skatteobjekta og utskriving av eigedomsskatt.

Avdelinga har 8 tilsette i 7,8 stillingar.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Kommunelova, av 22 juni 2018, sine føresegner kring rekneskap og budsjett m.m. legg føringar for løysinga av avdelinga sine oppgåver. I lova er det lagt sterk vekt på ei forsvarleg langsiktig økonomistyring, og det blir stilt krav om handlingsreglar og økonomiske måltal.

Avdelinga har jobba med å få til ei betre organisering og fordeling av oppgåver slik at desse har ein god samanheng og vi er trygg på å kunne ta desse i vare og ved fråvær eller endring av medarbeidarar på avdelinga. Vidare har det vore fokus på styrking av dei tilsette si kompetanse, slik at dei opplever å vere autonome medarbeidarar med stor tru på meistring og høg motivasjon for å løyse avdelinga sine oppgåver.

Avdelinga arbeider kontinuerleg med å halde seg oppdatert på digitale løysingar som kan gjere arbeidskvarldagen vår meir effektiv og medverke til betre kvalitet. Dette gjeld både for eigne interne arbeidsprosessar, men og i stor grad for arbeidsprosessane i resten av organisasjonen. Dette tek mykje tid, men gjev oss gevinst i enden.

I 2021 har avdelinga starta opp eit prosjekt for å auke bruk av eHandel gjennom fritekstbestilling. Fritekstbestilling gjev anledning til å bestille produkt og tenester frå alle leverandørar vi ønsker å gjere innkjøp med. Gevinsten er enklare og meir effektive innkjøp og fakturahandsaming, sikrare innkjøp ved at ordre vert godkjend før oversending til leverandør, sikre etterleving av innkjøpsavtalar, samt lov- og forskrift om offentlege anskaffingar. Målet er at alle einingar skal nytte eHandel fritekstbestilling innan sommaren 2022. Dette krev tilrettelegging, opplæring og tett oppfølging. Til dette arbeidet og oppfølging av offentlige innkjøp elles har avdelinga ein 30 % ressurs.

HRM er masterdata for tilgangsstyring til kommunen sine digitale system. Her er det oppretta eit prosjekt for å sikre at flyten i heile organisasjonen skal gå lettare. Prosjektet er i gang og enkelte ting har vorte betre, men det gjenstår enno ein del arbeid som vil bli slutført i første del av 2022.

Lønsområdet har hatt fokus på å erstatte manuelle oppgåver med elektroniske løysingar i saksgang. Dette for å sikre god kontroll, og minske risiko for feil i heile organisasjonen. I slutten av 2020 vart det også innført ein ekstra elektronisk kontroll med godkjenning av lønstransaksjonane på kvar einskild eining, dette for å sikre korrekt utbetaling av løn.

Nye og fleire digitale system fordrar kontinuerleg kvalitet på tilgangstyringar, elektronisk saksgang samt integrasjon mellom ulike fag og økonomisystem. Svikt i desse forhold kan få store konsekvensar som mogleg feilinformasjon til tredjepart, eller at ivedkommande får tilgang til personsensitive

opplysningars. Dette arbeidet har derfor hatt høg prioritet, og i 2021 har det vore gjort eit større arbeid for at tilsette ikkje skal ha tilgang til meir enn dei har tenestleg behov for. Det er etablert rutiner for å sikre kontinuerleg fokus og vidare arbeid med tilgangsstyringa. Avdelinga har også hatt skarpt fokus på og arbeidd for å sikre etterleving av personvernforordninga - GDPR, då dette er fundamentet for alt arbeid som omhandlar personopplysningar.

Stillinga som jurist har primært fokus på og gjev eigedomsskattekontoret sine oppgåver prioritet. Men både avdelinga elles og andre einingar/avdelingar i administrasjonen har òg hatt stor nytte og støtte i den juridiske kompetansen som no er på plass. Dette gjeld både i samband med enkeltsaker som til dømes klage- eller byggesaker, men òg knytt til gjennomgang av ulike reglement som ledd i organisasjonsutvikling.

Utfordringar og tiltak for 2022

Etter krevjande år med stor arbeidsbelasting jobbar avdelinga med å kome ajour i både daglege oppgåver og oppgåver kring internkontroll, GDPR, store refusjonsrestansar med meir.

Det har vore eit mål å redusere feilføringar i rekneskapen, gjere jamlege avstemmingar for slik å legge til rette for meir effektivt arbeid med avslutting av årsrekneskapen. Vi har eit betre utgangspunkt enn i fjar, men har enno rom for betring slik at vi kan redusere omfanget av stor arbeidsbelasting i januar og februar. Dess tidlegare avdelinga kan ferdigstille årsrekneskap dess betre utgangspunkt for avdelinga sitt arbeid vidare i året.

Ansvarsområdet offentlege innkjøp er utfordrande å følgje opp på ein tilstrekkeleg og god nok måte med ein ressurs på 30%. Dette er og årsaka til at forvaltingsrevisjon gjennomført i 2017/2018 enno ikkje er svart ut på alle forbettingspunkt. Mellom anna står punktet om å vurdere om organiseringa av innkjøpsområdet er tenleg att. Prosjekt som skal sikre auka og utvida bruk av eHandel må gjevast fokus og ressursar, for at dette kan ferdigstilla i løpet av året.

Ny strategi er utarbeidd i samarbeidet ROR innkjøp. Her står det igjen å arbeide fram ei handlingsplan for realisering av denne.

Aukra i regionen

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

**FORNYING, FOREKLING OG
FORBETRING**

Hovudmål (Slik vil vi ha Delmål (Slik gjer vi det) det)

Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvane sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval	All leveranse til løn Det er ei eining der det gjenstår blir digital å legge til rette for digital leveranse av lønsbilag. Det blir rigga eit prosjekt som tek i vare opplæring og legge teknisk til rette for dette.	Ferdig gjennomført pr. 31.12.22			
Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder	Utarbeide rutiner og retningslinjer knytt til som sikrar at den arbeidsprosessar innanfor daglege drifta er i økonomi og HRM. tråd med GDPR-forordninga	Dette gjeld rutine og retningslinjer knytt til som sikrar at den arbeidsprosessar innanfor daglege drifta er i økonomi og HRM. tråd med GDPR-forordninga	Ferdigstille innan 31.12.22			

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering		-					
	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk		Gjere tilsette i Dette inneber fysisk stand til å bruke opplæring, elæring, dei digitale og brukarmanualar av verktøya tilsette. innanfor økonomi og HRM					

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjever for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar	Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette	Økonomiaavdelinga - tek i bruk Planner i Teams for å få oversikt over oppgåver, samt oppgåvefordeling og prioritering						
	Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar	Årlig revidering av - kompetanseplan for Økonomiaavdelinga			1	1	1	1
	Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg	Økonomiaavdelinga - tek i bruk nye digitale løysingar som kjem gjennom året		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	

Strategi for å nå delmål

Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar og tilsette

Avdelinga vil og i åra framover vere interessert og framoverlent, når det gjeld å ta i bruk digitale system innanfor sitt fagområde. For å lykkast med dette må dei tilsette si endringsvilje og kompetanse takast godt i vare.

Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar

Avdelinga deltek i prosjektet Digi Møre og Romsdal - eit toårig prosjekt med mål om å etablere eit regionalt digitaliseringssamarbeid. Samarbeidet skal mellom anna bidra til auka digitalisering, betre og meir effektive tenester gjennom blant anna å løfte felles digital kompetanse, samarbeide om kompetanseutvikling og innovasjon.

Avdeling har fokus på å gjere aktuelle løysingar tilgjengeleg for kommunen sine tilsette. Brukarmaterialar og e-lærings modular blir utarbeidd og gjort tilgjengeleg, opplæring blir gjeve slik at tilsette kan nytte desse.

Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar


Dette skal sikrast gjennom eit godt arbeidsmiljø, god planlegging og struktur på avdelinga og målretta fokus i løysinga av oppgåver saman med at avdelinga er digital oppdatert.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	7 170	7 170	7 170	7 170
Sum Budsjettendring i år	49	49	49	49
Konsekvensjusteringer	49	49	49	49
Konsekvensjustert ramme	7 219	7 219	7 219	7 219
Nye tiltak				
Akkumulert auke i kontingent til ROR innkjøp	150	150	150	150
Framsikt lisens	175	175	175	175
Juridisk bistand eigedomskattekontoret	2 000	2 000	0	0
Sum Nye tiltak	2 325	2 325	325	325
Nye tiltak og realandringer	2 325	2 325	325	325
Ramme 2022-2025	9 544	9 544	7 544	7 544

Økonomiavdelinga - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Økonomiplan for 2022-2025



Organisasjonsavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Organisasjonsavdelinga har 2 faste heiltidsstillingar på HR-området og 20 % for hovudverneombod. I tillegg har avdelinga eit 2-årig engasjement som skal ha fokus på rekruttering og tiltak i rekrutteringsplanen. Den stillinga er finansiert av fond for rekruttering, utvikling og omstilling. Dei mest aktuelle lov- og avtaleverk er arbeidsmiljølova, forvaltningslova, offentleglova, lov om likestilling og diskriminering, hovudtariffavtalen og hovudavtalen.

Primæransvaret for avdelinga er å legge til rette for at kommunen sine leiarar skal ha gode verktøy for å utøve personalleiaransvaret, i tråd med delegeringsreglementet, samfunnsdelen av kommuneplanen og i tråd med tenesteavtalen mellom stab/støtte og resultateiningane.

Avdelinga har saksbehandling til administrasjonsutval og politiske utval, utarbeider planar, reglement og retningslinjer og er rådgjevarar på heile HR-området. I tillegg har avdelinga ansvar for å setje i verk oppgåver initiert av sentrale styresmakter, KS og etter lokale vedtak i politiske utval. Dette kan vere heiltidskultur, rekruttering og oppfølging av sjukefråvær i tråd med IA-avtalen.

Andre oppgåver i avdelinga er rådgjeving på tenestepensjon i KLP og SPK, lokale forhandlingar, ta i vare samarbeidet med tillitsvalde og hovudverneombodet og sekretærer oppgåver for grupper og utval som td Akan-utval og arbeidsmiljøutvalet. Avdelinga har ansvar for at all pålagt forsikring i Aukra kommune blir fulgt opp.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

I tråd med samfunnsplanen pkt 5.7 - Kompetante medarbeidarar, rekruttering - vil Aukra kommune vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar. Dette krev kontinuerleg arbeid med tiltaka i samfunnsplanen og rekrutteringsplanen, og årleg oppdatere bemannings- og kompetanseplanane i organisasjonen. Fond for rekruttering, utvikling og omstilling gir rom for å gjennomføre prioriterte tiltak og det må settast av ressursar til å arbeide med dette både i org.avdelinga, men og ute i einingane. Midlar frå fondet har gitt rom for eit 2-årig engasjement på organisasjonsavdelinga som skal ha fokus på å setje i verk rekrutteringstiltak. Målet er å få på plass gode rutinar for nokon av tiltaka slik at dei blir gjennomført med jamne mellomrom. I koronaperioden har kommunen gjort eit stort digitalt løft og mange oppgåver og møteverksemeld skjer no digitalt. Det er og vil fortsatt vere storstilt satsing på digitale verktøy og opplæring i desse.

Rekruttering av personar med rett kompetanse, utvikling av kompetansen i organisasjonen, heiltidskultur og auka nærvær er fokusset framover. Desse prosjekta heng tett saman og det er nødvendig å vere i aktive prosessar saman med politisk og administrativ leiing, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Fondet blir i enda større grad eit verktøy som gir administrasjonen rom for å tilby kompetanseutvikling både som vidareutdanning og grunnutdanning der det særskilde tilfelle er er krevjande å rekruttere. Digitalisering krev at det jobbast med omstillingar i organisasjonen.

Utfordringar og tiltak for 2022

Oppdraget til organisasjonsavdelinga er å legge til rette for at einingane skal arbeide etter sentrale lov og tariffavtaler og lokale planar, retningslinjer og reglement. Ei administrativ tenesteavtale viser ansvars- og arbeidsfordelinga mellom stab/støtte og einingane. Når verktøyet er på plass frå organisasjonsavdelinga si side blir oppgåvene formidla vidare til einingane for gjennomføring. Rette samarbeidsformer gir betre flyt og det må komme på plass under planleggingsarbeidet.

Økonomiplan for 2022-2025

I 2021 skal org.avdelinga vere med å bidra til at:

- Lokale bemannings- og kompetanseplanar vert lagt til grunn for kompetanseutvikling og tilbod om stønad frå fond for rekruttering, utvikling og omstilling.
- Samarbeide med Serviceavdelinga for auka bruk av og opplæring i KS Læring (digital læringsplattform).
- Det vert sett av ressursar både i org.avdelinga og på einingane til å arbeide med tiltak i rekrutteringplanen.
- Etterspørre oppfølging og resultat av 10-faktor undersøkinga slik at ein kjem i mål før neste undersøking.
- Forsette samarbeidet med Ror-ikt og Visma for best moglege digitale løysingar på rekrutterings- og HR-området .
- Tett samarbeid med Romsdal opplæringskontor for å betre rekrutteringa til lærefaga.
- Fokus på nærværssarbeid og finne metodar for å redusere sjukefråvær i tråd med IA-avtalen.
- Akan-gruppa er etablert og har starta arbeidet innan problematikk med rus- og avhengigheit. Målet for 2022 er å gjennomføre kurs og drive opplysningsarbeid i organisasjonen.

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning	Antall søknadar til	Tal gjeld samla for utdanningsfondet alle einingane i pr. år kommunen		12	14	15	16
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjever for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Årlig revidering av Lokale kompetanseplan	kompetanseplanar skal reviderast kvart år.		1	1	1	1
	<u>Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis</u>		-					
	<u>Legge til rette for og stå fram som attraktiv lære plass for unge under utdanning</u>		-					
	Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar	Total score på Faktor 4 er score på faktor 4 i 10- bruk av kompetanse. faktorundersøking Faktoren inneber for dei tilsette i medarbeidernes kommunen opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb. Høgste moglege score på 10-faktor undersøkinga er 5. 10-faktor undersøkinga blir gjennomført kvart tredje år.			4,4	4,4	4,4	4,5
		Total score på Faktor 7 er score på faktor 7 i 10-faktor relevant undersøkinga for kompetanseutvikling. dei tilsette i Faktor 7 inneber: kommunen Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at			4,0	4,0	4,0	4,2

Økonomiplan for 2022-2025

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
			medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjeneste som leveres, uansett hvilken type tjeneste vi snakker om. Høgste moglege score i 10-faktor undersøkinga er 5. 10-faktor undersøkinga blir gjennomført kvart tredje år.					
Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser	Antall oppmøter	Gjeld alle einingane i på Aukra kommune utdanningsarenaer og jobbmesser pr. år			3	4	5	6
Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid	Auke talet på tilsette i meinast stillingar kommunen totalt i over 80%. full stilling	Med full stilling		63,0 %	64,0 %	65,0 %	66,0 %	
Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg	-							

Strategi for å nå delmål


- Rekrutteringplanen vart revidert i 2020 og det er sett av ressursar i org.avdelinga til å planlegge og bidra til at tiltak blir gjennomført i samarbeid med einingane. Fokus blir å utarbeide materiell, møte på messer og skolar og ha ei samling for utflytta Aukraværingar. Utgifter dekkast av fond for rekruttering, utvikling og omstilling.
- Årleg revidering av lokale bemannings- og kompetanseplanar som er retningsgjevande for behandling av søknadar om stønad frå fond. Informasjon om fondet skal ligge tilgjengeleg i tilsettportalen.
- Fokus på bruk av KS Læring som er eit digitalt verktøy for å utvikle kompetansen for større grupper av tilsette, men også eit verktøy for enkeltpersonar som ønsker fagleg kompetanseløft.
- Som eit ledd i rekrutteringsarbeidet skal fleire tilsette ta utdanning som gir kompetanse i praksisrettleiing for studentar. God kompetanse og personleg eignaheit vil bidra til god marknadsføring av Aukra kommune som komande arbeidsplass.
- Romsdal opplæringskontor vart etablert i 2020 og skal følge opp at lærlingar og lærekandidatar får opplæring i tråd med opplæringsloven. Kontoret tilbyr kurs for rettleiarar og er støttespelar i opplæringsperioden. Målet er å oppretthalde 1 - 2 lærlingar pr tusen innbyggjarar.
- Oppfølging av 10-faktor undersøkinga fortset i 2021. Tillitsvalde, verneombod og dei tilsette treng større eigarskap til denne undersøkinga og kva den skal gje av resultat i organisasjonen.
- Leiarar arbeider godt med heiltidskultur og det er del av arbeidet med rekruttering, sjukefråvær og kompetansehevande tiltak. Ei gruppe har ansvar for at heiltidskultur blir eit gjennomgåande tema for heile organisasjonen. Gruppa skal no ha fokus på fleire element i personalarbeidet og gjennomføre møter med leiarar, tillitsvalde og hovudverneombod for å kartlegge tiltak som kan bidra positivt i det vidare arbeidet. Haldningar, forankring og eigarskap er viktig for utvikling av heiltidskultur. Temaet må vere løfta fram på aktuelle arenaer sentralt og på den enkelte arbeidsplass.
- Fokus på nærvær. Godt arbeidsmiljø har positiv innverknad på nærværet. Gjennomgang og analyse av sjukefråværet etter IA-avtalen skal fortsette. Leiarar skal ta opp utfordringar med dei det gjeld og ein må våge å snakke om det i medarbeidarsamtalar, i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i personalmøter.
- Avdelinga tek i bruk digitale løysingar fortløpande og div skjema blir elektroniske.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	3 862	3 862	3 862	3 862
Sum Budsjettendring i år	7	7	7	7
Konsekvensjusteringer	7	7	7	7
Konsekvensjustert ramme	3 869	3 869	3 869	3 869
Ramme 2022-2025	3 869	3 869	3 869	3 869

Organisasjonsavdelinga - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Økonomiplan for 2022-2025



Barnevern

Omtale av tenesteområdet

Barnevernstenesta i Aukra er organisert i samarbeid med barneverntenesta i Molde kommune. Molde kommune er vertskommune i samarbeidet. Vestnes kommune er òg ein del av samarbeidet.

Målet for samarbeid innan barnevern er å sikre ein robust teneste med høg kvalitet. Barnevernet si oppgåve er å yte hjelpe til barn, ungdom og deira familiar, samt å gje råd og rettleiing til samarbeidspartnarar. Målet for tenesta er at brukarane skal få rett hjelpe til rett tid og å støtte alle brukargrupper gjennom tverrfagleg samarbeid og utvikling. Tenesta skal sikre at barn og unge, som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelpe og omsorg. Tenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernstenesta har eit spesielt ansvar for å hindre at barn får varige problem, ved å avdekke situasjonar som etter barnevernlova gir grunnlag for tiltak.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Barneversreforma trer i kraft i 2022. Aukra kommune har vore aktiv medspelar i førebuingane fram mot at reformene skal tre i kraft. Det er usikkert om styrkinga kommunen får i rammeoverføringa frå staten vil vere tilstrekkeleg når kommunen sitt finansieringsansvar for barnevers-tiltak blir større. Det er difor viktig å systematisere førebyggande arbeid mot barn og familiar ytterlegare i kommunen sine eigne tenester, slik at ein der det er mogleg kan "stoppe" saker før det må bli ei barnevernssak, og spesielt saker der det blir naudsynt med anten fosterheim eller plassering i institusjon.

Hausten 2021 er kommunedirektøren, på oppdrag frå kommunestyret, i dialog med Hustadvika kommune om eit potensielt barnevernssamarbeid frå 2023. Dette vil vere avklart når vi kjem til årsskiftet 21-22.

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål	Mål	Mål	Mål
					2022	2023	2024	2025
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	<u>Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette</u> <u>Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelpe til å bere si eiga bagasje</u>	-						
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	-						
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskelttilbod for foreldrerettleiring <u>Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid</u> <u>Tilgjengelege lågterskelttilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)</u>	COS-P Sertifisering (foreldrerettleiring) Føre statistikk over sertifisering i COS-P i einingar Helse, barnehage og skole.		6	6	6	6	

Strategi for å nå delmål

Å kvalifisere tilsette til å snakke med og følgje opp barn og unge på ein profesjonell måte, skal framleis prioriterast i Aukra kommune. Aukra kommune har i 2021 hatt ei omfattande satsing på kursing av tilsette i Helse (helsesjukepleiarar), barnehage og skole som eit ledd i å trygge dei vaksne i sine møte med med barn og unge i kvardagen. I dette ligg òg å følgje opp og rettleie føresette. Dette skjer i etablering av eigne foreldrekurser basert på den same satsinga som tilsette har vore ein del av. Tilsette som kursar føresette har eiga sertifisering for det. Gjennom satsinga "Trygghetssirkelen" ønskjer kommunen òg at den generelle kvaliteten i møtet tilsett-barn skal verte slik at ein på sikt lettar behovet innan helsetenesta.

Møteplass for ungdom med faste voksenpersonar er etablert hausten 2021. Sjølv om dette ikkje er eit tiltak i regi av eining Helse, er det eit viktig førebyggande tiltak som forhåpentleg vil bety noko for m.a. psykisk helse i målgruppa for tiltaket, og med det arbeidet som eining Helse har ansvar for.


"Rett hjelp til rett tid" skal vere ei rettesnor for alle tilsette. Internt i Aukra kommune - og i eksterne samarbeid - har tilsette difor eit ansvar for å bidra til å skape samanheng i tilbodet til barn og unge.. Dette gjeld opp mot barn og unge sjølv, men òg opp mot deira foreldre/føresette og familiane.

Aukra kommune skal ha tilgjengelege og kjente ordningar som bidreg til utjamning av sosiale skilnadar, som hindrar utanforskap og som bidreg til deltaking på ulike arenaer der barn og unge har eit ønskje om å vere med.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	7 780	7 780	7 780	7 780
Konsekvensjustert ramme	7 780	7 780	7 780	7 780
Nye tiltak				
Endring i finansiering av barnevernstiltak	1 710	1 710	1 710	1 710
Sum Nye tiltak	1 710	1 710	1 710	1 710
Nye tiltak og realendringer	1 710	1 710	1 710	1 710
Ramme 2022-2025	9 490	9 490	9 490	9 490

Barnevern - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Pedagogisk rådgjevar

Omtale av tenesteområdet

Pedagogisk rådgjevar er skole- og barnehagefagleg ansvarleg

Pedagogisk rådgjevar har utgreiings- og sakshandsamaransvar i høve til ressursfordeling, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i skole og barnehage.

Pedagogisk rådgjevar har økonomiansvar mellom anna for skoleskyss, PPT, Aukrabarn som går i barnehage i andre kommunar, Tøndergård skole, vaksne som får opplæring etter opplæringslova (utanom framandspråklege), spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp for barn og elevar som går i barnehage/skolar i andre kommunar. I tillegg leiar og følgjer pedagogisk rådgjevar opp styrarmøte og rektormøte. Ei ny oppgåve lagt til stillinga er eit overordna ansvar for å leie prosessar innafor personvern/GDPR i oppvekstfeltet.

Ei viktig oppgåve er å legge meining i omgrepene "Aukraskolen" og "Aukrabarnehagen". Dette inneber å identifisere kvalitetsstandardar for drifta som skal gjelde begge skolar, og begge barnehagar.

Pedagogisk rådgjevar deltek i interkommunalt samarbeid i Kunnskapsnett Romsdal, Digitaliseringsgruppe Oppvekst, samt Fagråd GDPR.

Pedagogisk rådgjevar er barn og unge sin representant i saker etter plan- og bygningslova.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

- Vidareutvikle arbeidet med barnehage- og skolemiljø.
- Vidareutvikle arbeidet med tilpassa opplæring, spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp.

Utfordringar og tiltak for 2022

Barnehage- og skolemiljø

Barnehagane og skolane skal arbeide førebyggjande og fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Både barnehagane og skolane har eit skriftleg system for å vareta barna/elevane sitt miljø i Aukra.

Det er i dag lovfesta krav om at tilsette skal:

- Følgje med
- Gripe inn
- Varsle
- Undersøke
- Setje inn eigna tiltak

Det skal vere ei skriftleg aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Omgrep som *nulltoleranse* og *sårbare barn* vert og ein viktig del av fagspråket. I arbeidet med miljøet skal alle som arbeider med barn

og unge kunne identifisere når ein har *mistanke om eller kjennskap til* at eit barn ikkje har det trygt og godt.

Aukrabarnehagen og Aukraskolen har systemet på plass og er godt i gang med arbeidet.

Det gjeld å sikre at tilsette har rett kompetanse og arbeider i samsvar med lovverket.

Tilpassa opplæring - spesialundervisning

All opplæring i skolen er *tilpassa opplæring*. *Spesialundervisning* er også tilpassa opplæring - i barnehagen har vi *spesialpedagogisk hjelp* for enkelte barn.

Anerkjente forskingsrapportar viser at spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp fungerer når hjelpa vert gitt riktig. Forskingsrapportane viser at størsteparten av denne "hjelpa" verkar mot si hensikt eller har ingen effekt. Om lag 1/3 har effekt.

Aukra kommune vil i 2022 arbeide vidare med desse problemstillingane. Først og fremst vil vi at elevar som treng det mest skal bli møtt med vaksne som har kompetansen som trengst. Vidare vil vi etter kvart sjå på dei vedtaka som genererer få timer med spesialundervisning – er det her i det heile tatt naudsynt med spesialundervisning, og skal vi heller tenkje litt annleis for å møte desse barna sine behov?

BARN OG UNGE**Hovudmål (Slik vil vi ha det)****Delmål (Slik gjer vi det)****Indikator****Indikatorbeskriving**Siste
måling
2020Mål
2022Mål
2023Mål
2024Mål
2025

2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	<p>Analysere samla Etter at kvar eining har svart på kompetanse til alle spørjeskjema om kompetanse, tilsette i vert den samla kompetansen i Aukrabarnehagen Aukrabarnehagen og Aukraskolen og Aukraskolen, analysert.Kompetansekartlegginga samt lage gjera i samarbeid med tiltaksplan. Kunnskapsnett Romsdal (Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes) og Høgskolen i Volda.</p> <p>Bidra til å sikre Leie det intrekommunale "Fagråd personvernet GDPR"- 7 møte per år- Fagrådet (GDPR) for består av ein representant for barnehagebarn og kvar kommune Aukra, Molde, elevar. Rauma, Vestnes) i tillegg til leiar- Oppdatere bestillingsskjema for appar i barnehage og skole- Lage plan for å godkjenne appar i barnehagar og skolane</p>	1	0	0	0
		Leggje til rette for I barnehage- og skoleåret 2021-22 kompetanseutvikling tilbyr Aukra kommune for alle tilsette i desentralisert Aukrabarnehagen kompetanseutvikling i samarbeid og Aukraskolen med Høgskolen i Volda. Barnehagane valde temaet "Psykososialt barnehagemiljø". Kompetanseutviklinga gjeld for alle tilsette. Det er eit mål at både barnehagane og skolane også skal vere i gang med kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskolen i Volda. Det er Kunnskapsnett Romsdal (Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes) som har utarbeidd tilbodet i samarbeid med Statsforvaltaren og Høgskolen i	7	7	7	7
			1	1	1	1

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator

Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

		Volda. Det er eit mål at det skal vere deltaking frå Aukra kommune, så lenge tilbodet varer. Planen er at tilbodet skal vere permanent				
		Tilrettelege for, Rektormøta har følgjande på gjennomføre og dagsorden:- Utvikling- følgje opp 10 Læringsmiljø- Tilpassa opplæring- rektormøte pr. år Styringssignal. lokalt og nasjonalt- Samordning mellom skolane, og mellom skolane og kommunen	10	10	10	10
		Tilrettelege for, Styrarmøta har følgjande på gjennomføre og dagsorden:- Utvikling- følgje opp 10 Barnehagemiljø- Styringssignal. styrarmøte pr. år lokalt og nasjonalt- Samordning mellom barnehagane, og mellom barnehagane og kommunen	10	10	10	10
		Tilstandsrapport Det skal årleg leggjast fram felles tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen.Tilstandsrapporten skal mellom anna ha kapittel om økonomi, personale (bemanning og kompetanse), miljø og læringsresultat.	1	1	1	1
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen	Utarbeide plan for tilpassa opplæring i på høyring i 2022, og politisk vedteken i 2022/2023TILPASSA OPPLÆRING = ORDINÆR TILPASSA OPPLÆRING + SPESIALUNDERVISNING Planen vil vere eit verkty for å sikre krav i opplæringslova:- § 1-3 Tilpassa opplæring- § 1-4 Tidleg innsats på 1.-4. trinn- § 2-8 Særskild norskopplæring for	1			

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Barn og unge Hovedmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
		elevar frå språklege minoritetar- § 2-16 Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)- § 4A-1 Rett til grunnskoleopplæring for vaksne- § 4A-2 Rett til spesialundervisning på grunnskolens område- § 4A-13 Opplæring av vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)- § 5-1 Rett til spesialundervisning- Læreplanen- Kommunens samfunnssdel- Plan for barn og unge i AukraPlanen vil bygge på tidlegare planer, prosedyrer og erfaringar. Med god tilpassa opplæring av høg kvalitet vil fleire elevar kunne meistre grunnskolen, vidaregåande skole, og eit (ofte) krevjande arbeidsliv. Fleire elevar vil kunne få ordinært tilpassa opplæring, og færre elevar vil ha behov for spesialundervisning.					


Strategi for å nå delmål

I 2022 vert det arbeidd med ein felles plan for opplæring for Aukraskolen.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	8 859	8 859	8 859	8 859
Sum Budsjettendring i år	2	2	2	2
Konsekvensjusteringer	2	2	2	2
Konsekvensjustert ramme	8 861	8 861	8 861	8 861
Innsparingstiltak				
Reduksjon av kjøp frå kommunar	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Sum Innsparingstiltak	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Nye tiltak				
Økte transportkostnader	250	250	250	250
Sum Nye tiltak	250	250	250	250
Nye tiltak og realendringer	-950	-950	-950	-950
Ramme 2022-2025	7 911	7 911	7 911	7 911

Pedagogisk rådgjevar - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Næring, revisjon, kyrkja mm

Omtale av tenesteområdet

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarende 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. For 2022 er tilskotet berekna til kr. 25.000.000,-.

Etter overføring av tilskot i 2022, har Aukra kommune ytt eit samla bidrag på kr. 291 mill.- til samarbeidet.

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av Kirkeloven § 15. Vidare er det i K-sak 36/09 pkt. 4 fatta vedtak om kommunen skal gje eit årleg tilskot til Soknet slik at dei klarar ordinær drift og økonomiske forpliktingar knytt til bygging av kyrkjelydshus. Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett til kr. 3.226.000,- ut frå Aukra Sokn sitt meldte behov, då korrigert for auka lønsutgifter.


Møre og Romsdal revisjon IKS

i KS-sak 53/21 er følgjande opplyst: "Kjøp tenester frå revisjonen: Aukra kommune v/kontrollutvalet kjøper revisjonstenestene frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Frå 1.1.2019 har revisjonstenestene blitt fakturert etter medgått tid. Det er difor stipulert eit beløp på bakgrunn av erfaringstal. I tilbakemeldingar vi har fått frå revisjonen 20.08.21 er det stipulert kr 600 000 til rekneskapsrevisjon i 2022. Dette er ei auke på kr. 150.000,- frå 2021, men budsjettet for 2022 er meir i tråd med dei faktiske utgiftene i 2021. Det vart budsjettet med kr 350 000 til bestilling av forvaltningsrevisjon i 2021. Det er ikkje planlagt å bestille eit eige forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2022, men det kan vere aktuelt å delta i ein forvaltningsrevisjon i eit og eigarskapskontroll i samarbeid med andre eigarkommunar i 2022. Difor vert det avsett kr 100 000 til dette formålet. Samla utgifter til revisjon vert etter dette kr 700 000 for 2022.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	28 442	28 442	28 442	28 442
Sum Vedtak forrige periode	-100	-159	-201	-201
Konsekvensjusteringer	-100	-159	-201	-201
Konsekvensjustert ramme	28 342	28 283	28 241	28 241
Ramme 2022-2025	28 342	28 283	28 241	28 241

Næring, revisjon, kyrkja mm – Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Gossen barne og ungdomsskole

Omtale av tenesteområdet

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1.-10.årssteg. Eininga har budsjettansvar for to område- grunnskole og SFO.

Skolen har no 290 elevar og 60 tilsette. 39 elevar har spesialpedagogisk vedtak etter Opplæringslova § 5-1 og 14 elevar har vedtak etter Opplæringslova § 2-8, særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. 45 elevar deltek på leksehjelp som er ei ordning for 3.-10. klasse og 32 barn går på SFO. Det er 23 nasjonaliteter representert på skolen.

Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute.

Kunnskapsløftet 2020- Fagfornyinga: Skolen fekk ny overordna del med verdier og prinsipp for opplæringa og nye fagplanar i 2020. Formålet med fagfornyinga, er at det elevane skal lære er relevant og framtidsretta. Kompetanse, djubdelæring og elevinnvolvering er viktige element som vi skal jobbe mykje med.

Tre tverrfaglege tema skal prioriterast :

- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmestring

Den naturlege skolesekken(DNS): Nasjonal satsing vi er med på for å stimulere til berekraftig utvikling. Gjennom deltaking i Den naturlege skolesekken får skolane økonomisk støtte til fagleg og didaktisk påfyll og rettleiing. Vi har samarbeidd med Bygdekvinnepane på fleire prosjekt som t.d ”Frå fjord til bord”. Tema dette skoleåret er : Energi

LINK: Vi fortsett arbeidet med Livsmestring i norske klasserom. Folkehelse og livsmestring som tverrfaglege tema i skolen skal gi elevane kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse, og som hjelper elevane til å ta ansvarlege livsvalg. LINK skal vere til hjelp for gode samtalar, utforskande refleksjon, leik og moro som angår oss alle.

MOT: Aukra skal vere pilotkommune og skulane har MOT-programmet: Skolen som samfunnsbyggjar. Målet er som uttrykt i barne- og ungdomsplan og i samfunnsplana vår: Felles ansvar; «det må ein landsby til å oppdra eit barn»

Camp GBU: 1.-4.klasse har uteskole kvar veke. I samband med dette har vi fått tingslyst eit område til utandørs opplæring. Området er nær skolen, er i ly for vind, nær fjøra og ligg i ein liten skog som innbyr til leik og læring. Elevane drøymer om ein gapahuk nede på Camp GBU. FAU er pådrivar for å få det til.

KOKK-ernæring: Vi har no 100% kokk og ser at elevane set stor pris på å kunne starte dagen på skolen med havregrynsgraut og at dei i tillegg får ein lunsj i veka. Dette er flott for skolemiljøet og dette gjer vi for å fremje konsentrasjon og læringa til elevane.

Rammeplan for SFO: SFO fekk i år si første nasjonale rammeplan og gjeld frå 1.aug 2021. Planen skal bidra til eit meir likeverdig tilbod i SFO til barna over heile landet.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Inkluderande barnehage- og skolemiljø: Satsinga som no går mot slutten har styrka kompetansen vår i å fremme trygge miljø og forebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Fokuset framover vil vere å ta med oss det vi har lært og knytte det saman med ny kunnskap. Tilsette på barnehagane og tilsette i skolane hadde i august ei felles skolering i utviklingspsykologi og Trygghetssirkelen. Målet var å auke vår forståing av kor avgjerande eiga rolle er i møte med barnet. Vi har no felles språk og felles kompetanse som gjer at alle tek det med i sine møte med elevane. Vi har også laga felles verdiplattform som vi jobbar med å implementere.

Cos-P og Cos-Skole: målet i første omgang er å sertifisere ein pr klassesteg. Det er i barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Emosjonell utvikling får meir og meir ein plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Vi skiftar no fokus frå å sjå på eleven si ytre åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet/elevaen frå innsida. Det blir beskrive som eit fagleg paradigmeskifte i barne- og ungdomsplanen.

KLIMA OG MILJØ**Hovudmål (Slik vil vi ha det)****Delmål (Slik gjer vi det)****Indikator****Indikatorbeskriving**Siste
måling
2020Mål
2022Mål
2023Mål
2024Mål
2025

8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet	Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular	Gjere Aukra Gjeld Barnebo barnehage. kommune sin Presentere planen for Klima- og tilsette på miljøplan 2030 utviklingsmøte.Presentere kjent for dei planen for foreldra på tilsette og FAU-møte foreldra					
--	--	--	--	--	--	--	--

Strategi for å nå delmål

Godt samarbeid mellom Aukrabarnehagane slik at vi utviklar eit likeverdig tilbod til barn og foreldre.

Vidareføre kompetansen vi har oppnådd gjennom deltaking i satsinga Inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBSM) inn i REKOMP-satsinga saman med Høgskulen i Volda.

Vidare kulturbygginga med å finne gode samhandlingsformer for "To hus tett-i-tett".


Arbeide godt med plan for bemanning- og kompetanseplan for eininga for å synleggjere behov for bemanning og kompetanse.

Gjennom samarbeid med tilsette, tillitsvalde og verneombod kartlegge oppfølgingsarbeidet for sjukefråvær. Gjennom analyse av resultatet av kartlegginga finne årsak til det høge sjukefråværet og søke å sette inn tiltak for å få det ned.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	17 799	17 799	17 799	17 799
Sum Budsjettendring i år	1 114	312	312	312
Konsekvensjusteringer	1 114	312	312	312
Konsekvensjustert ramme	18 913	18 111	18 111	18 111
Ramme 2022-2025	18 913	18 111	18 111	18 111

Barnebo barnehage - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Bergetippen barnehage

Omtale av tenesteområdet

Bergetippen barnehage er ei pedagogisk verksemnd som vert drive i tråd med Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Verksemda skal ivareta barns behov for omsorg og leik, fremme læring og danning og vere eit tilgjengeleg og likeverdig tilbod for alle barn i barnehagealder på fastlands - Aukra. Barnehagen er starten på utdanningsløpet for barn og målet er at motivasjon for læring og utvikling skal bli etablert og vare gjennom heile utdanningsløpet og vidare inn i vaksenlivet. Barnehagen er såleis ein særskilt viktig arena for tidleg innsats. Bergetippen har 90 plassar for barn i alderen 1 – 5 år.

Bergetippen har ei stødig og solid personalgruppe. God kompetanse fagleg og personleg er ei viktig for kvaliteten på tenesta. Barnehagen sin personalsamansetjing er godt innafor norma for pedagogisk bemanning. Dei tilsette viser også stor grad av engasjement og glede i jobben.

Dei nasjonale ordningane med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid til dei med lågast inntekt gir flest mogleg høve til å nytte barnehagetilboden. Aukra kommune sin ordning med søsken-moderasjon for familiær med barn både i barnehage og SFO er ei god økonomisk hjelpe for småbarnsfamiliane i kommunen.

Barnehagen vil vere en god støttespelar for foreldra i omsorga for barna. Bergetippen tilbyr kvar haust foreldreksurs i Cos- p (circel of security) til alle foreldre (først og fremst 3 åringane). Denne kompetansen vert også nytta som tilbod individuelt til foreldre som ønsker det.

Aukrabarnehagen har vert med i satsinga inkluderande barnehage og skolemiljø som har gitt auka kompetanse i å førebygge, avdekke og handtere mobbe-åtferd. Stortinget vedtok endringar i barnehagelova gjeldande frå 01.01.21 Det handla om skjerpa aktivitets-plikt ved mistanke om at barn ikkje opplever at dei har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Bergetippen skal fortsette å vere ein barnehage som bær preg av god relasjon og godt samspel mellom barn – barn og barn-vaksne. Barnehagetilboden skal vere av høg kvalitet. Både leiinga og andre tilsette skal utøve god pedagogisk praksis. I 2022 skal ein ta i bruk aksjonslæring/forsking der tilsette skal forske på eigen praksis.

Tilpassa barnehagedrifta til demografien i Julsundet. Prognosar viser at ein kan få ei auke i barnetalet i åra framover. Ein skal oppretthalde praksisen med å vere fleksible og ha vilje til omstilling/tilpassing av tilbod når familiær søker plass i løpet av året. Dette er viktig for å sikre barna tilbod i kommunen vår.

Barnehagen skal investere i meir teknologi. Smartboard og nettbrett. Dette for å få høve til betre bruk av digitale løysingar både for tilsette, men også barns læring.

Utfordringar og tiltak for 2022

Barnehagen sin inntekt er variabel og vert påverka av talet på barn over og under 3 år, talet på dei som har rett til redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid, søskenmoderasjon internt i barnehagen og søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO.

Økonomiplan for 2022-2025

Lov om barnehage stadfestar krav om bemanning, talet på barn pr. vaksne og talet på barn pr. pedagog. Å oppretthalde denne bemanninga ved sjukdom, eller anna fråvær er krevjande. Det er svært vesentleg for kvaliteten på tenesta og for økonomien at vi lykkes med å halde oppe nærværet. Dette har vi fokus på.

Fleire pedagogar pr. avdeling gir betre kontinuitet i det pedagogiske arbeidet, tettare oppfølging barn og familiar, samarbeid med andre etatar mm. Det er ei god styrke og kvaliteten vert betre når ein har to leiarar på kvar avdeling. Utfordringa med to pedagogar er at det utløyser meir plantid. Pedagogane skal ha 4 t. plantid pr.veke. Det betyr at det kvar veke er 4 timer x 2 at dei ikkje er saman med barna. Vi ser at fagkompetansen er ei styrke, men bemanningstettleiken saman med barna vert lågare. Dette arbeider vi for å finne ei god løysing på.

Julsundet er ei bygd i vekst med mykje tilflytting. Fram til no har ein hatt kapasitet til å ta imot barn som kjem til i løpet av året. For å greie det har ein ved fleire tilfelle valt å ta imot eit barn for mykje på avdelinga. Dette for at barnet skal få gå saman med dei barna det seinare skal gå på skole saman med.

ATTRAKTIV KOMMUNE
Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Delmål (Slik gjer vi det)
Indikator
Indikatorbeskriving

 Siste
måling
2020

 Mål
2022

 Mål
2023

 Mål
2024

 Mål
2025

1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling. Levere gode kommunale tenester av folketalet, lik gjennomsnittet i landet

Aukrabarnehagen Kor mange barn skal ha god fagleg busett i Aukra er kvalitet og vere gjestebarn i eit førsteval for barnehagar i andre foreldre i Aukra kommunar?

Barn som vert Barn som fyller eitt år eitt år gjennom i perioden desember året, og søker om - juli har først rett til plass, skal få plass frå august.Kor plass i mange barn som Aukrabarnehagen fyller eitt år i perioden desember - juli og søkte plass fekk plass i barnehagen?

Barnehagebarn Indikatoren gjeld for som flyttar til Barnebo og kommunen, og Bergetippen som søker om barnehage. Gjeld plass, får plass i barn som ikkje har barnehagen lovfesta rett til plass, men som søker plass gjennom året på grunn av tilflytting til kommunen.Kor mange barn søker plass i barnehagen gjennom året og kor mange av desse får plass/får ikkje plass?

80,0 % 90,0 % 100,0 % 100,0 %

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse	Bergetippen	Aksjonsforskning/læring barnehage: på avdelingane i samband Vidareføring av med problemstillinga inkluderende knytt til satsinga. barnehagemiljø (Regional IBSM) gjennom kompetanseutvikling Regional (REKOMP) kompetanseutvikling (REKOMP) i samarbeid med Høgskulen i Volda.					
		Utarbeide plan for Opplæring i rettleiing og verdiplattforma plan for opplæring av eit godt psykososialt miljø nyttilsette i Bergetippen barnehage						
	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Bergetippen	Kor mange varsler og barnehage: Godt aktivitetsplaner. kvalifiserte vaksne skal sørge for at alle barn blir sett, hørt og inkludert i fellesskapet.					
		Dekningsgrad av Konsekvensanalyse av bemanningsnormen i bemanning, antal barn og heile opningstida. opningstid. Vurdere utvida opningstid på Bergetippen.						
		Tilsette Vere attraktiv barnehagelærarar i arbeidsplass for Bergetippen barnehagelærarar og barnehage ut over barn og norm for ungdomsarbeidarar. pedagogettleik						
	Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje	Bergetippen	Tilsette og foreldre skal få barnehage skal opplæring i	1	1	1	1	1

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
		<p>arrangere Trygghetssirkelen. foreldreks i Arbeide gjennomgående Trygghetssirkelen med temaet med alle quart år tilsette. Trygghetssirkelen tema på foreldremøte for nye foreldremøte og i bruk ved foreldresamtalar.</p>					
	Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle	<p>Bergetippen Bergetippen barnehage barnehage deltek i deltek i MOT- satsinga: piloten "Kommunen «Kommunen som som samfunnbygger» samfunnbyggar». MOT til å leveMOT til å bry segMOT til å si nei</p>					
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	<p>Sikre at barn med nedsatt funksjonsevne barnehager sin § 37. Barn får eit egna individuelt med nedsatt tilrettelagt funksjonsevne. På barnehagetilbud ved bakgrunn av sakkyndige Bergetippen vurderingar skal Aukra barnehage. jmf § 37 i kommunen fatte vedtak Lov om barnehager. om tilrettelegging av barnehagetilbuddet til barn med nedsatt funksjonsevne. Vurdere kor mange saknader som er aktuelle og fatta vedtak kontra behov /søknad.</p>					
	Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar	<p>Bergetippen Supplement til tilsette dei barnehage tilbyr to første vekene etter at sommerjobb i to skolen tek sommerfrie. veker til 10. Vurdere om ein deler av klassingar. dagen kan frigjere ein fast tilsett til å fullføre dokumentasjon, årsrapportering.</p>					

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

	Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen	Tidleg innsats for barn Gjeld barn med nedsett med nedsatt funksjonsevne. funksjonsnivå skal ha Tilrettelegging innanfor likeverdig tilbod i det ordinære Bergetippen barnehagetilbodet, barnehage. funksjon 201Tilrettelegging funksjon 211, - vedtak frå skkyndig instans. Andel barn med vedtak etter § 31Andel barn med vedtak etter § 37Samanlikne med andre kommunar og med M og R fylke	
2.3 Medverknad frå barn og unge	Alle barn og unge skal få erfare glede av ansvaret for å medverke i eige liv og aktiv deltaking i demokratiske prosessar	Barna i Bergetippen Lyttande pedagogikk. barnehage skal få Barn skal verte møtt med oppleve demokratisk respekt og anerkjenning. deltaking ved å bidra Vektlegge barnas og medverke til synspunkt i samsvar med barnehagens innhald, deira alder og modning. uavhengig av Barna skal oppleve at kommunikasjonsevner barnehagen er til for og språklege dei. Tilsette skal ha :1. ferdigheter. Jmf. RP Kunnskap om 2017 medvirkning2. Sjå, lytte og involvere barna3. Samtal med barn.	
		Bergetippen Gi plass til dei 3 barnehage skal følge pedagogane i Reggio Emilia sin filosofien/verdigrunnlaget filosofi om etikk og : 1. Barn: har sin eigen demokratitanke. kompetanse og lærer av kvarandre. 2. Den vaksne : er nærverande og lyttande. Reflekterer saman barna og med andre vaksne. (tilsette og foreldre)3. Rommet,	

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste	Mål	Mål	Mål	Mål
				måling 2020	2022	2023	2024	2025
			material, omgivnader : Barna skal møte inspirerande omgivnader og materiale, som gir dem gode høve til å undersøke og lære					
2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø	Arenaer for variert fysisk aktivitet	Utvikle gode motoriske ferdigheter	Gjeld Bergettippen barnehage.Bruke leikeplassane og turområda dagleg. Gi stimuli og utfordring til allsidig fysisk aktivitet. Utvikle og vedlikehalde uteområdet. Ha rom for boltrelek inne.					
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for forelderrettleiing	Bergettippen barnehage arrangerer kveldar. foreldrekskolen for foreldre kvar haust, med åtte kveldar	Kurset er fordelt over åtte kveldar.		8	8	8	8
		Etablere samarbeid med andre etater ved behov. med	Gjeld Bergettippen med andre etater ved barnehage. 2 faste møter kvart halvår. Opprette samtykke frå foreldre og samarbeid med andre etater ved behov. Samarbeid med skole om overgang til skolen.10 styrarmøter pr. år saman med pedagogisk rådgjevar. Samarbeid om rutiner om GDPR.					
		Gjennomføre foreldresamtalar med foreldre kvart år. Utanom	To samtaler med alle					

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

foreldre som har barn desse: oppstartsamtale
i Bergetippen med nye barn, hyppigare
barnehage samtalar ved behov,
tilbod om
foreldrerettleiing
individuelt ved behov.

AUKRA I REGIONEN

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvane sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval		Alle foreldre med barn i Bergetippen tek i bruk Min barnehage får tilgang barnehage føresatt- og opplæring til Min appen.					
			Alle tilsette i Sikre opplæring til alle Bergetippen tilsette barnehage brukar Min barnehage - ansatt app		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
			Tilsette i Bergetippen Teams skal ver den barnehage skal bruke naturlege Teams som kommunikasjonskanalen kommunikasjonskanal tilsette imellom. seg i mellom					
			Tilsettportalen: Alle tilsette skal kjenne tilsette i Bergetippen til og kunne nyttiggjere barnehage skal vere seg tilsettportalen. kjent med funksjonane i tilsettportalen					
	Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder		Alle tilsette i - Bergetippen barnehage skal gjennomføre e- læringskurs om GDPR i KS.		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
			Bergetippen Skal vere fullført i 2022. barnehage skal lage behandlingsprotokollar for alle behandlingar av personopplysningar og sensitive personopplysningar.	Ferdigstilt 2022.				

FORNYING, FORENLING OG FORBETRING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk	Min Barnehage – Alle tilsette i ansatt appen Bergetippen	barnehage skal kunne bruke alle funksjonane i appen.					
		Teams - Alle - tilsette i Bergetippen	barnehage skal vere godt kjent med funksjoner					
		Tilsettportalen: - Alle tilsette i Bergetippen	barnehage skal gjere seg kjent med portalen					

**KOMPETENTE MEDARBEIDARAR,
REKRUTTERING**

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning		Alle tilsette ved Bergetippen barnehage kompetansehevinga: godt skal delta i psykososialt barnehagemiljø kompetansehevinga og livsmeistring gjennom Rekomp (regional kompetanseheving) saman med Høgskolen i Volda.					
			Støtte til tilsett i Økonomisk støtte til tilsett Bergetippen barnehage som tek som tek barnehagelærarutdanning. barnehagelærarutdanning Ferdig utdanna våren 2023.		1	1	1	1
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar		Bergetippen barnehage - tek imot barnehagelærarstudentar og andre elevar under barnehagefagleg utdanning.					
			Kompetanseutviklingsplan Lære om og ta i bruk for Bergetippen aksjonsforskning/læring som barnehage utviklingsverktøy. Bruke møtearenaene til fagleg fordjupning og refleksjon. 5 planleggingsdagar årleg for alle tilsette.10 utviklingsmøter på kveld for alle tilsette årleg.Kvar 14. dag møte for pedagogiske leiarar, assisterande styrar og styrar.Kvar 14. dag avdelingsmøter for tilsette på avdelinga.					
			Medarbeidarsamtalar Styrar gjennomføre med tilsette i Bergetippen medarbeidarsamtale med barnehage alle tilsette i perioden januar - mars. Innhalde: Korleis ein opplever arbeidssituasjonen sin. Organisering avv					

Økonomiplan for 2022-2025

**KOMPETENTE MEDARBEIDARAR,
REKRUTTERING**

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål	Mål	Mål	Mål
					2022	2023	2024	2025
			arbeidet. SamarbeidsklimaPersonleg og fagleg utviklingFramtidsperspektivet					
Legge til rette for og stå fram som attraktiv lærepllass for unge under utdanning	Lærling ved Bergetippen Ta imot 1 lærling i barn og barnehage ungdomsarbeiderfaget kvart år.				1	1	1	1
	Tilby praksisplass ved Bergetippen barnehage studenter/elever under barnehagefaglig utdanning.							
Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette	Gjennomføring av Styra gjennomføre medarbeidarsamtalar medarbeidarsamtale med med tilsette i Barnebo alle tilsette i perioden januar barnehage - mars. Innhalde: Korleis ein opplever arbeidssituasjonen sin. Organisering av arbeidet. SamarbeidsklimaPersonleg og fagleg utviklingFramtidsperspektivet							
Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid	Assisterande styrar i 100% Assisterande styrar ved stilling. Bergetippen fyller også merkantile oppgåver i sin stilling i 70%. Det er behov for at denne stillinga vert 100%.							

KLIMA OG MILJØ**Hovudmål (Slik vil vi ha det)****Delmål (Slik gjer vi det)****Indikator****Indikatorbeskriving**Siste
måling
2020Mål
2022Mål
2023Mål
2024Mål
2025

8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet

Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular

Gjere kommunen Gjeld Bergetippen sin Klima- og barnehage. miljøplan kjent for tilsette og foreldre.

Strategi for å nå delmål

Bergetippen skal fortsette å levere eit kvalitativt godt barnehagetilbod til brukarane våre. På www.barnehagefakta.no vil ein sjå frå resultatet frå foreldre-undersøkinga hausten 2020 gav Bergetippen ein skår på 4,9 av 5 moglege i foreldretilfredsheit. Dette vil vi arbeide for å oppretthalde. Vi vil vere det beste barnehagetilbodet for barn og foreldre i Julsundet med omeng.

Kvaliteten på barnehagetilbodet er i stor grad basert på god fagleg og personleg kompetanse blant tilsette. I det faglege utviklingsarbeidet har vi stort fokus på samspel mellom barn – barn og barn – vaksne. Men også samspelet mellom vaksne – vaksne er viktig for kvaliteten.

Bergetippen skal til ei kvar tid ta imot innbyggjarar som søker plass. Så langt har ein hatt kapasitet til å ta imot ved ved å gjere nokre små tilpassingar.

For å få nok kvalifiserte tilsette skal vi fortsette å ta imot ungdom som ønsker å prøve barnehageyrket. Vi tek også imot studentar, elever og personar på arbeidsutprøving gjennom NAV, Astero m.fl.

Å arbeide for auka nærvær er svært viktig for kvaliteten på barnehagetilbodet. Stabile tilsette som er på jobb er forutsetninga for kvaliteten. Ein vikar kan ikkje erstatte kompetansen og relasjonen som barnehagetilsette etablerer til små barn. Å arbeide i barnehage stiller krav til god helse. Ein skal kunne vere fysisk aktiv og følgje barna i leik. Ein må kunne gå på tur, ein må takle mykje lyd og røre, må kunne bære ein sekk, trille ei vogn osv. Det er ikkje alltid ein i barnehagen kan legge til rette for arbeid dersom den tilsette ikkje har helsa som skal til for å klare arbeidskvarldagen. Gradert sjukemelding er ein god ting då kan leiinga ha tettare dialog og følgje opp den sjukemeldte tett. Ein kan leggje til rette for delvis sjukemeldte om dei er sjukemeldt heile dagar.


Fortsette å bruke møtearenaene våre til faglig fokus og refleksjon.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	11 626	11 626	11 626	11 626
Sum Vedtak forrige periode	-197	-197	-197	-197
Sum Budsjettendring i år	686	686	686	686
Konsekvensjusteringer	489	489	489	489
Konsekvensjustert ramme	12 115	12 115	12 115	12 115
Nye tiltak				
Styrka tilbod til førskolebarn	556	556	556	556
Sum Nye tiltak	556	556	556	556
Nye tiltak og realendringer	556	556	556	556
Ramme 2022-2025	12 671	12 671	12 671	12 671

Bergetippen barnehage - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Økonomiplan for 2022-2025



Innvandring og integrering

Omtale av tenesteområdet

Eining for innvandring og integrering består av tre avdelingar:

- Ei avdeling som skal busette, kvalifisere og integrere vaksne flyktningar og flyktningfamiliar.
- Ei avdeling for einslege mindreårige flyktningar.
- Vaksenopplæring med tilbod om norskopplæring og grunnskoleopplæring for vaksne.

Busetting, kvalifisering og integrering.

Eininga busett i tråd med oppmoding frå IMDi. Oppmodinga for 2021 var på 17 personar. Det er 16 aktive deltakrar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består av norskopplæring, samfunnssfag og tiltak retta mot skole eller arbeid. Ved vaksenopplæringa er det også tilbod om grunnskoleopplæring for vaksne. Aukra Vaksenopplæring har eitt eige tiltak retta mot arbeid. Her kan deltakarane ha språk- og arbeidspraksis og få erfaring frå kantine/kafèdrift.

Einslege mindreårige flyktningar.

Eininga har eitt døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Der bur det to gutar frå Afghanistan på 15 og 16 år. Eininga har fem gutar som bur i eigen bustad. Det er einsleg mindreårig oppfølgingsteam (EMO) som føl opp desse gutane som alle er i alderen 17-19 år. To av dei einslege mindreårige har fylt 20 år og er ikkje lenger under omsorg av eininga. Ein tidlegare einsleg mindreårig har fått familiesameining og har ikkje lenger status som einsleg mindreårig.

Fem av dei einslege mindreårige flyktningane som er busett i Aukra kommune er lærlingar. Ein går i grunnskole, resten går i vidaregåande skole.

Vaksenopplæring.

Det er om lag 10 deltakrar som får undervisning ved Aukra vaksenopplæring. Dei aller fleste av dei er deltakrar i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrurar. Resten er andre innvandrurar med rett og plikt til norskopplæring, eller elevar som NAV kjøper norskkurs til. I startklassen vert det undervist 20 timer norsk med samfunnssfag per veke. Den arbeidsretta klassen har ein kombinasjon av 12 timer med norskopplæring per veke og 3 dagar med praksis. Både startklassen og den arbeidsretta klassen har i tillegg undervisning i digitale ferdigheter og introfag. Introfag er til dømes arbeidslivskurs, burettleiing, økonomikurs, kvardagsmatematikk og temakurs med eksterne førelesarar. I tillegg er livsmeistring og foreldrerettleiing obligatoriske modular i den nye Integreringslova. Ein klasse fullførte 8. klasse i grunnskoleopplæring for vaksne våren 2021. Hausten 2021 har ikkje Aukra vaksenopplæring tilbod om grunnskoleopplæring, då det ikkje er aktuelle kandidatar.

I tillegg til ordinære norskkurs som nemnt over, har vaksenopplæringa i vårsemesteret gjennomført norskkurs på kveldstid for ei bedrift i kommunen.

To deltakrar i introduksjonsprogrammet er elevar ved siste året av grunnskoleopplæringa (10. klasse) ved Molde voksenopplæringssenter. Dei vil vere kvalifisert til vidaregåande skole frå hausten 2022. Fem deltarar er elevar i 9. klasse same stad. Overgang til grunnskole for vaksne tel ikkje som

måloppnåing i introduksjonsprogrammet, men for den enkelte deltakar betyr det likevel at dei vert kvalifisert til vidare utdanning.

Resultat for 2021: 4 personar har avslutta introduksjonsprogrammet i 2021. Av desse har 3 personar gått over i utdanning, to på vidaregåande skole og ein på høgskole. Den siste som avslutta programmet i 2021 har flytta frå kommunen.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Samarbeidet med kommunale avdelingar, privat næringsliv og utdanningsinstitusjonar må halde fram for å sikre gode resultat i framtida. Eininga si kompetanse må ytterlegare styrkast og vidareutviklast med tanke på krava i ny integreringslov. Eininga har vore gjennom fleire nedbemanningar, og sidan talet på tilsette no er mykje lågare enn tidlegare, må alle tilsette vere fleksibel og omstillingssyktig i høve til arbeidsoppgåver, så lenge tilstrøyminga av flyktningar til Noreg er låg. Det må vere fokus på å halde på kompetanse når stor usikkerheit framleis pregar flyktningfeltet.

Eining for innvandring og integrering skal vere samarbeidspartnarar i tre Erasmus+ prosjekt. To av prosjekta har prosjektperiode frå 2020-2022, men er noko forseinka på grunn av pandemien. Det eine prosjektet har tema "Adult misinformation" og det andre prosjektet, som handlar om likestilling i tilgang til kunnskap, heiter NoManNoWomanJustHuman.

Det tredje Erasmus+ prosjektet som eininga skal vere samarbeidspartnar i, handlar om kvinner som ikkje har fått tilgang til utdanning. I dette prosjektet er prosjektperioden frå 2021 - 2023. Desse tre prosjekta vil bidra til auka kompetanse i tema som er svært aktuelle for arbeid med flyktninggruppa.

Utfordringar og tiltak for 2022

På grunn av låg tilstrøyming av flyktningar til landet, har eininga vore gjennom tre nedbemanningar dei siste åra. Det vil bli ytterlegare nedbemanningar i 2022, men det ser ut til at dette kan løysast gjennom naturleg avgang. Det er hovudsakleg i avdeling for einslege mindreårige og i vaksenopplæringa det vil vere behov for å redusere bemanninga. Sidan eininga ikkje har motteke oppmodingstal for busetting i 2022, er det framleis noko usikkerheit knytt til dette.

Eininga må framleis ha fokus på vidareutvikling av tenesta, sjølv om flyktningfeltet er prega av usikkerheit med tanke på framtidia og vidare drift.

I samband med ny lov om integrering som trådde i kraft 1. januar 2021, har eininga tilpassa tenesta etter dei nye krava i lova. Då busetting av flyktningar i 2021 har skjedd seint på året, vil dei første deltakarane som skal ha introduksjonstilbod etter ny lov om integrering først starte ved årsskiftet. Det er innført obligatoriske modular i introduksjonsprogrammet, og programmet skal i mykje større grad tilpassast den enkelte deltakar, både med tanke på varighet og innhald. Karriererettleiing og integreringskontrakt er nye element som skal takast i bruk, og den nye lova vil krevje eit tettare samarbeid med fylkeskommunen, særskilt med tanke på karriererettleiing.

Eininga vil framleis ha stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet, og det gode samarbeidet med andre kommunale einingar og privat næringsliv må halde fram. Dette med tanke på arbeidspraksis og utdanningspraksis.

For nybusette flyktningar kan overgangen til det norske samfunnet vere utfordrande, særleg med tanke på foreldrerolla i eit nytt land med anna kultur, og på samarbeid med skole/barnehage, helsestasjon

m.m. Dette ser ein enda tydlegare når kommunen no berre busett overføringsflyktningar. Eininga har frå 2016-2020 hatt midlar frå Bufetat til å gjennomføre forelderretteliingskurs i introduksjonsprogrammet. Sidan pandemien sette ein stoppar for delar av desse kursa i 2020, har eininga fått utvida perioden til å gjelde til 2021. Eininga har to tilsette som er sertifiserte ICDP (International Child Development Program) rettleiarar. Forelderretteliing er ein av modulane som er obligatorisk i introduksjonsprogrammet frå 1. januar 2021. I tillegg til dei midlane eininga fekk frå Bufetat til å sertifisere ICDP-rettleiarar og gjennomføre forelderretteliingskurs, har eininga og fått midlar frå Bufetat til å skape møteplassar for kvinner, der forelderretteliingsperspektivet skal vere i fokus. Eininga planlegg å starte opp med månadlege treff på kveldstid, der kurs innan mat og handarbeid skal kombinerast med tema som skal styrke mødrene i deira foreldrerolle i eit nytt land. Eininga vil arbeide for å få eit tilsvarande tilbod for fedre.

Det er eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og eininga vil framleis ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området med tanke på utdanningstilbod til denne gruppa.

Dersom situasjonen tillet det, vil eininga framleis ha fokus på å halde fram med fleirkulturelle arrangement som kan vise mangfaldet i kommunen og som kan føre til samhandling mellom lokalbefolking og innvandrarar.

I den nye integreringslova er det fokus på frivilligheit og friluftsliv i introduksjonsprogrammet, og eininga vil derfor halde fram med å rekruttere friviljuge som kan bidra i arbeidet med integrering. Saman med NAV og Heimetenesta, har Eining for innvandring og integrering inngått ein avtale med Stiftelsen JoinUs om gatefotball. Dette er eit tilbod ein gong i veka for alle over 15 år. Før fotballtrening møtast alle til eit måltid mat og sosialt samvære. Det er per i dag omlag 30 personar som nyttar seg av tilboden. Dette er eit førebyggjande tiltak som har fokus på meistring, nettverk og samhandling, samt å hindre einsemd og utanforskap.

Eininga vil framleis vere medlem i FFKF (Faglig forum for kommunalt flyktningarbeidere) og bidra til erfaringsutveksling med dei andre medlemskommunane både i fylket og nasjonalt.

Innføringsklasse i grunnskolen for nykomne flyktningar og andre elevar med same behov, vart starta opp hausten 2021. Eininga må saman med Gossen barne- og ungdomsskole vere delaktig i utvikle innføringsklassen for å dekke komande behov.

Pandemien har lært oss at vi må ha fokus på å få nybusette flyktningar digitale frå dag ein. Dei tilsette kan ikkje vere fysisk til stades i bustaden deira på same måte som før, og mykje av rettleiinga må derfor skje digitalt den første tida.

Eininga må i enda større grad ha fokus på digitale ferdigheiter for elevane ved vaksenopplæringa, slik at elevane kan nyttiggjere seg digital undervisning.

ATTRAKTIV KOMMUNE
Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Delmål (Slik gjer vi det)
Indikator
Indikatorbeskriving

 Siste
måling
2020

 Mål
2022

 Mål
2023

 Mål
2024

 Mål
2025

1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Legge til rette for aktiv og stimulerende fritid	Fritidsaktivitetar og Eining for innvandring og møteplassar integrering har fleire møteplassar og aktivitetar som legg til rette for ei aktiv og stimulerande fritid, Dialogkaféen, gatefotball med Stiftelsen JoinUs, Internasjonal veke, Dragefestival, matkurs og handarbeidskurs, Småbarnstrall i samarbeid med kulturskolen og andre arrangement saman med frivillige organisasjonar.	100	100	100	100	100
			Støtte til fritidsaktivitetar Alle barn med flyktningbakgrunn som blir busett i Aukra kommune, får ein gratis fritidsaktivitet det første året.	25	15	15	10
Levere gode kommunale tenester	Svarprosent på nasjonal Deltakarane i Aukra brukarundersøking for kommune sitt	94,0 %	94,0 %	94,0 %	94,0 %	94,0 %	94,0 %
	deltakarar i introduksjonsprogram får introduksjonsprogrammet tilbod om å delta i ei årleg brukarundersøking.						
	Årleg måloppnåing for Overgang til arbeid og deltagarar som har utdanning rekna som avslutta måloppnåing for introduksjonsprogrammet deltagarar som har avslutta introduksjonsprogrammet.	53,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %
Skape attraktive bumingjø	Tal på arrangement der Eining for innvandring og Eining for innvandring og integrering vil vere integrering er involvert delaktig i å skape møteplassar for nye innbyggjarar, der nyinnflytta kan samhandle	1	10	10	10	10	10

Økonomiplan for 2022-2025

ATTRAKTIV KOMMUNE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator

Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

		med innbyggjarane i kommunen, og gjennom dette bygge nettverk og kjenne at dei hører til i kommunen. T.d. Internasjonal veke, Dragefestival, matkurs osv.				
1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid	Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet	Tal på aktivitetar saman med frivilligheita	Eining for innvandring og integrering samarbeider med fleire frivillige organisasjoner, Røde Kors, avd. Aukra Omsorg, Aukra Bygdekinnelag, GIL, Røabukta velforeining, Stiftelsen JoinUs med fleire.	21	80	80

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	Barn som får støtte til å delta i fritidsaktivitetar	Barn som får støtte til å Alle barn med delta i fritidsaktivitetar flyktingbakgrunn som blir busett i kommunen får dekt ein fritidsaktivitet første året.	10	8	8	8	8
	Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen	Tal på elevar i Alle nykomne innføringsklasse	Tal på elevar i Alle nykomne innføringsklasse for innvandrarar som har nykomne innvandrarar behov for norskopplæring og opplæring i grunnleggjande ferdigheter, skal få tilbod om å gå i innføringsklasse som skal gjere overgangen til ordinær grunnskole lettare for den einskilde elev.	16	10	10	10	10
	Tilbod til barn og unge i sommarferien	Tal på 10. klassingar som Eining for innvandring og har sommarjobb i Eining integrering vil bidra til å gi for innvandring og sommarjobbar til elevar i integrering 10. klasse.	Tal på 10. klassingar som Eining for innvandring og har sommarjobb i Eining integrering vil bidra til å gi for innvandring og sommarjobbar til elevar i integrering 10. klasse.	2	2	2	2	2
		Tal på aktivitetar for barn Eining for innvandring og ungdom i integrering skal være sommarferien der Eining delaktig i å legge rette for innvandring og for aktivitetar for barn og integrering er delaktig unge i sommarferien, der forkus på integrering skal vere gjeldande.	Tal på aktivitetar for barn Eining for innvandring og ungdom i integrering skal være sommarferien der Eining delaktig i å legge rette for innvandring og for aktivitetar for barn og integrering er delaktig unge i sommarferien, der forkus på integrering skal vere gjeldande.	3	3	3	3	3
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing	Tal på gjennomførte kurs i Foreldrerettleiing er ein foreldrerettleiing for obligatorisk modul i deltarane i introduksjonsprogrammet introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarar. Opplæringa skal skje på eige morsmål.	Tal på gjennomførte kurs i Foreldrerettleiing er ein foreldrerettleiing for obligatorisk modul i deltarane i introduksjonsprogrammet introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarar. Opplæringa skal skje på eige morsmål.	1	2	2	2	2

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser		Tal på Samlingar i Møre og nettverksmøter Romsdal FFKF (Faglig der Eining for forum for kommunalt innvandring og flyktningarbeid) og integrering er landsstyret i FFKF, involvert møter i IMDi-nett brukarforum, andre møter i regionale nettverk og interkommunale samarbeid.	8	20	20	20	20

Strategi for å nå delmål

Drifte ei eining som skal yte gode og tilpassa tenester til brukarane og som skal ha eit godt fungerande apparat når det gjeld busetting, kvalifisering og integrering.

I ei tid med redusert busetting og stor usikkerheit i flyktningsfeltet, må eininga vere kreativ, fleksibel og tilpassingsdyktig slik at flyktnngane får eit godt og individuelt tilpassa kvalifiseringstilbod.

Sikre eit fagleg godt og individuelt tilpassa innhald i introduksjonsprogrammet for den einskilde deltakar, med fokus på høg overgang til arbeid og utdanning:

Eininga må sørge for at dei tilsette får naudsynt kompetanseheving som held dei oppdaterte på krava i ny lov om integrering. Det må vere fokus på godt samarbeid med aktørar som kan vere delaktig i kvalifisering av deltakarane i introduksjonsprogrammet, som til dømes andre kommunale einingar, lokalt næringsliv og friviljuge organisasjonar.

Tett samarbeid med ekstern vaksenopplæring og utdanningsinstitusjonar, særleg med tanke på kvalifisering av personar over 25 år:

Eininga må sikre tett samarbeid med aktuelle instansar og vere ein pådrivar i kvalifiseringsarbeidet av flyktingar.

Samarbeid med andre kommunar-flykningfagleg nettverk:

Eininga vil arbeide for å vere ein aktiv bidragsytar med tanke på erfaringsutveksling med andre kommunar og nettverk.


Ivareta den gode tenesta rundt arbeidet med dei einslege mindreårige flyktingane og syte for at dei får naudsynt omsorg og oppfølging.

Eininga må ha fokus på å ha trygge, vaksne tilsette rundt dei einslege mindreårige flyktingane og sørge for eit tett samarbeid med skole, barnevern, helse, Bufetat osb. Eininga må vidare sikre at overgangen frå bufellesskap til eigen bustad skal bli så god som mogleg.

Driftsbudsjett med endringar

<i>Beløp i 1000</i>	<i>Økonomiplan</i>			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	-3 374	-3 374	-3 374	-3 374
Sum Vedtak forrige periode	3 374	3 374	3 374	3 374
Sum Budsjettendring i år	134	134	134	134
Konsekvensjusteringer	3 508	3 508	3 508	3 508
Konsekvensjustert ramme	134	134	134	134
Ramme 2022-2025	134	134	134	134

Innvandring og integrering - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Kultur

Omtale av tenesteområdet

"Ikke alt som teller, kan telles. Og ikke alt som telles, teller."

A.Einstein

I dette spenningsfeltet står kulturavdelinga med sine mange arbeidsfelt og aktivitetar. Kulturavdelinga utfører tenester innafor arbeidsfelts ungdomsarbeid, folkehelse, rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid, idrett og friluftsliv, frivilligentral, kulturskole, bibliotek, samt kulturformidling og lokalhistorisk arbeid. Viktige samarbeidspartar for alle tenestene er alle som engasjerer seg som frivillige, det frivillige kulturlivet og einingane i kommunen. Kultur har delt drifta inn i ni ulike fagområde. Desse er sjølvstendige, med eigne ansvarsområde i driftsbudsjettet. Den store bredda i fagfelta vert utnytta som ei styrke i utviklinga av kulturfeltet i kommunen. Utfordringa med organiseringa er at dei fleste arbeider åleine på sitt fagfelt.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

2022 - eit spennande år for kulturtenesta med samlokalisering i nytt kulturhus

Kultur vil ha stort fokus på den føreståande samlokaliseringa av alle tilboda innafor kulturtenesta. Dette vil det vere med å forsterke kvart enkelt aktivitetsområde og gjere huset enklare tilgjengeleg for innbyggjarane og brukarane. Like viktig som at fleire kan bruke same areal er å få til samarbeid på tvers av tenestene i huset. Dei nye oppgåvene som skal løysast vil bli organisert innafor eininga og dette medfører også endringar i stillingsinnhald for fleire tilsette.

Erfaringar frå andre kommunar som har etablert nye kulturbygg viser ein sterkt vekst i aktivitet. Vi tek med oss desse erfaringane og vil arbeide for at eininga skal vere bidragsytar til å utvikle det lokale kulturlivet, som kompetansesenter og samarbeidspartner med lokalt kulturliv, lag og organisasjonar, og som arrangør av eigne førestillingar. I samarbeid med brukarane skal vi finne dei gode løysingane for organisering og bruk av kulturhuset. Arbeidet med å ferdigstille driftsplanen vil fortsette fram mot opning.

Visjonen:

Aukra kulturhus - møtestaden der alle høyrer til!

Våre verdiar:

- Alle skal kjenne seg trygge i vårt hus
- Vi skal gi alle lyst til å komme tilbake
- Alle som utfører tenester opptrer som ambassadørar for huset
-

Folkehelse: Satsinga på folkehelse i kommunen må vidareførast og er eit gjennomgående tema i samfunnsplanen. Lov om folkehelse og fleire stortingsmeldingar peiker på kor viktig det er med samhandling på tvers av sektorar. I tillegg til tidleg innsats og gode levekår, er psykisk helse eit viktig

satsingsområde.

Aukra Kulturskole: Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova, § 13-6: «Alle kommunar skal åleine, eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.» Aukra kulturskole skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk, teater og teknologi. For Aukra kulturskole er nasjonal rammeplan og lokal læreplan styringsverktøy for innhaldet og organiseringa. Regjeringa har lagt fram ein strategi som har som mål å heve kompetansen i og statusen til dei praktisk og estetiske faga, fagområda og arbeidsformer i barnehage, skole og lærarutdanninga. Strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang» beskriv kulturskolen som sentral for å styrke kompetansen innan dei estetiske faga i barnehage og grunnskole.

Aukra folkebibliotek: Lov om folkebibliotek seier at «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.» Med endring i lova frå 2013, skal folkebiblioteket legge stor vekt på møteplassfunksjonen og rolla som formidlar.

Ungdomsråd: Kommunelova § 5-2 har frå 2019 vore tydeleg på at alle kommunar skal ha eit ungdomsråd, eller eit anna medverkingsorgan for ungdom. Dette skal sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld ungdom.

Overordna mål for kulturplan 2021-2024

Arena for kulturaktivitet	Frivillig sektor	Barn og unge	Kulturformidling	Kultur og næring	Fysisk aktivitet og friluftsliv
Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.	Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter.	Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst- og kulturformidling.	Bygge merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar.	Utvikle eit godt fysisk tilrettelagt nærmiljø med flotte friluftsområde, turstiar og arenaer for fysisk aktivitet. Dette skal bidra til å gjere folk meir aktive.

Utfordringar og tiltak for 2022

Utfordringar

- Det er vanskeleg å måle effekten av førebyggande arbeid. Dette er eit langsigttig arbeid og vil vere utfordrande å ta feste.
- Vi arbeider for at kulturskolen, i tråd med sentrale føringer skal vere eit ressurscenter i kommunen;
 - I tråd med plan for ungdomslos-prosjektet ønskjer vi å tilby tilpassa opplegg for enkeltevar og grupper inn i grunnskolen
 - Vårt mål er at barn i Aukra skal få det same tilbodet, uavhengig om dei går i barnehagen/skolen på Julsundet eller på Gossen.
 - Musikkstund for 3 og 4-åringar med 4 grupper på kvar barnehage
 - Kauk og Spæll i skolen + Kor i SFO
- Regjeringa forventar at kommunen, som ein profesjonell eigar av grunnskolen og kulturskolen, arbeider for å sjå tilsetjingar i kulturskolen og i grunnskolen i samanheng. Dette er med og bygger opp under kommunen sitt arbeid om heiltidskultur.
- Førebygging av utanforskap
 - Forsking viser at frivillig arbeid er helsefremjande, både fysisk og mentalt. Det er utfordrande å nå dei som ikkje høyrer til i eit lag eller organisasjon. Vi skal arbeide for at mange fleire i alle aldrar har lyst til å vere frivillig i Aukra.
 - Sjølv om Ungdata-undersøkinga viser at ein stor andel av dei unge i alderen 8. klasse t.o.m 17 år deltek på tilbodet Open Kveld, veit vi at det er ungdommar som ikkje deltek. For å nå målsettinga om at alle skal høyre til i Aukra er det nødvendig med eit tettare samarbeid med ungdommen og foreldra.

ATTRAKTIV KOMMUNE
Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Delmål (Slik gjer vi det)
Indikator
Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid	Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet	Gode lokale for frivilligheta frivilligheita, også for dei som ikkje får fast plass på det nye kulturhuset.	Gjere avtale med faste brukarar av kulturhuset innan 1. mars.	4	4	4	4
		Marknadsføring Frivilligsentralen av koordinerer og tilskotsordninga profilerer interne og eksterne tilskotsordninga.		2	2	2	2
		Temakveldar for Auke kompetansen til frivillige pr. år frivillige gjennom å tilby temakveldar med "undervisning".		20	20	20	20
	Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen	Onsdagskafé Arrangere minimum 20 Onsdagskafé-arrangement		20	20	20	20
		Sangtreff pr. år Arrangere minimum 20 sangtreff		20	20	20	20
	Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet	Etablere Systematisere frivilligbank arbeidet med å rekruttere frivillige til einskilde oppdrag gjennom å etablere ein frivilligbank. Dei frivillige skal ha sin treffstad på frivilligsentralen. Tala er gitt i total antal frivillige i frivilligbank.		15	15	15	15
		Inkluderande Arrangere foredrag rekruttering for frivillige lag og organisasjonar. Lokale organisasjonar skal registrere seg på		2			

Økonomiplan for 2022-2025

ATTRAKTIV KOMMUNE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

Frivillig.no. Vi skal inspirere nye grupper, dei som ikke har vore frivillige før eller som sjeldan blir spurt, om å bidra til å engasjere seg i eit lag eller ei foreining. Sjå etter moglegheiter for samarbeid på tvers av organisasjonar, lag og foreiningar. Tal er oppgitt i antal arrangement pr. år.

Kulturhusets Etablere kulturhusets venneforeining venneforeining våren 2022. Tal er oppgitt i total antal medlemmar

Medverke til Det er ei målsetting etablering av at alle innbyggjarar i velforeiningar i kommunen skal områda høyre til i eit Hollingen og velforeningsområde. Falkhytten

20 20 20 20

2

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle	Etablere MOT-satellitt-team	Gjennom MOT-satellitt-team avtalen "Kommunen som samfunnsbyggjar" skal vi etablere eit satellitt team med medlemmar frå næringsliv, frivillige, unge MOT-leiarar og representantar frå kommunen. Tal er oppgitt i antal møter pr. år	4	4	4	4	4
		Utdanne Unge	Utdanne inntil fire MOT-leiarar unge MOT leiarar som skal vere gode førebilde og bidra på dei unge sin arena i kommunen	4				
Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar	Arbeide for at	Evaluere prosjektet prosjektstilling hausten 2022 og blir fast stilling arbeide for at	Evaluere prosjektet hausten 2022		Evaluere prosjektet hausten 2022	Fast stilling som miljørarbeidar		
		frå 2023 miljørarbeidarstilling blir fast stilling.						
	Fullføre prosjekt	Etter skoletid tilbodet "Møteplass for følgjer skoleruta. Eitt ungdom med arrangement i faste månaden med tema. vaksenpersonar" Open kveld tilbod på Julsundet og Gosen heile året - også i skoleferiane.	Gjennomføre aktivitetane i samsvar med handlingsplanen					
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	Kontantkassa - ei Marknadsføring to varig kommunal gonger i året slik at støtteordning den blir meir kjent og brukta. Vi skal arbeide for å opprette ei varig	Budsjettmidlar 2023					

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
			støtteordning i kommunen gjennom budsjett 2023.					
		Utlån i BUA	Vi skal auke utlånet i BUA - særleg i sommarhalvåret gjennom meir marknadsføring.	50,0 %				
2.3 Medverknad frå barn og unge	Eit aktivt ungdomsråd		Ungdommen skal finne sin plass i vere delaktiv i kuturhuset etablering av ungdomsrommet i kulturhuset		Tema i ungdomsrådsmøta			
2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø	Arenaer for variert fysisk aktivitet	Julsundmarka - Gjere Julsundmarka	meir tilgjengeleg meir tilgjengeleg med ny tursti frå undergangen Hollingen.	Oppstart 2022				
		Pumptrack med	Påverke for skatedel på etablering av Gossen og på sykkelbane Julsundet (pumptrack) med skatedel både på Gossen og på Julsundet.		Samarbeide med TET			
	Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar	Kulturhuset - ein	Kulturhuset skal vere god og møteplassen der alle inkluderande kjerner at dei høyrer møteplass for til. Gjennom alle brukarundersøking aldersgrupper der vi ber om tilbakemeldingar.			Gjennomføre brukarundersøking		
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats tid er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett overfor barn og unge. Tidleg innsats tid	Informasjon til innbyggjarane	Betre informasjonen om kva tilbod ein har i kommunen og kor ein kan få hjelp,		Oppdatere heimesidene	Oppdatere heimesidene	Oppdatere heimesidene	Oppdatere heimesidene

Økonomiplan for 2022-2025

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
			mellan anna på heimesidene.					
		Innføre BTI-	Gjennom innføring av modellen BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) skal vi sikre at barn får rett hjelp til rett tid.		Oppstart og gjennomføring av prosjektet		Opplæring og iverksetting	
		Mentoropplæring	Gi mentoropplæring "ved bekymring til to fagpersonar for for radikalisering å sikre at tiltaksdel i og valdeleg rettleiare ved ekstremisme" bekymring for radikalisering og valdeleg ekstremisme bli ivaretaken. Tal oppgitt i antal fagpersonar på mentoropplæring		2			

VELFERD OG OMSORG

Hovedmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
3.1 Kvalitativt gode tenester	Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler		Organisering av Gjennom god kulturtenesta i kommunikasjon og nytt kulturhus samhandling skal vi bygge felles kultur. Før innflytting i nytt kulturhus skal organisering av tenestene tilpassast oppgåvane vi i fellesskap skal løyse i huset. Driftsbudsjett skal også tilpassast organisering i kulturhuset.		Ferdig 1. halvår			

AUKRA I REGIONEN

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
4.4 Aukra skal styrkast som attraktiv reise- og friluftsområde	Realisere Masterplan for reiseliv 2030	Kulturmiljøplan	Ferdigstille for Aukra kulturmiljøplan med poltisk vedtak våren 2022. Aukra sognemnd/Aukra historielag har ein gong i semesteret eit arrangement med mål om å auke kunnskap og engasjement for Aukra sine kulturminne.			Tiltak innarbeidast i budsjettet		
		Turistinformasjon	Etablere i kulturhuset turistinformasjon i kulturhuset			Skal vere etablert før sommarsesesongen.		

Strategi for å nå delmål

Delmål: Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet

Strategi for å nå delmål:

- Legg til rette for at frivillige skal få ein god møteplass i kulturhuset. - Alle skal kjenne at dei høyrer til!

Delmål: Halde fram å vidareutvikle frivilligsentralen

Strategi for å nå delmål:

- Skape gode møteplassar i det nye kulturhuset.
- Frivilligsentralen skal vere ein pådrivar og legge til rette for aktivitetar som styrker nærmiljøet i kommunen.
- Utvikle organisasjonsarbeidet i kommunen med kurs for frivillige lag og organisasjonar.

Delmål: Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet

Strategi for å nå delmål:

- Systematisere arbeidet med å få med frivillige til einskilde oppdrag gjennom å etablere ein frivilligbank.
- Arrangere samlingar for dei frivillige, også gjennom å etablere sosial møteplass.
- Vi skal medverke til at det blir etablert velforeiningar i områda Hollingen og Falkhytten.

Delmål: Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle

Strategi for å nå delmål:

- Som ein av fem pilotkommunar skal vi delta aktivt i prosjektet og gjere satsinga kjent blant frivillige lag, organisasjonar og næringsliv.

Delmål: Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar

Strategi for å nå delmål:

- Med prosjektstilling som miljøarbeidar ut 2022 skal vi arbeide for å iverksette handlingsdelen i "Handlingsplan for møteplass for ungdom med fast vaksenperson". Denne er utarbeidd av arbeidsgruppe nedsett av SLT-koordineringsgruppe.

Delmål: Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer

Strategi for å nå delmål:

Økonomiplan for 2022-2025

- Marknadsføring av ordninga Kontantkassa slik at den blir meir kjent og brukt.
- Utlånsordninga BUA skal ha ein sentral plass i Kulturhuset slik at det blir enkelt å låne utstyr.

Delmål: Eit aktivt ungdomsråd

Strategi for å nå delmål:

- Ungdomsrådet skal få god opplæring og oppfølging slik at dei på best mogleg grunnlag skal kunne uttale seg på vegne av barn og unge, i saker som angår dei.

Delmål: Delmål: Arenaer for variert fysisk aktivitet

Strategi for å nå delmål:

- Vi skal oppgradere og halde ved like turstiar og idrettsanlegg, også med hjelp av frivillige.
- Bruke spelemiddelordninga til å etablere nye anlegg.

Delmål: Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitet.

Strategi for å nå delmål:

- Aukra kulturhus og basseng skal vere ein god og inkluderande møteplass for alle aldersgrupper.

Delmål: Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Strategi for å nå delmål:

- Vi skal arbeide for at informasjonen om kva tilbod vi har i kommunen og kor ein kan få hjelp, mellom anna på heimesida.
- I det tverrfaglege arbeidet skal vi innføre BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiær. Den skal medverke til tidleg innsats, samordning av tenester og foreldreinvolvering.
- Vi skal arbeide for å styrke kulturskolen som ressurssenter, mellom anna gjennom LOS-prosjektet, der eit av tiltaka; å vere ressurs/samarbeidspartner kan brukast i skolen for å styrke og motivere elevar.
- Med stilling som musikkterapeut skal vi synleggjere kulturskolen som ressurs både for skole, barnehage og helsesektoren.

Delmål: Betre sambruk av økonomi, personal-ressursar, aktivitetstilbod og lokaler

Strategi for å nå delmål:

- Alle tilsette som skal ha sin arbeidsstad i det nye kulturhuset skal medverke til at brukarane av huset får optimale tenester. Innhold i stillingar og utføring av oppgåver skal tilpassast den nye organiseringa.

Delmål: Realisere Masterplan for reiseliv 2030

Strategi for å nå delmål:


Økonomiplan for 2022-2025

- Vi skal arbeide for å etablere turistinformasjon i kulturhuset.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	10 872	10 872	10 872	10 872
Sum Vedtak forrige periode	-850	-850	-850	-850
Sum Budsjettendring i år	149	149	149	149
Konsekvensjusteringer	-701	-701	-701	-701
Konsekvensjustert ramme	10 171	10 171	10 171	10 171
Nye tiltak				
Badevertar 1,7% stilling - Aukra kulturhus og basseng	430	1 037	1 037	1 037
Opningsarrangement Aukra kulturhus og basseng	200	0	0	0
Teknikar 50% stilling - Aukra kulturhus og basseng	298	397	397	397
Årleg avsetjing til fondet "Tilskot til frivillige lag og organisasjoner"	300	300	300	300
Sum Nye tiltak	1 228	1 734	1 734	1 734
Nye tiltak og realendringer	1 228	1 734	1 734	1 734
Ramme 2022-2025	11 399	11 905	11 905	11 905

Kultur - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Institusjon og butenester

Omtale av tenesteområdet

Tenesteområdet Institusjon og butenester inneholder drift av sjukeheim, avlastningstenester og tiltak funksjonshemma.

Sjukeheimsdrift har 30 plassar på Aukra Omsorgssenter. Langtidsplassar med krevjande behandlingsoppfølging, palliativ pleie, alvorleg sjuke demente, korttids og rehabiliteringsplassar. Eit svært ressurs- og kompetansekrejkjande tenesteområdet etter at samhandlingsreforma er realisert. Pasientar som tidlegare har vore på intensiven og overvaking på sjukehuset blir no føld opp av helsepersonell i kommunen.

Aukra Omsorgssenter har kjøkkendrift med servering til sjukeheimspasientar, matombringning til heimebuande, kantinedrift til tilsette, og servering til små og store arrangement.

Vaskeriteneste: sjukeheimsdelen driftar eige vaskeri til bebuarar ved sjukeheimen, og til enkelte heimebuande som betalar for tenesta.

Bergtun er ei teneste for tiltak funksjonshemma. Avlastningstenesta er organisert som kommunal avlastning, og avlastning hjå heimebuande.

Dagsenter og aktivitetar er viktige i kvardagen til den einskilde. Eininga har fokus på å finne tilrettelagde aktivitetar ilag med brukarane slik at dei får meiningsfylde kvardagar.

Eininga tilbyr og støttekontakt til personar som treng oppfølging i forhal til aktivisering i kvardagen.

Kostnadsauken i Institusjonstenesta har dei siste åra vært i avdeling Bergtun/Avlastning då ein har fått fleire tenestebukkarar med auka behov for tenester. Bergtun /Avlastning følgjer opp personar med multifunksjonshemmning.

Administrasjon: eininga har pr i dag 108 tilsette, i tillegg er det tilsett 20 støttekontaktar som har oppdragsavtalar. Eininga har tre avdelingsleiarar og ein einingsleiar som står for dagleg drift og oppfølging av personalet. Eininga deler ressursar med eining heimetenester knytt til økonomi, velferdsteknologi og sakshandsaming.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Pleie og omsorg opplever at ein må utføre meir spesialiserte tenester på sjukeheim. Dette er ei direkte konsekvens av samhandlingsreforma. Palliativ oppfølging og komplekse behandlingsforløp for multisjuke er ein del av kvardagen. Dette krev høg dekningsgrad av sjukepleiarar som går i turnus. Det er høve for meir spesifikke vidareutdanninger som til dømes avansert klinisk sjukepleie og palliativ pleie.

Det er kontinuerleg høve for opplæring og kompetanseheving kring individuelle behandlingsforløp. Institusjonsteneste og heimeteneste skal delta i nettverk der spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta skal hospitere hjå kvarandre for å betre kunnskapsdeling.

Økonomiplan for 2022-2025

Legevaktsatellitt har vore i drift siden mars 2020, det er høve for å ha fleire sjukepleiarar med i ordninga. Drifta av satellitt krev at personell held seg fagleg oppdatert slik at tenesten opplevast trygg for innbyggjarar i kommunen.

Aukra kommune Pleie og Omsorg har god kapasitet for å ta imot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus. Tett samarbeid mellom heimesjukepleie og institusjon gjer at Omsorgsbustader kan nyttast som sjukeheimspllassar i kortare periodar og ein har difor ein fleksibilitet i Omsorgssenteret til å kunne ta imot pasientar når behovet oppstår.

Bergtun/Avlastning har fått nye brukere.

Organisering av personell for å få best mogleg tenester og aktivitetar for den einskilde er i fokus. Alle har krav om individuell tilrettelegging i kvardagen, og dei kan ha krav på Individuell plan.

Auka bruk av teknologi krev ei ny type kompetanse blant helsepersonell. Pleie og omsorg vil bruke tid til opplæring og vedlikehald av kunnskap i organisasjonen. Pleie og omsorg er heldige i den forstand at ein har det nyaste av velferdteknologi tilgjengelig og har moglegheit til å nytte dette som ein aktiv del av tenesta. Leiing og ressurspersonar vil delta i nettverk for å halde seg oppdatert på det nyaste som fins på markedet og for å sikre optimal drift av dei teknologiar vi allereie har.

Pleie og omsorg vil fortsatt ha eit aktivt samarbeid med Høgskulen i Molde for å bidra med kunnskap om velferdteknologi til helsepersonell under utdanning.

Utfordringar og tiltak for 2022

Tiltak funksjonshemma har hatt ei kartlegging av tenestenivået (2021) ilag med eksterne aktørar. Dette viste at Aukra kommune har hatt eit høgt driftsnivå til denne pasient og brukargruppa samanlikna med andre kommunar som drifter tenester til tilsvarande grupper.

Utfordringar i 2022 blir å sette i verk ei endring i organisering av tenestetilbodet til denne brukargruppa slik at ein får meir effektiv sambruk av helsepersonell i tenesta, og samstundes at ein driftar fagleg forsvarlege tenester.

Strategi for å nå mål om reduserte kostnader i tiltak funksjonshemmede:

Nye turnusar som er knytt opp mot enkeltvedtak der ein har ei plan om sambruk av personalressursar.

Forvaltningspraksis skal endrast og pleie og omsorg har starta eit arbeid med å sjå på alternative løysingar. Ein vil få til ei objektiv kartlegging og tildeling av tenestenivå for kvar einskild brukar.

Det vil og bli sett opp revurdering av tenester til alle personar i tiltak funksjonshemma ein gong kvart år. Fornying av vedtak ved at ein set inn ein obs dato slik at alle vedtak i pleie og omsorg blir revurdert.

I Bergtun og avlastningstenesta har ein hatt ein svært stor auke i kostnadane dei siste åra. På bakgrunn av dette har kommunedirektøren initiert ein gjennomgang av tenesten. Dei tilsette som kjennar brukarane best har bidrige med kunnskap som er nytta inn i analysane. Eksterne konsulentar har bidratt med analyser, kunnskap og råd. Leiinga, dei tillitsvalde og verneombod har vore involvert i arbeidet. Tilsette har vore inkludert i prosessen gjennom personalmøter og innspel via e-ost.

Prosessens synar eit potensiale for redusert ressursbruk og innsparinger i drifta, noko som utgjer ca.3 millionar kroner i 2022. Eit effektivt tiltak er omlegging av turnusane. Nokre tiltak vil krevje politisk

Økonomiplan for 2022-2025

behandling, og administrasjonen jobbar med ein eigen sak som kan leggjast frem til politikarane parallelt med budsjettsaka. Saka vil belyse bakgrunnen for prosessen, sjølve prosessen og konsekvensane for bebruarar og tilsette. Forslaget frå kommunedirektøren vil ikkje innebere oppseiingar av tilsette. Nedtrekk i stillingar kan takast frå vakante stillingar og frå naturleg avgang.

Innsparinga er ikkje innarbeid i kommunedirektørens budsjettskisse.

BARN OG UNGE

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar	Tal på 10 10 klassingar får jobb klassingar som delar av sommar som får jobb pr år ein forsmak på arbeidslivet		4	4	4	4	4
		Tal på 10 10 klassingar får jobb klassingar som delar av sommar som får jobb pr. år ein forsmak på ved Institusjon og arbeidslivet butenester			4	4	4	4

VELFERD OG OMSORG

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål	Mål	Mål	Mål
					2022	2023	2024	2025
3.1 Kvalitativt gode tenester	Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa	-						
	Avlastning og dagtilbod	Avlastning	Innvilga avlastningsopphold er ei hjelpe til pårørende med særleg tyngende omsorgsoppgåver. Målet er å nytte to plassar på Aukra Omsorgssenter til dette kontinuerleg dette utgjer 730 døgn /år.	730	730	730	730	
		Avlastning	Innvilga avlastningsopphold er ei hjelpe til pårørende med særleg tyngende omsorgsoppgåver. Målet er å nytte to plassar på Aukra Omsorgssenter til dette kontinuerleg dette utgjer 730 døgn /år.	730	730	730	730	
	Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler	Flexitillegg	Tal på vakter der fleksitilbodet er nyttig (heimeteneste og institusjon). Tal på vakter den tilsette vert flytta frå sin egen grunnturus (til anna avdeling/eining).	40	60	80	100	
		Flexitillegg	Tal på vakter der fleksitilbodet er nyttig (heimeteneste og institusjon). Tal på vakter den tilsette vert flytta frå sin egen grunnturus (til anna avdeling/eining).	40	60	80	100	
		Flexitillegg sjukepleiar	Tal på tilsette som inngår avtale. Denne indikator gjelder for institusjon, men avtalen gjer at ein kan nytte	7	8	10	10	

Økonomiplan for 2022-2025

VELFERD OG OMSORG

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
-------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------

		kompetansen i andre eininger og avdelingar.			
		Tal på sjukepleiarar i Tal på tilsette som inngår Institusjon og butenester avtale. Denne indikator med flexiavtale gjelder for institusjon, men avtalen gjer at ein kan nytte kompetansen i andre eininger og avdelingar.	7	8	10
	Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette	Vedtak på støttekontakt Pr år.	22	22	22
		Vedtak på støttekontakt pr. - år	22	22	22
		Vedtatt døgn på Tal på døgn korttids/rehabiliteringsplassar korttidsplassa/rehabilitering pr år. Målet er å nytte heile korttidsavdelinga(6 plassar) fullt ut til ei kvar tid, dette målet sån på 2200 døgn pr år.	1 500	2 200	2 200
		Vedtatt døgn på Tal på døgn korttids/rehabiliteringsplassar korttidsplassa/rehabilitering pr år. Målet er å nytte heile korttidsavdelinga (totalt 6 plassar) fullt ut til ei kvar tid, dette målet er på 2200 døgn pr år.	1 500	2 200	2 200
3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester	Godt fagleg miljø	Nærnvær Sjukefråværsstatistikk skal syne nærværet på jobb. Målet er at det til ei kvar tid ligg mellom 5-7% samla for eininger. Indikatoren gjeld for institusjon.	8,0 %	7,0 %	6,0 %
		Nærnvær Indikatoren gjeld for Institusjon og butenester. Sjukefråværsstatistikk skal syne nærværet på jobb.	8,0 %	7,0 %	6,0 %

Økonomiplan for 2022-2025

VELFERD OG OMSORG

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
-------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Målet er at det til ei kvar tid ligg mellom 5-7% samla for eininga.				
Turnover Antal sluttet pr. år i pleie og omsorg i Aukra. (ikkje medrekna dei som går av med pensjon, eller blir ufør) Rapporterer samla med heimetenesten.	2	2	2	2
Turnover Indikatoren gjeld samla for Institusjon og butenester og Tenester for heimebuande. Antal sluttet pr. år i Pleie og omsorg i Aukra. (ikkje medrekna dei som går av med pensjon, eller blir ufør)	2	2	2	2

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjever for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Auke i talet på høgskuleutdanna institasjonstenester. personell	Indikatoren gjeld for høgskuleutdanna institasjonstenester. personell	26	27	28	30	
		Auke i talet på - høgskuleutdanna personell ved Institusjon og butenester		26	27	28	30	
	Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning	Tal på Opplæringsplassar, lærlingar/studentar/elever antal samla pr år. som er i eining Institusjon og butenester kvart år	Tal på Opplæringsplassar, lærlingar/studentar/elever ant samla pr år. som er i eininga kvart år	10	10	10	10	
	Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser	Tal på representasjon Deltaking på ulike arrangementer der rekruttering er tema, til dømes: Høgskulen i Molde rekrutteringsmesse. Aukra PLO som arrangør av Velferdsteknologidag for høgskulestudentar. Undervisning for HiMolde. Utlån av fagpersonar for undervisning i velferdsteknologi.	Deltaking på ulike arrangementer der rekruttering er tema, til dømes: Høgskulen i Molde rekrutteringsmesse.	4	4	4	4	
		Tal på representasjon Deltaking på ulike arrangementer der rekruttering er tema, til dømes: Høgskulen i Molde rekrutteringsmesse.		4	4	4	4	

Økonomiplan for 2022-2025

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator

Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

Aukra Pleie- og
omsorg som arrangør
av
Velferdsteknologidag
for
høgskulestudentar.
Undervisning for
HiMolde. Utlån av
fagpersonar for
undervisning i
velferdsteknologi.

Strategi for å nå delmål

1. Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet. Pleie og Omsorg legg til rette for samarbeid med frivillige ved å stille lokalar til disposisjon. Det er også lagt til rette for samarbeidsmøter for å få til felles aktivitetar der både pleie og omsorg og frivillige deltek. Aktivitetar og tilbod er eit spleislag mellom pleie og omsorg og frivillige organisasjonar.
2. Ivareta og leggje til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet. Pleie og omsorg legg til rette for opplæring av aktivitetsvenar og lagar samlingar for frivillige matombringarar.
3. Gradvis innføring av ny teknologi i institusjon og hjå heimebuande. Samarbeid med organisasjonar og eldreråd sentralt for å informere innbyggjarar om kva moglegheiter som fins. Aukra kommune har vald å satse stort på nytting av velferdsteknologi som en del av tenesta, og pleie og omsorg har innført ulike teknologiar. Velferdsteknologi skal vurderes som eit alternativ til helsepersonell der dette er mogleg og forsvarleg.
4. Tur- og aktivitetstilbod på dagtid organisert av kommune og dei frivillige. Institusjonstenester driftar dagsenter for tiltak funksjonshemma. Dei driv med vedproduksjon, tilrettelagt skulearbeid, sosialt samvær i form av felles lunsj. Det er og lagt til rette for individuelt tilrettelagde aktivitetar til kvar einskild brukar i tenesta for tiltak funksjonshemma.
5. Legge til rette for og stå fram som attraktiv lærepllass for unge under utdanning. Pleie og omsorg har fast avtale med vidaregåande -og høgskule. Dette er og ein del av rekrutteringsstrategien til pleie og omsorg, det er til ei kvar tid både lærlingar, elevar og studentar i dei ulike avdelingar.
6. Godt fagleg miljø. Pleie og omsorg legg til rette for internundervisning, kurs og opplæring. Det er fokus på å rekruttere helsepersonell i 100% stillingar og ha alternative arbeidstidsordningar som ein del av tiltaka for å tiltrekke seg gode fagfolk.
7. Konkurransedyktig løn. Ein har framforhandla eit flexitillegg for dei sjukepleiarar som går på tvers av alle einingar i kommunen. Ein kan sjå på løysingar der dette organisere i fast turnus.
8. Utarbeiding av langsiktige kompetanseplanar for å møte stadig sterkare krav til spesialisering. Kompetanseplan er ei aktiv plan som må evaluerast og reviderast kvart år for å følgje utviklinga i samfunnet.
9. Alternative butilbod. Pleie og omsorg har lagt inn beskriving av høvet for bufellesskap med bemanning for brukarar med kognitiv svikt som ynskjer å bu heime lengre.
10. Avlastning og dagtilbod. Pleie og omsorg har tilbod om avlastning for barn og unge med ulike utfordringar. Det er og eit tilbod om avlastning for pårørande til heimebuande med omfattande omsorgsoppgåver, dette i form av dagsentertilbod og rullerande avlastning på sjukeheim.
11. Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokale. Pleie og omsorg har felles administrasjon, felles opplæring for helsepersonell, alle lokalar/lager er felles.
12. Kulturendring i pleie og omsorg: endre fra pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette. Pleie og omsorg arbeider aktivt med fallførebygging gjennom trening og aktivitet. Kvardsagsrehabilitering er eit etablert tilbod. Ein ser høve for å nytte korttids og rehabiliteringsplassar betre. Konkret må ein innvilge korttidsopphald med spesifikke opprenningsforløp, og med tydelege medisinske bestillingar.

Driftsbudsjett med endringar


Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	59 295	59 295	59 295	59 295
Sum Vedtak forrige periode	-1 013	-2 013	-2 013	-2 013
Sum Budsjettendring i år	1 128	1 128	1 128	1 128

Økonomiplan for 2022-2025

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Konsekvensjusteringer	115	-885	-885	-885
Konsekvensjustert ramme	59 410	58 410	58 410	58 410
Nye tiltak				
Implementering Helseplattformen	164	588	0	0
Licens Helseplattformen - auke i kostnadar	0	58	88	88
Andre tiltak	1 261	1 261	1 261	1 261
Sum Nye tiltak	1 425	1 907	1 349	1 349
Nye tiltak og realendringer	1 425	1 907	1 349	1 349
Ramme 2022-2025	60 835	60 317	59 759	59 759

Institusjon og butenester - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Tenester til heimebuande

Omtale av tenesteområdet

Tenesteområdet inneholder ulike funksjonar og yt tenester til heimebuande i kommunen. Eininga disponerer 20 heildøgns omsorgsbustadar i Aukra Omsorgssenter i tillegg til andre omsorgsbustadar. Omsorgsbustadar vert tildelt etter søknad, funksjonsvurdering og enkeltvedtak.

Eininga yt naudsynt helsehjelp og heimesjukepleie til heimebuande med lettare og komplekse sjukdommar. Eininga legg til rette for at innbyggjarane skal kunne bu heime lengst mogeleg uavhengig sjukdom. I dei seinare åra har ein sett at fleire ønskjer å ha den siste tida i eigen heim og avslutte der. Heimesjukepleia legg til rette for det så langt det er fagleg forsvarleg. Eininga har teke i bruk ulik velferdsteknologi, som vert brukt som eit supplement eller i staden for tilsyn. Teknologien frigjer tid til helsehjelp og bidreg òg til at tenestemottakar kan oppleve større fridom og meistring i kvardagen.

Praktisk bistand (heimehjelp) vert tildelt etter søknad, behovskartlegging og enkeltvedtak. Praktisk bistand kan vere golvvask, støvtørking, vaske og henge opp klede og innkjøp. Teneste varierer med kva tenestemottakar sjølv greier å utføre.

Dagsenter for eldre har lokalar i Aukra Omsorgssenter. Dagsenteret har som mål å aktivisere dei eldre sosialt samstundes som det skal vere ei avlastning for pårørande til sjuke og personar med demens. Då vi har fått midlar frå Statsforvaltaren har ein tilsett ved dagsenteret òg fått i oppgåve å koordinere aktivitetar for eldre heimebuande

Dagsenter for yngre personar med utfordringar innan psykisk helse og rus er lokalisert i Aukra Omsorgssenter. Dei har tilgang til treningsrom og hage. Gruppa er variert med ulike behov, og lokala kan opplevast som mindre eigna på grunn av størrelse. Inneverande år har ein opna gjenbruksbutikk som eit aktiviseringstiltak ved Riks fjord skole. Dagsenteret har òg ulike tilbod som inneber fysisk aktivitet. I år er det tilsett ein miljøterapeut som skal ha fokus på miljøarbeid og aktivitet for målgruppa.

Avdeling psykisk helse og rus yt individretta og grupperetta teneste i form av støttesamtalar, gruppeterapi, rettleiing og opplæring.

Støttekontakt for eldre vert tildelt for å førebygge einsemd og legge til rette for aktivisering. Eininga tildeler omsorgsløn til personar med omfattande omsorgsoppgåver.

Eining heimetenester er driftsansvarleg for hjelpemiddel og velferdsteknologi, demenskoordinator, og CosDoc-ansvarleg i tillegg til halvparten av merkantile ressursar og økonomiansvarleg med personaloppfølging. Eininga har ein einingsleiar og ein avdelingsleiar. I år er det tilsett ein koordinator for personar med alvorleg sjukdom, som skal bistå alvorleg sjuke innbyggjarar i kommunen og deira pårørande.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Då ein forventar ei auke i behov både for unge og eldre dei neste 10-15 åra, samstundes som det vert færre i arbeidsfør alder til å yte teneste, vert det viktig å styrke tenesta for å kunne gje naudsynt helsehjelp. Samhandlingsreforma med auka behandling i kommunane og færre sjukeheimspllassar gjer at heimesjukepleia må styrkast som teneste med kompetente tilsette og meir bruk av velferdsteknologi. Det vert og viktig å tenke folkehelse, førebygging og tilrettelegging i mykje større grad enn tidlegare. Omsorgstrappa må nyttast meir funksjonelt i den grad det er mogeleg og fagleg forsvarleg. Det vert

viklig å samarbeide med lag, organisasjonar, frivillege og pårørande til å bistå med oppgåver og sosiale aktivitetar som ein ikkje treng helsepersonell for å utføre. Ein bør òg tenke å nytte andre profesjonelle til oppgåver som ikkje er omsorgsoppgåver. Heildøgns omsorgsbustader er eit steg i omsorgstrappa. Ei utfordring ein ser hos heimebuande eldre er når dei utviklar demenssjukdom og framleis er fysisk spreke. Eining for heimebuande ser behovet for å etablere eit bufellesskap for eldre utanfor Aukra Omsorgssenter. Desse bebruarane vil ha teneste på enkeltvedtak frå heimesjukepleie. I tillegg vil det vere eit behov for assistent til å hjelpe med måltid og praktiske gjeremål på ulike tidspunkt gjennom dagen. Eining for heimebuande planlegg å etablere helsestasjon for eldre ein gong pr. veke som eit førebyggande tiltak og ein arena for innføring av velferdsteknologi.

På områda psykisk helse og rus er det eit aukande behov for tenester både i gruppa unge og eldre.

Det vert viktig å rekruttere og behalde helsepersonell i konkurransen med andre kommunar og sjukehuset, slik at vi skal greie å møte kravet til auka og meir komplisert tenesteyting hos heimebuande. Eining for heimebuande er og vil vere ein sentral samarbeidspart i drifta av legevaktsatellitt saman med Eining Institusjon.

Utfordringar og tiltak for 2022

Eining for heimebuande har som mål å bytte ut alle tryggleiksalarmar med digitale tryggleikspakkar, og i år vert målet nådd. Det vert sett ut omlag 75 tryggleikspakkar i 2022.

Eininga har teke i bruk velferdsteknologi på alle trinn i omsorgstrappa der det er funksjonelt opp mot individuelle behov. Døme på det er elektroniske medisindipensarar, GPS, digitale tilsyn og tryggleikspakkar. Eininga vil fortsette å styrke kompetansen i eininga og samhandle på tvers, slik at ein kan yte kvalitative gode tenester på kort og lang sikt til alle grupper med behov. For å sikre at ein har rett kompetanse på tvers av einingar har ein teke i bruk ei fleksibilitetstillegg som inneber at tilsette mot eit tillegg stiller seg til disposisjon og vert flytta på tvers av avdelingar og einingar til å utføre sjukepleieoppgåver på kort og lang sikt.

Eininga ønskjer å vidareføre tilbodet med utvida opningstid på dagsenter eldre på kveld og laurdagar. Det er eit behov for aktivisering av eldre samstundes som pårørande treng avlastning. Tenesta psykisk helse og rus vil i aukande grad gjennomføre gruppertilbod og "Rask psykisk helsehjelp" til dei med lettare psykiske lidningar. Det vert i aukande grad satsa på aktivisering og aktivitet. Det er tilsett miljøterapeut som skal utføre målretta miljøarbeid i heimen til brukarane og legge til rette for aktivitet. Ein ser eit aukande behov for bustadar, og ein har eit mål om å få bygd hardbruksbustadane i 2022.

KLIMA OG MILJØ

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport	Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel	El-bil flåte	Når bilparken skal fornyast skal det kjøpast inn el-bilar i staden for bensin/diesel bilar, så lenge desse er funksjonell. Tenester for heimebuande har 12 elbilar i 2022		5	6	7	8

VELFERD OG OMSORG

Hovedmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
3.1 Kvalitativt gode tenester	Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa	Antall Gjeld velferdsteknologi	velferdsteknologi i bruk hos heimebuande. Signalvarslinga i heildøgns omsorgsbustader ved Aukra Omsorgssenter er ikke inkludert. Tryggleksalarmer som hub vert heller ikke telt før tilleggsfunksjonar vert teke i bruk.		20	30	40	50
	Alternative butilbod	Antall alternative butilbod	Gjeld midlertidige bustader og bufellesskap for personar med demens		2	6	6	6
	Avlastning og dagtilbod	Antall brukarar	Dagsenter for eldre som har plass bidreg til å førebygge ved dagsenter for einsemd og fungerar eldre som aktivitet for brukarar og avlastning for pårørande.		36	42	48	50
	Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler	Flexitillegg	Tal på vakter der fleksitilbodet er nytta (heimeteneste og institusjon). Tal på vakter den tilsette vert flytta frå i eigen grunnturnus (til anna avdeling/eining).		40	60	80	100
		Tal på tilsette i -	Tenester for		5	7	9	11

Økonomiplan for 2022-2025

VELFERD OG OMSORG

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

		heimebuande med flexiavtale				
	Kulturendring i pleie og omsorg: endre fra pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette	Fatta vedtak om Godtgjering/løn til omsorgsløn pr. år pårørande med omfattende omsorgsoppgåver Gradert utbetaling i samsvar med kor omfattende oppgåvene er	15	22	30	35
		Fatta vedtak på Middagsombringning matombringning (evt andre måltid) pr. år frakta ut til heimebuande av frivillege	60	68	80	85
		Fatta vedtak på Dagsenter for eldre plass ved har auke dagsenter for opningstidene til å eldre gjelde ettermiddag/kveld 2 dagar i veka og kvar laurdag i 2021	36	42	48	50
		Fatta vedtak på Med flere praktisk bistand heimebuande eldre pr. år og fleire som kjem direkte frå sjukehus får vi fleire som har behov for praktisk bistand heime	74	80	85	90
		Fatta vedtak på Dette gjeld personar støttekontakt pr. over 70 år år	24	28	34	40
3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester	Godt fagleg miljø	Nærvar på Gjeld tenester for arbeidsplassen heimebuande. Sjukeråværsstatistikk	8,0 %	6,0 %	5,0 %	5,0 %
		Turnover Indikatoren gjeld samla for Institusjon	2	2	2	2

Økonomiplan for 2022-2025

VELFERD OG OMSORG

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

Delmål (Slik gjer vi det)

Indikator

Indikatorbeskriving

Siste
måling
2020

Mål
2022

Mål
2023

Mål
2024

Mål
2025

og butenester og
Tenester for
heimebuande. Antal
sluttet pr. år i Pleie og
omsorg i Aukra.
(ikkje medrekna dei
som går av med
pensjon, eller blir
ufør)

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Indikatorbeskriving	Siste måling 2020	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjever for godt kvalifiserte søkerar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Auke i talet på - tilsette med høgskoleutdanning ved Tenester for heimebuande		23	25	26	27	
	Legge til rette for og stå fram som attraktiv lære plass for unge under utdanning	Talet på elevar, -lærlingar og studentar i praksis ved Tenester for heimebuande pr. år		10	10	10	10	
	Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser	Tal på representasjon	Deltaking på ulike arrangementer der rekruttering er tema, til dømes: Høgskulen i Molde rekrutteringsmesse. Aukra Pleie- og omsorg som arrangør av Velferdsteknologidag for høgskulestudentar. Undervisning for HiMolde. Utlån av fagpersonar for undervisning i velferdsteknologi.	4	4	4	4	

Strategi for å nå delmål


1. Ha gode rammevilkår for det frivillede arbeidet. Pleie- og omsorg legg til rette for samarbeid med frivillede ved å stille lokalar til disposisjon. Det er også lagt til rette for samarbeidsmøte for å få til felles aktivitetar der både pleie- og omsorg og frivillede deltek. Aktivitetar og tilbod er eit spleislag mellom pleie- og omsorg og frivillede organisasjonar.
2. Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillede arbeidet. Pleie- og omsorg legg til rette for opplæring av aktivitetsvennar og lagar samlingar for frivillede matombringarar.
3. Innføring av ny teknologi i institusjon og hos heimebuande etter kvart som ny teknologi kjem på marknaden. Samarbeid med organisasjonar og eldreråd for å informere innbyggjarar om kva moglegheiter som finst. Aukra kommune har valt å satse stort på bruk av velferdtekhnologi, som en del av tenesta, og pleie- og omsorg har innført ulike teknologiar. Eining for Heimebuande ønskjer å gje tilbod om helsestasjon for eldre ein gong pr veke som eit førebyggingstiltak og ein arena til å gje informasjon om velferdsteknologi.
4. Tur- og aktivitetstilbod på dagtid organisert av kommunen. Det finst gruppetilbod i psykisk helse, og turtilbod i alle dagsentra.
5. Utvida tilbod på dagsenter for eldre. Dagsenter for eldre har starta utvida tilbod to ettermiddagar og kvar laurdag frå 2020.
6. Legge til rette for og stå fram som attraktiv lære plass for unge under utdanning. Pleie og omsorg har fast avtale med vidaregåande -og høgskule om praksisplassar. Dette er også ein del av rekrutteringsstrategien til pleie- og omsorg, og det er til ei kvar tid både lærlingar, elevar og studentar i dei ulike avdelingane.
7. Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval.
8. Godt fagleg miljø. Pleie- og omsorg har pr i dag mykje internundervisning, kurs og opplæring.
9. Konkurransedyktig løn.
10. Rekruttering, omstilling og utviklingsfond.
11. Utarbeidning av langsiktige kompetanseplanar for å møte stadig sterkare krav til spesialisering. Kompetanseplana er utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde.
12. Vurdere aktiv bruk av velferdsteknologi i alle tenester i omsorgstrappa.
13. Alternative butilbod. Pleie og omsorg ønskjer å sjå moglegheiter for bufellesskap for eldre med delvis bemanning til dømes bustadassistent. Hardbruksbustad/overgangsbustad må byggast i 2022, då ein ser at behovet er aukande.
14. Avlastning og dagsenter. Pleie- og omsorg har tilbod om avlastning for barn og unge med ulike utfordringar. Det er også eit tilbod om avlastning for pårørande til heimebuande eldre i form dagsentertilbod og rullerande avlastning på sjukeheim.
15. Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokale. Pleie- og omsorg har felles administrasjon, felles opplæring for helsepersonell. Alle lokalar/lager er felles.
16. Kulturendring i pleie- og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette. Pleie og omsorg arbeider aktivt med fallførebygging gjennom trening og aktivitet. Kvardagsrehabilitering er eit etablert tilbod.
17. Helse- og omsorgsplan 2021-2030 bygd på kvalitetsreforma "Leve hele livet", og den vart vedteke i juni 2021.
18. Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel. Ved utskifting av bilar vert det bytta til el-bilar. Ein vil prøve ut el-sykkel i nærområdet kring omsorgssenteret.
19. Alle tilsette har tilbod om å nytte treningsrommet på Aukra Omsorgssenter gratis.

Økonomiplan for 2022-2025

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett	33 076	33 076	33 076	33 076
Sum Vedtak forrige periode	-395	-395	-395	-395
Sum Budsjettendring i år	1 174	1 174	1 174	1 174
Konsekvensjusteringer	779	779	779	779
Konsekvensjustert ramme	33 855	33 855	33 855	33 855
Nye tiltak				
Implementeringskostnad Helseplattformen	82	294	0	0
Lisens Helseplattformen - auke i kostnadar	0	58	89	89
Ny stillingar sjukepleiar	1 598	1 598	1 598	1 598
Nyopprette stilling som miljøterapeut innen Psykisk helse og rus.	20	130	250	580
Sum Nye tiltak	1 700	2 080	1 937	2 267
Nye tiltak og realendringer	1 700	2 080	1 937	2 267
Ramme 2022-2025	35 555	35 935	35 792	36 122

Tenester til heimebuande - Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Helse

Omtale av tenesteområdet

